




Årsmelding
Noregs Mållag
2024–2026





Årsmelding for Noregs Mållag 2024–2026

Innhald

4	Leiar
6	Føreord
8	Opplæring
24	Kultur- og mediefeltet
34	Samfunnsliv
40	Det offentlege Noreg
46	Organisasjonen
72	Økonomi
82	Tillitsvalde, tilsette og oppnemnde
84	Norsk Målungdom
86	Nærskylde
98	Vedlegg

Leiar

Eit godt Aar er stutt; eit vondt er alltid for langt, sa Ivar Aasen. Vi har bak oss to stutte år i Noregs Mållag.

Vi avsluttar perioden med eit rekordhøgt medlemstal. Med 16426 betalande medlemmer fekk vi i 2025 det høgste medlemstalet på 40 år. Det er takk vere systematisk og godt vervearbeid frå både sentrallekken og alle aktivistar, lokal- og fylkeslag. Det er veldig motiverande og inspirerande at medlemsauken held fram. Det viser at målsaka er viktig for folk. No har Mållaget over 2000 fleire medlemmer enn for fem år sidan, 4000 fleire enn for ti år sidan, og 6000 fleire enn for tju år sidan.

Eg trur dette kjem av at folk ser at arbeidet vårt fungerer. Vi står bak viktige gjennomslag for nynorsken, både lokalt, regionalt og nasjonalt. Fleire medlemmer er med på å gjere alt dette mogleg. Sjølv om vi dei siste åra har fått eit skred av nye medlemmer i samband med FUCK NYNORSK-kampanjen til Framstegspartiet sin ungdomsorganisasjon og Jon Fosse sin nobelpris, så har ikkje medlemsauken vår skjedd over natta. Dei fleste medlemene våre er med i årevis. Det lovar godt for vidare vekst og for nynorsken i framtida.

Nynorsk er kanskje eit mindre språk enn bokmål, men det er eit stort språk i verda. Det har lovfesta rettar, ordbøker og mange menneske som brukar det kvar dag, og som vil forsvare det. Nynorsken i 2026 står støtt.



Det har aldri blitt skrive meir nynorsk enn no. Det har aldri vore lettare å vere nynorskbrukar enn no.

Den politiske og kulturelle aksepten er større enn nokon gong, også i urbane strok. Dei siste åra har det blåse ein nynorskvenleg vind i bokmålsdominerte byar. Den allmenne haldninga til nynorsk er mykje betre enn for femti år sidan, ja, betre enn for berre ti-femten år sidan. Til dømes kan kafear, butikkar og hotell i sentrum i dei største byane våre bruke nynorsk forretningspråk utan at det går ut over innteninga eller skaper så mykje støy for personalet at dei ikkje ønskjer å halde fram. Det var lite sannsynleg før årtusenskiftet.

Nynorsken slepp til i stort omfang på område der bokmål dominerer. Sjå berre til Ruter-appen og Vipps som no er på nynorsk, og som gjer det enklare å sjå og møte nynorsk i det digitale. Millionar av brukarar kan få møte meir nynorsk på eit område som i dag er dominert av engelsk og bokmål. Riksavisene slepp i stadig større grad til nynorsken, og viser det sjølvsagde: Nynorsk er eit minst like

godt pressespråk som det alminnelege bokmålet. Eg vil trekkje fram nokre viktige ting som skjedde i året vi har bak oss. Vi skipa Nynorskveka for første gong, og bygde såleis ut og vidare på suksessen med Nynorskdagen 12. mai. Ruterappen kom på nynorsk, og gav over 900 000 nordmenn nynorsk som språkval. Språklova vart styrkt på Stortinget. Vi sette sidemål på dagsorden i valkampen med Nynorsk i skulen – for alle-kampanjen, og vi fekk 1,4 millionar kroner i auka støtte på statsbudsjettet for 2026.

Vi har naturleg nok jobba mykje med opplæringspolitiske spørsmål, og det er framleis noko av det aller viktigaste vi gjer: Å sikre at nynorskelevane får ein like god språkleg skulekvardag som bokmåselevane. Ei god og engasjerande lese- og skriveopplæring som gjer dei til trygge nynorskbrukarar – resten av livet.

Eit døme på noko vi har arbeidd mykje med i perioden, som ikkje var dekt i arbeidsprogrammet, er kunstig intelligens. Først etter at arbeidsprogrammet var vedteke, vart KI allemannseige, men vi har likevel sett oss nøydde til å jobbe mykje med korleis dette påverkar språket vårt generelt og nynorsken spesielt. Til dømes har stavekontrollane i skriveprogramma vorte meir upålitelege enn før. Det er ei konkret og svært viktig, uheldig side ved at KI no også pregar skulen. Særleg rammar det nynorskelevane hardt.

Eg håpar du som les denne innleiinga, verkeleg tek deg tid til å lese årsmeldinga. Eg er stolt over arbeidet vi har lagt ned saman i dei to åra vi har bak oss. Årsmeldingsteksten er lærerik og informativ og fungerer både som politisk rekneskap for arbeidet vårt, og som ein viktig del av mållagssoga. Dette er styret si tilbakemelding på kva vi har fått til frå sist landsmøte.



Peder Lofnes Hauge
leiar i Noregs Mållag



Styret 2024–2026: (f.v.) Monika Haanes Waagan, Espen Tørset, Gunnhild Skjold, Peder Lofnes Hauge, Live Hævro Bjørnstad, Sebastian Vinsent Natvik, Synnøve Marie Sætre, Kjetil Aasen og Gro Morken Endresen. Foto: Kristianne Marøy.

Føreord

Styret legg med dette fram årsmelding for perioden 2024–2026 slik § 5.1 i lov for Noregs Mållag seier.

Årsmeldinga dekkjer perioden 7. mars 2024 til 10. mars 2026. Dei siste vekene fram til landsmøtet vil bli oppsummerte i årsmeldinga for neste arbeidsbolc.

Noregs Mållag er ein landsfemnande, friviljug medlemsorganisasjon med skrivarstove i Oslo. Det har ikkje vore fysiske ulukker eller skadetilfelle i perioden. Sjukefråværet har vore 35 dagar i 2024 og 42 dagar i 2025, noko som utgjer 2,17 og 2,52 prosent.

Arbeidsmiljøet blir rekna som godt, og Noregs Mållag fylgjer prinsippa for likestilling i arbeidslivet både når det gjeld lønspolitikk og tilsetjingar. Verksemda til Noregs Mållag ureinar ikkje det ytre miljøet. Årsrekneskapen for 2024 gjekk 1 216 000 kroner i underskot og i 2025 vart det 1 363 000 kroner i overskot. Det store underskotet i 2024 kjem i stor grad av at me valde å digitalisera nærare 500 000 sider med papir som me tidlegare hadde liggjande på lager/arkiv i Oslo. Landsmøta har også vorte vesentleg dyrare å skipa til dei siste åra, og det fyrst oppsette budsjettet strekte ikkje til for å få det møtet i hamn. I 2025 fekk me ein arv på knapt 1,2 millionar kroner. Storparten av pengane er brukte til å betala

ned på lånet på kontorlokalet me kjøpte i 2023. Den samla eigenkapitalen er eit godt grunnlag for drift dei komande åra.

Årsmeldinga er ein rapport for dei siste to åra av den fireårige arbeidsprogramperioden 2022–2026. For ei fullstendig oversikt over korleis dei ulike oppgåvene er løyste i handling, må ein sjå begge årsmeldingane i samanheng. Teksten fylgjer strukturen i arbeidsprogrammet så godt det lèt seg gjera. Årsmeldinga omtalar i hovudsak arbeid som er gjort eller som det er teke initiativ til frå styret og skrivarstova i Noregs Mållag. Ho omtalar dessutan noko av det arbeidet lokal- eller fylkeslag gjer og også tilskipingar og særskilde hendingar som nærskylde organisasjonar har stått for. Årsmeldinga tek likevel ikkje mål av seg til å yta rettferd til det store arbeidet som blir lagt ned av lokal- og fylkeslaga i organisasjonen. Årsmeldinga skal danna grunnlaget for landsmøtet si vurdering av arbeidet til styret og stoda for målreisinga og heile samskipnaden. I tillegg har årsmeldinga ein viktig funksjon som ein rapport frå Noregs Mållag til offentlege og private tilskotsytarar og samarbeidspartnarar. Språkrådet gjev år om anna ut rapporten Språkstatus, sist gong 2025. Det finst også frå tidlegare rapportar m.a. frå Nynorsk kultursentrum, og årsmeldinga vår og desse ulike rapportane gjev til saman eit nokolunde godt overblikk over stoda for nynorsk i dag.

Årsmelding for Noregs Mållag 2024–2026

All tekst med grønn bakgrunn er det vedtekne arbeidsprogrammet for landsmøtet i 2022

Innleiing

Stoda for nynorsk i dag er delt. I dei sterkaste områda, dei såkalla kjerneområda, aukar bruken av og statusen til nynorsken. Samstundes aukar presset i utkanten av kjerneområda, dei såkalla randsonene. Her er språkskiftet stort, og nynorsk er mindre synleg i ålmenta.

Nynorsk er eit språk for heile Noreg, med eit ankerfeste i kjerneområda. Sterke kjerneområde styrkjer nynorsken som nasjonalspråk. Kjerneområda og nynorskbrukarane utanfor kjerneområda er gjensidig avhengige av kvarandre. Det finst nynorskbrukarar over heile Noreg, og utan dei som brukar og arbeider for meir nynorsk, er offisielle språkrettar og statusen til nynorsk som offisielt språk utsette.

Nedgangen i talet på nynorskelevar er i stort mon eit resultat av demografiske endringar. Det er viktig å sikre befolkningsgrunnlaget i nynorskområda, og Noregs Mållag må derfor stø ein politikk som sikrar at det bur folk i nynorskområda, samstundes som nynorsken vert sikra i byane.

Nynorsk er ein livskraftig skriftkultur med stor tekstproduksjon, og stadig nye forfattarar skriv nynorsk. Det vert skriva meir nynorsk enn nokon gong, og motstanden mot nynorsk er mindre enn han var. Nynorsken er meir enn eit skriftspråk, han er òg ein kultur og ein identitet. Noreg er eit fleispråkleg land, og nynorsk er ein sentral del av språkmangfaldet i Noreg.

Den 1.1.2022 tredde den nye språklova i kraft. Med det har Noreg fått ei lov som seier klårt frå om at det offentlege skal ta eit særleg ansvar for å fremje nynorsk som det mindre brukte norske språket. Dette er viktig for å kunne få på plass dei politiske tiltaka som må til for å sikre reell jamstilling mellom bokmål og nynorsk, og sikre nynorsk som ein livskraftig skriftkultur med trygge brukarar.

Fem prioriterte saker

Gjennomføring av språklova

Den nye språklova er svært viktig å følgje opp framover. Føremålsparagrafen i lova slår fast det offentlege sitt særlege ansvar for å fremje nynorsk, som det minst brukte norske skriftspråket. Dette må føre til ein lang t meir offensiv språkpolitikk.

Ny opplæringslov

Noregs Mållag fekk viktige gjennomslag i framlegget til ny opplæringslov. Særleg er språkdelt ungdomskule ein viktig siger. Fram til den nye opplæringslova er vedteken og sett i kraft, må arbeidet for å få gjennomslag for fleire av krava våre, særleg krava til digitale læremiddel, digitale læringsplattformer og kontorstøtteprogram, vere høgt prioritert.

Digitalisering og språkteknologi

Utviklinga av språkteknologisk programvare, læringsverktøy, læremiddel og anna programvare har i aukande grad innverknad på språktilhøva i Noreg. Om staten ikkje grip inn, vil denne utviklinga i stor grad vere styrt av internasjonale selskap utan ansvar for den norske språksituasjonen. Det er viktig å leggje politisk press på dei store selskapa og på dei store prosjekta som skal arbeide med språkteknologi i Noreg.

Lærer- og barnehagelærarutdanningane

I dag er det ulik praksis for å gi nynorskopplæring i lærarutdanningane på dei ulike utdanningsinstitusjonane. Lærarutdanninga må gjere framtidige lærarar kompetente til å undervise på og i nynorsk, og barnehagelærarutdanninga må gjere barnehagelærarane i stand til å førebu borna på å verte nynorskelevar. Staten og utdanningsinstitusjonane må ta større ansvar for å oppnå dette.

Organisasjon

Noregs Mållag har auka medlemstalet frå 10.433 medlemmer i 2011 til 15.483 i 2021. Me må vere i stand til å auke medlemstalet vidare og få fleire aktive medlemmer og lag. Det må vere ei særleg oppgåve for Noregs Mållag å rekruttere fleire medlemmer mellom personar med minoritetsbakgrunn. Ein større og sterkare organisasjon gjer det mogeleg å sikte høgare og nå meir ambisiøse mål. Det er eit sjølvstendig mål å ha ein så sterk organisasjon som mogeleg. Det er òg viktig for å få større politisk gjennomslag.

Opplæring

Det er i skulen nye nynorskbrukarar kjem til og fell frå. Korleis born vert møtte som nynorskelevar, er avgjerande for om ein klarer å halde på desse borna som nynorskbrukarar livet ut. Korleis born møter nynorsk som sidemål, er avgjerande for om dei vel å byte hovudmål til nynorsk seinare. Difor er opplæringslova ei vel så viktig språklov som språklova. Den nye opplæringslova kjem mest truleg til å verte vedteken i denne fireårsperioden, og arbeidet med lova vert viktig å prioritere for Noregs Mållag.

- Mållaget sentralt skal arbeide saman med lokale mållag for lokale rammeplanar som seier noko om korleis borna skal møte nynorsk.

Arbeidet til Noregs Mållag med språkpolitikk i barnehagen er for det meste synleg gjennom dialog med aktørane i sektoren. Rammeplanane for barnehagane og barnehagelærerutdanninga har i dag fleire punkt som kan gje gode forhold for nynorsk språk, men lite medvit rundt nynorsk pregar arbeidet. Difor er oppgåva med å gje informasjon, løysingar og dialog særleg viktig her.

Barnehage

I dag er det ikkje fastsett noko opplæringspråk for barnehagane. Det tyder at born som skal ta til med nynorsk på skulen, i praksis kan gå gjennom barnehagen utan å møte nynorsk i det heile. Noregs Mållag meiner at barnehagen må førebu borna i nynorskområda til å verte nynorskelevar, og at alle born skal møte nynorsk og den lokale dialekten uansett kvar i Noreg dei bur.

Noregs Mållag meiner:

- Barnehageborn må få språklege rettar slik skuleelevar har.
- Rammeplanen for barnehagelærerutdanninga må krevje at barnehagelærarane skal kunne førebu borna på å verte nynorskelevar, og at alle skal møte nynorsk og den lokale dialekten, uansett kvar dei bur i Noreg.
- Barnehageborn skal møte nynorsk gjennom språkstimuleringsmateriell, litteratur, leik og song.
- Alle barnehageeigarar, både offentlege og private, må ta ansvar for nynorsk.

Alle born skal få god språkstimulering gjennom barnehagekvardagen, og alle born skal få delta i aktivitetar som fremjar kommunikasjon og ei heilskapeleg språkutvikling, står det i rammeplan for barnehagen. Vidare seier rammeplanen at gjennom arbeid med kommunikasjon, språk og tekst skal barnehagen bidra til at borna utforskar og gjer seg erfaringar med ulike skriftspråkuttrykk, som leikeskrift, teikning og bokstavar, gjennom lese- og skriveaktivitetar.

Kvar kommune lagar gjerne sine egne rammeplanar basert på dei overordna frå staten. Det er særleg i dette arbeidet barnehagar i nynorsk-område må vera spesielt medvitne om at språkstimulering og heilskapeleg språkutvikling for borna er å bli godt kjend med nynorsk skriftspråk. Dette er ei oppgåve fleire lokallag i Noregs Mållag jobbar veldig godt med, både gjennom dialog og ved å vera på besøk i barnehagane og sjølv bidra til språkstimuleringa. Noregs Mållag besøker fleire barnehagar kvart år under nynorskstafetten der dette er hovudtema. Me har i perioden også arrangert eit seminar for kommunestyrerepresentantar der språk i barnehagen var blant temaa.



Nynorskstafetten på besøk i Fjotland barnehage i 2024. På bildet (f.v.): Siv Irene Norås (dåverande styrar i Fjotland barnehage), Sebastian Natvik (Norsk Målungdom), Hege Lothe (Noregs Mållag) og Nora Tangen Aarskog (Mållaga på Agder).

Dei siste åra har me utvikla Nynorskdagen 12. mai til ei større hending, og i 2025 arrangerte me for fyrste gong Nynorskveka. Desse tiltaka har vorte viktige knaggar for å tematisera nynorsk og norsk språkpolitikk i barnehagane. Særleg gjev dette ein fin inngang til temaet for barnehagar som ikkje ligg i nynorskområde. Noregs Mållag har sendt ut informasjon og delt råd om korleis barnehagane kan markera dagen og veka. Barnehagar over heile landet har laga opplegg i samband med Nynorskdagen.

I rammeplanen for barnehagelærerutdanninga står det i dag at kandidaten skal meistra norsk språk, både bokmål og nynorsk, på ein kvalifisert måte i profesjonssamanheng. Denne formuleringa er veldig uklår, men står som ei tydeleggjering av at norsk er både nynorsk og bokmål og at barnehagelæraren pliktar å meistra begge. Kunnskapsdepartementet har sett i gang arbeidet med å samla alle rammeplanane for lærarutdanningar til to rammeplanar. Éin for norsk lærarutdanning og éin for samisk lærarutdanning.

Hausten 2025 sette arbeidsgruppene i gang arbeidet med å skriva framlegg til innhald i dei ulike delane av lærarutdanninga. Eit av desse underkapitla vil vera om barnehagelærerutdanninga.

Målet til regjeringa er at ein felles rammeplan skal gje større fridom og mangfald i lærarutdanningane. Noregs Mållag må fylgja opp dette arbeidet i tida som kjem.

Skule

- Sidemålsundervisinga må byrje tidlegare, i tråd med læreplanen, og verte betre.
- Det skal vere eigen karakter i sidemål gjennom heile ungdomsskulen og vidaregåande skule. Eksamen i sidemål i vidaregåande skule skal vere obligatorisk.

Nynorsk i skulen for alle

Hausten 2024 vart det tydeleg at Noregs Mållag måtte prioritera arbeidet for sidemålsordninga. Då hadde Sylvi Listhaug nemnt sidemålet som éi av tre hovudsaker for FrP under partileiardebatten på Arendalsveka 2024. Meiningsmålingane tidleg i 2025 viste fleirtal til Høgre og FrP åleine. Framtidsutsiktene for sidemålsordninga var veldig usikre. Styret og skivarstova vurderte det til at me måtte setja alt inn på å framsnakka

sidemålsordninga. Kampanjen «Nynorsk i skulen for alle» såg dagens lys.

Det er vanskeleg å seia kor mykje kampanjen vår har påverka valresultatet, men han har utan tvil vore ein stor suksess for organisasjonen.

Gjennom kampanjen har organisasjonen blitt skulert i sidemålspolitikk, og me har gjort oss og politikken vår veldig synlege.

Kampanjen starta så smått under partia sine landsmøte våren 2025. Hjø SV fanst det ein dissens om karakteren i sidemål. Me aksjonerte utanfor landsmøtet, og me vann med klår margin i landsmøtesalen. Det same gjorde me utanfor Ap-landsmøtet, LO-kongressen og KrF sitt landsmøte på Flesland – som kunne vorte veldig viktig. Dei vedtok å halda på karakteren med fire røyster overvekt. Me passa òg på sidemålsvedtaket under landsmøtet til Venstre.

Det var viktig at heile organisasjonen vart skulert i argumentasjonen. Styret kalla inn alle med tillitsverv til sidemålsmøte, for å friska opp kvifor sidemålsordninga er så viktig å kjempa for, og korleis me skulle gjera det. Digitalt møte «Sidemål: kva gjer vi?» vart gjennomført 2. april, med 100 deltakarar. Då vart også kampanjen lansert for dei tillitsvalde.

Kampanjestart var 5. mai – dagen etter FrP var ferdige med landsmøtet sitt. Dette var også starten på nynorskveka. Til kampanjestart var det klart ein logo, ulikt standmateriell, flygeblad med argumentasjon og ein kronikk som vart publisert på VG.no 5. mai.

28. april var det digitalt møte for alle tillitsvalde om kampanjestarten, og det vart sendt ut kampanjenyhendebrev til alle tillitsvalde. I samband med kampanjen sende me også ut SMS til alle medlemmer der me spurde om målgåve. Det var stor vilje til å bidra, og SMS gav 200 000 kr i målgåver. Gjennom kampanjen fekk Noregs Mållag om lag 100 nye medlemmer.

Det vart sendt ut ei stor kampanjepakke med kampanjetilfang til nesten alle lag. Målet var å få lokallag ut på stand over heile landet. Sidemålsordninga er like viktig i Gloppen som i Oslo. Mange lag måtte seinare ha påfyll av materiell. Veldig mange lag stod på stand og delte ut

materiell. Det var organisasjonsbyggjande og omdømmebyggjande, og sær viktig og verdfullt. I sosiale medium hadde me ei nedteljing frå kampanjestart til valdagen. Kvar dag låg det ute eit nytt bilete av kampanjeklistremerket på ein ny plass. Desse bileta har kome frå fjern og nær, frå medlemmer, oss sjølve og andre. Mange lokallagsleiarar har sendt inn lesarbrev, på eige initiativ, eller etter å ha fått utkast frå sentralkirken. Hordaland Mållag skipa debatt for fullt hus i august. Norsk Tidend hadde eit spesialnummer med mange ymse inngangar til kampanjen og sidemål. Fleire nynorskverksemdar kjøpte støttelysing i bladet. Det vart sendt ut flygeblad, klistremerke og eit lite brev til om lag 300 stortingskandidatar.

Under Arendalsveka fekk Noregs Mållag prata med mange sentrale personar om sidemålsordninga. Mållaget skipa til debatt om sidemål og fekk brukt veka til å markera oss og sidemålsordninga.

Utdanningsforbundet gjekk etter kvart ut med støtte til sidemålsordninga. Og det var fleire gode innlegg i aviser og på nett om sidemål. Mellom anna skreiv Øystein Vangsnes godt i språkspalta i Klassekampen, og Nationen gav støtte på leiarplass.

Det er utfordrande å koma til orde i ein valkamp. I perioden fram mot stortingsvalet er det veldig mange som ynskjer å ytra seg og få saka si diskutert. Me skulle sjølvstykkt ynskt oss at nynorsk og språkpolitikk var ein større del av valkampen. Men me opplevde at arbeidet vårt gav resultat. Fram mot valet var det færre som snakka like høgt som før om kor lett og godt det ville vera å endra på eller kvitta seg med sidemålsordninga. Mange valomatar hadde spørsmål om sidemål. Og me trur mange i og rundt Mållaget lærte meir om sidemålsordninga og verdien av henne.

Arbeidarpartiet vart sitjande i regjering etter stortingsvalet og gjekk saman med Raudt, SV, Senterpartiet og Miljøpartiet dei grøne for å finna fleirtal til statsbudsjetten. I denne konstellasjonen bør sidemålsordninga i utgangspunktet vera trygg. Det blir likevel sentralt for Noregs Mållag i åra framover å arbeida for betre vilkår for sidemålsordninga og sikra ordninga langsiktig, særleg gjeld det karakteren i skriftleg sidemål.







Opplæringslova

Noregs Mållag fekk viktige gjennomslag i framlegget til ny opplæringslov. Særleg er språkdelte ungdomsskule ein viktig siger. Fram til den nye opplæringslova er vedteken og sett i kraft, må arbeidet for å få gjennomslag for fleire av krava våre, særleg krava til digitale læremiddel, digitale læringsplattformer og kontorstøtteprogram, vere høgt prioritert.

- Definisjonen i opplæringslova av kva eit læremiddel er, må femne om meir, slik at skuleeigar ikkje kan fylle skulekvardagen til nynorsk-elevane med digitale læringsressursar på bokmål og engelsk.
- Skuleeigar må ta ansvar for å kjøpe inn og bruke digitale verktøy som finst på nynorsk. Skuleeigar må òg sikre at nynorskversjonen vert brukt. Hovudmålet til eleven skal vere standardinnstilling på alle digitale læremiddel og læringsverktøy.
- Det må finnast ei kvalitetssikra liste over digitale læremiddel som finst på både nynorsk og bokmål.
- Ordninga med rådgjevande skulemålsrøystingar skal vidareførast. Likevel skal det ikkje vere høve til å endre skulemålet frå nynorsk til bokmål dersom det er fleirtal for nynorsk i røystinga. Det må uansett vere to tredjedels fleirtal i kommunestyret for å endre skulemålet frå nynorsk til bokmål.
- Nynorskelevar og bokmålelevar må gå i ulike grupper heile grunnskulen. Skulane må få tilstrekkelege midlar til å gjennomføre språkdeling.

Frå hausten 2024 tok den nye opplæringslova til å gjelda. Det opna ein ny fase i Noregs Mållag sitt arbeid med opplæringslova. No blir me kjende med korleis lova fungerer i praksis og kva utslag ho faktisk gjev for opplæringa i og på nynorsk.

Eit sentralt gjennomslag var retten til å gå i språkdelte grupper også i ungdomsskulen. Hausten 2024 og utover våren 2025 har me brukt tid på å finna fram til stadene der det ligg til rette for at elevane kan verta språkdelte. Retten til språkdelte grupper er ikkje ein automatisk rett, men ein rett til å krevja å få gå i språkdelte grupper. Slik som for barnetrinnet må der vera nok elevar med både nynorsk og bokmål i klassane for at ein kan dela opp etter språk.

Saman med retten til språkdeling kom der også eit krav om at kommunar og fylkeskommunar må vedta hovudmål for ungdomsskular og vidaregåande skular. Hovudmål for skulen skal gjelda i opplæringa og i annan kommunikasjon med elevar og foreldre. Korleis dette har fungert for vidaregåande skule, kjem me tilbake til lenger ned i teksten. I ungdomsskulen var dette ein noko utilsikta konsekvens av språkdelinga, men det gav ein samanheng at ungdomsskulen må ha eit opplæringspråk for at ein kan krevja å få opplæring i eit anna språk i ei gruppe. Vedtaket om hovudmål blir gjeve i forskrift av kommunestyret. Dette har lyfta språkdebatten i fleire kommunar og vore eit arbeid me i Noregs Mållag har måtte fylgja tett, spesielt i randsonene. Saka har ikkje berre skapt uro i ungdomsskulen, men også spreidd seg til barneskulen nokre stader. I Dovre vart det røysting med bakgrunn i dette. Trass i mykje uro har vedtaka landa godt for nynorsk, og Noregs Mållag har ikkje registrert at me har tapt ungdomsskular som me tidlegare har sett på som «nynorske».

Lovregelen om språkdelte ungdomsskular kom med finansiering. Basert på ein nøkkel vart det sett av over 100 millionar som skulle dekkja ekstrakostnader kommunar fekk i samband med språkdelinga. Dette var det regjeringspartia (Ap og Sp) som stod bak. Mållaget brukte tid gjennom 2024 på å få oppklart og tydeleggjort korleis desse pengane skulle bli fordelte. I slutten av 2024 vart det klart at desse pengane vart fordelte etter inntektssystemet, som mellom anna gjorde

at Oslo kommune fekk 11 millionar til språkdeling i skulen sjølv om der berre er to nynorskelevar i kommunen. Gjennom stortingsrepresentanten Sveinung Rotevatn (V) stilte Noregs Mållag spørsmål til kommunal- og distriktsministeren om dette var meininga. Statsråd Erling Sande svara mellom anna: «Den utvida retten til opplæring i eiga skriftspråkgruppe i den nye opplæringslova gjeld på same måte for alle kommunar, og kompensasjonen er derfor fordelt på vanleg måte gjennom inntektssystemet. Det er vanskeleg å vite på førehand kva kommunar som vil bli påverka av den nye retten og korleis kommunane vil organisere seg i dei tilfella der det blir aktuelt. Det er derfor ikkje mogleg å seie noko sikkert på førehand om meirkostnadene for kvar enkelt kommune. Kva kommunar som kan bli påverka av den nye retten vil også kunne endre seg over tid. Midlane er derfor på vanleg måte fordelte etter dei ordinære kriteria i inntektssystemet, slik at alle kommunar blir kompenserte for moglege ekstrakostnader knytt til den utvida retten.»

I januar 2025 delte Noregs Mållag ei pressemelding om saka. Målet er å få flytta pengane over til ei ordning som gjer at dei faktisk kjem kommunane som har språkdeling, til gode. Dette er eit viktig innspel i alle politiske møte Noregs Mållag har framover, og var også tema då Mållaget møtte utdanningskomiteen til budsjett-høyring hausten 2025.

Den nye opplæringslova kom også med lovregelen om at fylkeskommunen skal vedta om kvar skule skal ha nynorsk eller bokmål som hovudmål. I lovarbeidet er det gjort lite vurderingar av kva utslag dette vil ha for nynorsk. Etter at lova vart vedteken i juni 2023, byrja fleire fylke arbeidet med å gjera vedtak om hovudmål. Fylka hadde lite røynsle med slike vedtak frå før, og det skapte mykje arbeid for Noregs Mållag å fylgja opp dei språkpolitiske vurderinga ulike fylke la til grunn.

Vestland fylkeskommune var tydeleg på at valet mellom nynorsk og bokmål var problematisk, særleg gjennom at eit vedtak om bokmål som hovudmål, ville føra til at nynorsk vart reinska vekk frå skulen. Saman med Noregs Mållag var dette ei tydeleg røyst som gjorde at lovregelen vart utsett til august 2026 i vente på ei loven-

dring. Buskerud fylkeskommune valde uventa å senda saka på høyring sumaren 2025. I høyringsbrevet for saka i Buskerud stod det slik:

«Forslaget fra fylkesdirektør for opplæring og kompetanse er at bokmål skal være hovedmål ved alle Buskeruds videregående skoler. Begrunnelsen er andelen elever som har bokmål som sitt hovedmål de fem siste skoleårene.»

Fylkeskommunen sende eit framlegg om bokmål som hovudmål ved alle vidaregåande skular ut på høyring, trass i at det er ein del nynorskelevar i Hallingdal og at både Gol vgs. og Ål vgs. ligg i kommunar med nynorskvedtak etter språklova. Nynorsk har lang tradisjon som skulespråk og bruksspråk i Hallingdal, men har i lang tid vore under svært sterkt press. For Noregs Mållag var dette framlegget frå Buskerud eit tydeleg døme på korleis § 15-2 kan slå svært negativt ut for nynorsk. Nynorskelevar i eit slikt pressområde treng all den hjelp og støtte dei kan få ved at skulen er ein stad der nynorsk blir nytta. Dei treng slett ikkje eit lovsanksjonert nynorskforbod i undervisinga og for administrasjonen ved skulane, slik framlegget frå Buskerud fylkeskommune ville ha ført til under opplæringslova § 15-2.

Hausten 2025 kom departementet med framlegg om å leggja til at skulen kan vera språkneutral. Noregs Mållag har spelt inn at det er for problematisk at vidaregåande skular kan vedta bokmål, og at valet bør vera mellom nynorsk og språkleg nøytral. Slik vil nok dei fleste vidaregåande skulane kunne halda fram slik som dei gjer i dag, men ein opnar også opp for at nokre skular kan bli ein nynorsk oase. Stortinget skal handsama framlegget frå Kunnskapsdepartementet i løpet av våren 2026. Det vil vera viktig for Noregs Mållag å fylgja denne prosessen tett og gjera det tydeleg at dei språkpolitiske omsyna i denne saka må takast av Stortinget. Alternativt vil dette igjen vera i hendene til Noregs Mållag som må jobba tett opp mot vedtak i alle fylke.

Då Stortinget vedtok ny opplæringslov i juni 2023, valde dei å ikkje lovfesta krav om nynorskversjon av læringsressursar utvikla til bruk i skulen, slik mellom anna Noregs Mållag, Språkrådet, Utdanningsforbundet og ei lang rekkje norske ordførarar kravde. Derimot bad dei departementet undersøkje korleis situasjonen er i skulen.

Det vart Utdanningsdirektoratet (Udir) sitt ansvar å gjennomføra oppdraget. I juni 2025 var kunnskapsinnhentinga klar, og ho gav Noregs Mållag rett. Nokre hovudfunn i rapporten er at «det er færre læringsressursar på nynorsk enn på bokmål» og at «det er ofte vanskeleg å finne fram til innhald på nynorsk». Berre 49 av 90 kartlagde læringsressursar er på nynorsk. Av desse igjen er det fleire som inneheld ein mindre del nynorsk, og det er vanskeleg å finna fram til det nynorske innhaldet, der dette finst.

Denne kunnskapsinnhentinga er berre fyrste del av oppdraget. Vidare skulle Udir vurdera i kva grad omfanget av bruken påverkar retten elevar med nynorsk som hovudmål har til opplæring på eige språk, og vurdera aktuelle tiltak. Desse vurderingane vart overleverte til departementet i desember 2025, og i skrivande stund ventar me på at saka skal koma til Stortinget. Noregs Mållag har i alle delar av dette prosjektet hatt kontakt med Udir både gjennom møte, skriftlege innspel og høyringar.

I kunnskapsinnhentinga til Udir kom det tydeleg fram at for lærarar og elevar er skiljet mellom læremiddel og læringsressursar vanskeleg å forstå. Omgrepa blir brukte om kvarandre, og det er vanskeleg å vurdera for ein lærar eller elev om noko er eit læremiddel eller ein ressurs. Basert på denne informasjonen har Noregs Mållag, saman med andre nære nynorskaktørar, spelt inn eit nytt framlegg til korleis ein lovregel bør sjå ut: *«Med læremiddel er her meint alle trykte, ikkje-trykte og digitale element som er utvikla til bruk i opplæringa, som skal brukast i opplæringa, og som dekkjer delar av læreplanen i faget.»* Med ein slik definisjon seier ein at alle trykte, ikkje-trykte og digitale element som er laga for bruk i skulen, er eit læremiddel og difor skal finnast på både nynorsk og bokmål. Me går altså vekk frå å snakka om læringsressursar, men krev heller at eit produkt som er laga med tanke på bruk i skulen skal reknast som eit læremiddel.

I arbeidet med ein tydelegare definisjon av læremiddel har det også vore eit poeng at det ikkje er haldbart at kvar enkelt skuleeigar har ansvar for å halda seg oppdatert på kva læremiddel og læringsressursar som er tilgjengelege, og også finna ut om dei er tilgjengelege på nynorsk og bokmål med god språkleg kvalitet.

Dette er eit for stort ansvar å leggja på den enkelte, og det vert for mange små røyster. Staten sjølv bør halda oversikt over kva materiell som er tilgjengeleg, og dessutan kunna svara på om det oppfyller parallellitetskravet i opplæringslova. Udir jobbar med ein portal for læremiddel kalla Læremiddelkatalogen. Her er det enkelt å søkja seg fram til ulike læremiddel og ressursar for ulike trinn, fag og språk. Portalen er ikkje heilt ferdig, og det ser ut til at det er produsentane sjølve som melder inn til portalen og melder om skriftspråk.

Ein annan del av den nye opplæringslova som me har målt effekten av i denne perioden, er lovregelen om at skulen skal bruka skriveprogram som stør både bokmål og nynorsk, og som fylgjer offisiell rettskriving. Dette var lovregelen som mellom anna skulle sikra at Google sin stavekontroll skulle læra seg nynorsk. Det har ikkje vorte resultatet. Mållaget har i fleire rundar både i brev og gjennom pressa gjort det tydeleg at regjeringa må setja krav til produsentane, særleg Google. I august 2025 gjorde Språkrådet ei undersøking av dei tre største skriveprogramma i Noreg; Microsoft Word, Apple Pages og Google Docs. Der kom det fram at stavekontrollen på nynorsk er dårlegare enn den på bokmål i alle program og at ingen av stavekontrollane eigentleg fylgjer offisiell norsk rettskriving. Språkrådet har i oppgåve frå staten å fylgja med på og å prata med desse leverandørane. Men det skjer lite utvikling sjølv etter desse samtalanene.

Noregs Mållag får mange tilbakemeldingar på for dårlege stavekontrollar frå lærarar. Dette er ei særleg stor utfordring i skulen og rammar kanskje hardast dei svakaste elevane. For fleire kan det opplevast som eit stille dytt mot å endra hovudmål slik at ein kan få litt meir hjelp frå stavekontrollen.

Andre tiltak

- Opplæringspråket i skulen skal vere norsk, samisk eller norsk teiknspråk, og det må ikkje opnast for forsøk med engelsk som opplæringspråk.

Opplæringslova § 15-1 slår fast at opplæringa skal vera på norsk, samisk eller norsk teiknspråk. Ved skulestart 2025 gjekk Oslo kommune ut med eit ynske om å få driva engelskspråkleg

Opplæring

grunnskule permanent. Dette kom i samband med at dei har hatt eit ti år langt prøveprosjekt med engelskspråkleg grunnskule på Manglerud. Noregs Mållag var tydeleg på at dette bryt med prinsippa i opplæringslova og at å endra opplæringslova her, vil vera å bryta med norsk språkpolitikk. I desember kom svaret frå Kunnskapsdepartementet om at dei ikkje gjev Oslo kommune løyve til å driva prosjektet vidare og heller ikkje vil gjera endringar i opplæringslova. Dette var eit gjennomslag for sikring av at norsk offentleg grunnskule skal driva opplæring på anten norsk, samisk eller norsk teiknspråk, men glede var kortvarig. Stortinget vedtok i mars å opna for såkalla IB-linjer ved offentlege grunnskular og at det skulle leggjast til rette for at tilbodet ved Manglerud skole og Blindern videregående skole fekk halda fram.

- Skuleeigar må ta ansvar for at lærarar som skal undervise i og på nynorsk, har naudsynt kompetanse.

Ei kartlegging frå Språkrådet og Institutt for lærarutdanning ved NTNU i juni 2024, viser at fagområdet der norsklærarar kjenner seg minst kompetente, er i arbeidet med sidemål. Om lag halvparten seier at dei ikkje kjenner seg rusta til å undervisa i sidemål, og rundt ein fjerdedel av dei som svara, seier at dei mest aldri tematiserer sidemål, sjølv om det er blant kompetansemåla alt frå 2. klasse. I høve denne kartlegginga publiserte Noregs Mållag ei pressemelding, og me har teke med oss desse tala inn i det vidare arbeidet og i politiske møte. I mars 2025 hadde me eit lesarbrev på trykk om lærarar som ikkje kan skriva nynorsk.

Det er i dag mange tilgjengelege tilbod for å auka kompetansen i nynorsk didaktikk, t.d. vidareutdanningar, enkeltfag og kurs gjennom LNK. Men dei blir i mindre grad tekne i bruk, og ved tilsetjingsprosessar og arbeidssamtalar er røynsla til Mållaget at nynorskkompetanse i liten grad blir tematisert. Denne røynsla får me som regel stadfesta kvar haust på nynorskstafett i randsoner. Det manglar medvit, og dette er eit vedvarande arbeid for Noregs Mållag der lokale mållag kan utgjera store forskjellar. Me må gjera skuleeigarar medvitne om rolla deira og gje dei informasjon om kva tiltak dei kan gjera.

Fleire lag, særleg fylkesslag, skipar til nynorske inspirasjonsdagar. Dette er eit tiltak som gjerne treffer rett på lærarane. Det kan vera med på å auka kompetansen og å gjera lærarane sjølv meir medvitne.

- Kravet om at det må vere att 10 elevar med det vedtekne opplæringsmålet i klassen for at ein kan skipe parallellklasse, må kome attende.

Dette var eitt av krava me hadde med i arbeidet vårt med opplæringslova fram til ho vart vedteken i 2023. Diverre fekk me ikkje gjennomslag, og det er framleis slik at ein i praksis kan sabotera opplæringspråket ved ein skule gjennom at mest alle elevane gjer eit anna språkval.

- Det må setjast inn tiltak for å hindre språkskifte frå nynorsk til bokmål i ungdomsskulen og vidaregåande.

Det overordna tiltaket for å hindra språkskifte er språkdeling i ungdomsskulen. Me må endå venta for å sjå kva verknadar dette har. Utover dette har det vore viktig å henta ny og meir kunnskap om kva mekanismar det er som gjer at elevar vel å halda på eller endra hovudmål i ungdomsskulen og vgs. På haustseminaret i 2025 presenterte Janne Sønnesyn forskinga si på kvifor elevar vel å halda på nynorsk i ungdomsskulen, og under unge vaksne-samlinga same hausten fortalde Synnøve Marie Sætre, leiar av Nynorsksenteret, kva målformstatistikken i grunnskulen kan fortelja om språkbyte og utviklinga av demografien.

- Statsforvaltaren eller Språkrådet må føre tilsyn med at dei språklege rettane til nynorsk-elevane etter opplæringslova ikkje vert brotne.

Noregs Mållag har saman med lokallag meldt frå til styresmaktene når skular og kommunar bryt opplæringslova. Somme stader utan hell, til dømes i Møre og Romsdal då Blindheim barne- skule blanda elevar med ulikt hovudmål. Me bad statsforvaltaren føra tilsyn med skulen, men

fekk avslag, Andre stader har statsforvaltaren sjølv gripe inn når ein kommune prøver seg med lovbrøt eller planlegg lovbrøt. Det var tilfelle i Strand kommune som planla blanding av elevar med ulikt hovudmål. Då reagerte statsforvaltaren i Rogaland med ein gong og slo fast at kommunen ikkje har lov til å gjera dette. Det vil støtt vera ein balansegang om me skal draga inn statsforvaltaren: Dersom brot på rettane til nynorsk-elevane kan løysast utan å draga inn statsforvaltaren, er dette det beste.

- Dei største byane må ha eit fast tilbod om nynorskklasser, utan minstekrav til elevar.

Bergen kommune hadde, etter initiativ frå Mållaget, ein kort periode eit tilbod om nynorskklasser ved ein konkret skule i Bergen, uavhengig av kor mange elevar som ville bruka tilbodet. Det lukkast ikkje å få i gang nynorskklassar i den perioden, og no forpliktar nok ikkje det vedtaket lenger. Me sette fram det same ynsket i møte med Stavanger kommune under Nynorskstafetten 2025. Det er diverre langt fram til at dei går vidare med den ideen, slik me las tilbakemeldinga der og då.

- Sentrallækken i Noregs Mållag må ha eit ekstra oppsyn med skulemålet i randsonene./Skuleeigar må få styrkt kunnskapen om nynorskelevane sine rettar./Nynorskelevar skal ikkje misse språket sitt når skular vert lagde ned/Komande 1. klasseforeldre i randsona må prioriterast slik at dei får informasjon og oppmoding om å velje nynorsk for dei nye unge skuleborna

Skrivarstova samarbeider tett med lokallaga der skulemålet er i fare og treng bli styrkt. Det skjer mellom anna på Nynorskstafetten og på ei rad eigne møte med kommuneleiing, rektorar, barnehagestyrarar og lærarar. I arbeidsbolken har me også, saman med lokal- og fylkeslag, prøvt å få oppretta eigne nynorskklassar på ungdomsskular som er språkdelt, mellom anna i Sunndal, Gjesdal og Ålesund. Gjesdal ungdomsskule oppretta eigen nynorskklasser der lokallaget arbeidde godt over tid andsynes skulen. Sameleis har me blesta «Molde-modellen» for å motverka målbyte frå nynorsk til bokmål, mellom anna

på møte med alle dei vidaregåande skulane i Ålesund. På nynorskstafetten 2024 fekk me saman med Nynorsksenteret laga kurs for barnehagelærarar og barneskulelærarar der eitt av føremåla er å visa korleis barnehagen kan, og helst bør førebu borna og foreldra deira på at borna skal verta nynorskelevar.

- Arbeidet for å vinne skulemålsrøystingar skal vere høgt prioritert.

Folkerøystingar/kommunestyrevedtak:

Etnedal skule, 10. mai 2025

Kommunestyret vedtok å endra hovudmålet ved Etnedal skule frå nynorsk til bokmål etter ei folkerøysting 10. mai. Nynorsk fekk 67,4 % fleirtal av røystene, men kommunestyret vedtok likevel bokmål. I innstillinga frå kommunedirektøren vart røystene vekta etter alder. 85 % av dei som røysta, var over 40 år og dermed ikkje vekta unge nok til å vera like viktige som dei under 40. Kommunen hadde gjennomført «røystingar» mellom lærarar, foreldre og jamvel elevane på skulen, røystingar som alle gav fleirtal for bokmål. Det var administrasjonen i kommunen som dreiv fram røystinga, og det var ikkje noko folkekrav om røysting. Det er truleg ein grunn til det låge frammøtet på 12,1 % av dei om lag 1000 røysteføre i kommunen.

Lokallaget fekk laga veldig godt og opplysende flygeblad som vart delt ut til alle husstandar, og dei hadde lesarbrev i lokalavisa.

Dovre skule, 17. februar 2025

I samband med ny opplæringslov sende departementet ut melding til alle kommunar om at kommunane skal vedta «forskrift om hovudmål» på alle skular. I Dovre innstilte administrasjonen på at skulane skal halda fram med nynorsk som hovudmål, men foreldra i 1. og 2. klasse og lærarane ved barneskulen sende inn framlegg om endring til at dei skulle gå over til bokmål. Dermed vart det ei sak for kommunestyret som vedtok at skulane skal halda fram som nynorsk-skular. Røystetala i kommunestyret var ti for nynorsk mot sju for bokmål. Så vel lokallaget som nynorskvenner i bygda var svært aktive i lokalavisa og andre stader.

Sjernerøy skule, Stavanger. Folkerøysting 8. september 2025

Det vart fleirtal for bokmål i folkerøystinga på Sjernerøy skule i Stavanger kommune. Det var 287 røysteføre i krinsen. Røystinga viste 81 røyster for bokmål og 67 røyster for nynorsk, medan 8 røysta blankt. Frammøtet var på 54 %. Kommunedirektøren innstilte på at nynorsk skulle vera hovudmål på skulen, men Stavanger bystyre vedtok 19. januar 2026 bokmål med røystetala 35 bokmål og 32 nynorsk.

Bakgrunnen for røystinga var at FAU ved skulen ynskte endring til bokmål. Det var ikkje eit folkekrav om røysting, men bystyret vedtok like fullt å halda røysting i samband med stortingsvalet.

Det var mykje ordskifte både før og etter folkerøystinga. Lokallaget har drive eit svært godt arbeid andsynes så vel folket på Sjernerøy som bystyret. Dei fekk mellom anna ei samla Ap-gruppe i bystyret til å røysta nynorsk.

At eit bystyre i Noreg nesten vedtek nynorsk på ein skule, er svært positivt. Det er leitt for nynorsk lokalt og nasjonalt at det ikkje vart fleirtal i bystyret, men det knappe tapet viser på same tid at haldningane til nynorsk har endra seg mykje til det betre.

Samstundes som nynorsk styrkjer seg monaleg utanfor skulen, er det store utfordringar for nynorsk i skulen. Summen av desse utfordringane vert somme stader så sterk at det kjem krav om endring til bokmål. I randsona kan framveksten av bokmålsklassar på nynorskskular verka dels undergravande på nynorsk skulemål. Det har vore ordskifte i nokre kommunar i samband med «fastsetjing av forskrift om hovudmål», men dette har ikkje resultert i endring eller folkerøystingar. I Strand kommune prøvde leiinga ved Fjelltun skule å driva fram folkerøysting med føremål om endring til bokmål, men kommunestyret avviste dette.

- Det skal setjast i gang fleire positive sidemålsforsøk på nynorsk.

Etter den tollleg store bylgja med positive sidemålsforsøk av typen Holmlia-modellen, å bruka nynorsk i andre fag enn norsk, på 2000-talet og frametter, har me ikkje gjennomført tiltak i same grad i arbeidsbolken. I samband med pålegg frå Kunnskapsdepartementet til skulane om å kjøpa trykte læremiddel til neste skuleår, har Noregs Mållag saman med lokallag prøvt å påverka språkdelt kommunar til å kjøpa trykte læremiddel på nynorsk i (minst) eitt fag til alle elevane i kommunen.

Tiltak som like fullt kan tolkast innanfor ramma av positive sidemålsforsøk, er den vesle kampanjen me har drive andsynes lokallag for å auka talet på tinging av klassesett av Norsk Barneblad og/eller Framtida Junior. Ikkje minst etter at Barnebladet starta samarbeid med Nynorsk-senteret om eigne lærarrettleiingar til kvart nummer av bladet. Sameleis med Framtida Junior der Noregs Mållag tok initiativ andsynes ungdomsskular i Bodø om bruk av Framtida Junior. Lokallaget tok på seg utgiftene, og universitetet i Bodø har drive fylgjeforskning på forsøket. I område utanfor kjerneområdet er truleg slike tiltak det mest effektive me kan gjera for å få meir nynorsk i opplæringa i desse områda.

- Timetalet til for- og etterarbeid i norskfaget må aukast, slik at det samsvarer med vurderingsbøra norsklærarar har.
- Elevar med nynorsk som hovudmål i vidaregåande skule skal få ekstra konkurransepoeng for å hindre taktisk språkskifte og oppmode elevar til å halde på nynorsk.
- Opplæringspråket skal følgje eleven ut grunnskulen.

Desse punkta har på ulike måtar vore del av arbeidet vårt tidlegare i arbeidsbolken, då opplæringslova framleis var i spel og det såleis var lovtekst å påverka. Me har ikkje lyft fram att desse spørsmåla etter at opplæringslova vart vedteken våren 2024.

- Fritaksregimet for vurdering i sidemål er for vidt.

Jamfør tal frå Utdanningsdirektoratet fekk 24 % fritak frå vurdering i sidemål i 24–25. Det har vore ein jamn auke sidan 2020 og direktoratet skriv at auka innvandring, særleg 2022–2024 på grunn av krigen i Ukraina, kan ha mykje å seia for auken i fritak frå vurdering. Det er viktig å streka under at dette ikkje gjev fritak frå opplæring i sidemål. I GSI-statistikken frå Utdanningsdirektoratet for 2024–25 er det snautt 4000 elevar på tiande klassesteget under rubrikkane språklege minoritetar og elevar med samisk som fyrste opplæringspråk. Det er 67 839 elevar på 10. klassesteget og det vil seia at over 16 000 elevar fekk fritak frå vurdering i sidemål. Det store gapet her kan tyda på at for mange framleis får fritak.

Ei anna problemstilling der fritaksregimet er for vidt, er måten det blir praktisert på. Det går heilt tydeleg fram av lovverket at elevane skal fylgja undervisinga, og at det er vurdering dei er fritakne frå. Tilbakemeldingane om realitetane i svært mange skular seier oss at elevane i all hovudsak også får fritak frå undervising/deltaking. Dette aukar avstanden i norskkunnskapar mellom elevane heilt utan grunn (og pedagogisk støtte), og det burde Kunnskapsdepartementet og Utdanningsdirektoratet ha interessert seg meir for.

Læremiddel

I dag er det ulik praksis for å gi nynorsk-opplæring i lærarutdanningane på dei ulike utdanningsinstitusjonane. Etterutdannings-tilbodet i nynorsk er òg for dårleg. I det heile finst det ikkje eit system for å sikre at lærarutdanninga gjer framtidige lærarar kompetente til å undervise på og i nynorsk som hovudmål. Det er viktig at alle lærarar, også dei som underviser i andre fag enn norsk, kan bruke nynorsk som undervisingspråk.

Noregs Mållag meiner:

- Norsk skal vere obligatorisk fag også på grunnskulelærarutdanninga for 5.–10. klasse.
- Lærarstudentar som har hatt fritak frå vurdering i sidemål i den vidaregåande skulen, skal ikkje få fritak i lærarutdanninga.

- Det må leggjast opp pensum, drivast opplæring og nivået til studentane må vurderast i både nynorsk og bokmål.
- Det må stillast krav til kva skriftleg dugleik studentane skal gå ut av utdanninga med, og nynorskkompetansen må kome fram på vitnemålet. Det skal gjennomførast nasjonale deleksamenar for å sikre dette.
- Lærar- og lektorstudentane som skal undervise i norsk, må få opplæring i nynorsk-didaktikk.
- Lærarutdanningane må leggje grunnlaget for at lærarstudentane går ut av utdanninga med gode haldningar til nynorsk.

Låg nynorskkompetanse blant lærarar er eitt av dei største trugsmåla mot nynorsk i skulen. Som nemnt tidlegare på opplæringskapitlet, har det i perioden kome ein rapport som seier at norsk-lærarar kjenner seg mest utrygge i undervising i sidemål eller nynorsk. Rapporten *Norsklærerens kompetanser, roller og ansvar* (Språkrådet, mai 2024), stør opp om det biletet Noregs Mållag har prøvd å visa fram i alle år. Mange lærarar har ikkje nok kompetanse til å driva god opplæring i og på nynorsk.


I oktober 2024 hadde Noregs Mållag møte med dåverande statsråd for høgare utdanning og forskning, Oddmund Hoel. Hovudoverskrifta for møtet var lærarutdanninga og nynorsk. Bakgrunnen for møtet var mellom anna ein rapport frå Språkrådet frå november 2023 om norsk, og særleg nynorsk, i lærarutdanningane. Rapporten slo fast at lærarstudentane utan norsk i fagkrinsen svært sjeldan får vurdert nynorskkompetansen sin i løpet av utdanninga. I møtet med Mållaget peika statsråden på at det er slege fast at det skal undervisast i både nynorsk og bokmål i lærarutdanningane. Likevel kjem me nok ikkje utanom at kvar utdanningsinstitusjon må fylgjast opp. Kunnskapsdepartementet er tydeleg på at institusjonane skal ha fridom til å fastsetja sitt eige faglege opplegg, men ville sjå på om ein kan ha ein deleksamen på nynorsk, for å sikra undervisingsopplegg på nynorsk på alle institusjonane.

Arbeidet med lærarutdanningane er prega av at institusjonane skal ha fridom til å laga sitt eige faglege opplegg. Krava i dei overordna dokumenta er ofte vanskeleg å få så tydelege som

Opplæring

me ynskjer, og det er likevel rom for institusjonane til å setja desse i verk på den måten dei sjølve vil. Resultatet er at me må arbeida meir opp mot kvar enkelt institusjon. Dette er eit omfattande arbeid som sterke lokallag og fylkeslag kan vera ein viktig del av.

Under haustseminaret 2024 tematiserte det eine programpunktet korleis lærarutdanninga også kan bli ei nynorsk lærarutdanning. Her deltok mellom anna Lise Selnes, stortingsrepresentant for Ap og Eline Bjørke, leiar i Lærarmållaget.



Nynorsk for vaksne innvandrarakar

Alle nynorskkommunar skal ha nynorsk som opplæringspråk for vaksne innvandrarakar. At dei vaksne får opplæring på det same språket som borna i ein kommune, og på same språk som all kommunal informasjon vert formidla på, er ein føresetnad for å kunne verte ein del av det lokalsamfunnet ein er bur i.

Noregs Mållag meiner:

- Opplæringspråket skal vedtakast av kommunestyret.
- Opplæringa i nynorskkommunane skal vere på nynorsk.
- Læremiddel for vaksne innvandrarakar må inn under opplæringslova, og dei må kome på same tid og til same pris på bokmål og nynorsk. Offentlege aktørar (t.d. universitet) som utviklar norskspråklege læremiddel, medrekna for opplæring i norsk som andrespråk, må gjere dei tilgjengelege på både nynorsk og bokmål.
- Arbeidsinnvandrarakar frå EØS-området skal ha rett til norskundervising. I nynorskkommunar skal denne opplæringa vere på nynorsk.
- Kommunane skal sikre at ordninga med språkpraksis vert gjennomført slik at vaksne innvandrarakar får gode høve til å lære det lokale talemålet.

Flyktningar og innvandrarakar står for mykje av folkeveksten i Noreg i dag. I enkelte kommunar på Sunnmøre er desse gruppene opp mot 25 prosent av innbyggjartalet. Dei fleste av desse er arbeidsinnvandrarakar frå land i Aust-Europa til bygdesamfunn som treng arbeidskraft. Etter Russland sin fullskala invasjon av Ukraina i 2022 har Noreg også teke imot over 80 000 ukrainske flyktningar. Om lag 58 000 vaksne innvandrarakar får i dag opplæring i norsk og samfunnskunnskap i Noreg. Storparten av norskopplæringa vert utført av ulike opplæringscenter i kommunane.

Når nynorskkommunar gjev desse nye innbyggjarane opplæring på bokmål, undergrev dei sine eigne språkvedtak og statusen til nynorsk i skulen og i lokalsamfunnet. Vår eiga kartlegging syner at i februar 2026 er det 47 av 88 nynorskkommunar som har vedtak om, eller nynorskopplæring til vaksne innvandrarakar. Talet på kommunar som tilbyr vaksne innvandrarakar å lære nynorsk i vaksenopplæringa, har vore stabilt i fleire år. Norsk Tidend sette søkjelys på emnet i eit større oppslag hausten 2025.

I arbeidsplanperioden har det kome ei positiv endring. Kommunestyra i både Etne, Stranda, Tysnes og Haram har vedteke at vaksenopplæringa deira skal gå over frå bokmål til nynorsk. Kommunestyret i Hjelmeland vedtok i sin nye språkbruksplan frå hausten 2025 at dei ynskjer å få vaksenopplæringa på nynorsk. Hjelmeland kommune sender elevane til Ryfylke læringscenter i Strand kommune, og er såleis avhengig



av at Strand kommune gjer tilsvarende vedtak. Dette var eit viktig emne i møte med Hjelmeland kommune i høve Nynorskstafetten. Det er viktig med eit ekstra arbeid frå Mållaget der me stiller med argument og fakta i saka. Det er ulikt frå kommune til kommune kor aktive me er med i arbeidet inn mot vedtak.

På same tid veit me at trass i kommunestyrevedtak om nynorsk, kan praksis vera ein annan. Det vil seia at vaksenopplæringa likevel held fram med å tilby bokmålsundervising. Andre stader har kommunen vedteke å «tilby opplæring på båe språka», eitt døme på dette er Suldal og Sauda kommune. Der syner røynslene at mange likevel vert førte inn i bokmålsundervisinga. Tilbakemeldingane frå skular i fleire kommunar med vaksenopplæring på bokmål i nynorsk-område, er at dette fører til deling av elevane i barneskulen. Det kan ein spora attende til at foreldra har fått bokmålsopplæring i vaksenopplæringa, og difor ikkje vel nynorsk for borna sine. Dette skapar eit utfordrande og unødvendig skilje enkelte stader. Denne utfordringa bør kommunane sjølve ta på alvor.

I november 2024 gjekk Nynorsksenteret, LNK, Noregs Mållag og Nynorsk kultursentrum saman om eit felles debattinnlegg og innspel til styresmaktene. Der vart det mellom anna skildra eit skrikande behov for læremiddel på nynorsk for vaksne innvandrarak. Det viser ei undersøking LNK har gjort blant deira 85 medlemskommunar. Det vart mellom anna peika på at det var ni år sidan sist det vart løyvt midlar til læremiddel på nynorsk for vaksne innvandrarak over statsbudsjettet.

I perioden har me konsentrert kravet om å sikra auka midlar til å omsetja lærebøker til nynorsk, og me fekk ein del siger då Direktoratet for høgare utdanning og kompetanse (HK-dir) lyste ut 1,5 millionar kroner til læremiddel som skal brukast i opplæringa i norsk for vaksne i januar 2025. Det var absolutt ei hjelp, men Nynorsk forum har bede om minst 4,5 mill kroner til føremålet. I denne perioden har me konsentrert oss om kravet om å få ekstra midlar til å få fleire læremiddel på nynorsk, og har såleis ikkje arbeidd med kravet om å få endra opplæringslova. Det er eit problem for vaksne innvandrarak som lærer seg norsk, at viktige omsetjingsprogram ikkje finst på eller stør nynorsk. Dette har mellom anna vore teke opp med Kulturdepartementet der me har bede om at departementet brukar den språklege makta si til å leggja press på mellom anna Google.

I møte med kommunane snakkar me om at å føra nye innbyggjarar inn i nynorsken, også er integrering. Dette er eit synspunkt som møter mykje velvilje i møte med kommunane, mellom anna på Nynorskstafetten. Jæren er eit døme på område med svært mange nynorskelevar, og der foreldra deira lærer bokmål. På Nynorskstafetten hausten 2025 var dette emne i møte med kommunane, og me vonar det vil føra til vidare diskusjon og endring av språkopplæringa.

Høgare utdanning og forskning

Norsk språk er under press i akademia, særleg nynorsk. Engelsk er meir og meir brukt både i pensumlitteratur, i undervising og i vitskapleg arbeid. Det er viktig at norsk fagspråk vert utvikla og brukt i høgare utdanning, dette gjeld særleg nynorsk fagspråk. Studentane må få møte nynorsk i studiekvardagen. Utdanningsinstitusjonane skal leggje til rette for at studentane faktisk har høve til å bruke nynorsk på eksamen og i andre innleveringar.

Noregs Mållag meiner:

- Høgare utdanning må ta større ansvar for å ta vare på og vidareutvikle norsk fagspråk. Universitets- og høgskulesektoren må ha språkstrategiar for å fremje norsk og særleg nynorsk på sine institusjonar, både som fagspråk og som administrasjonsspråk.
- Universitets- og høgskulesektoren må verte målt på språkpraksis, og det må vere eit tema i styringsdialogen med departementet.
- Universitet og høgskular må stille krav til at utanlandske forskarar som vert tilsette, skal lære seg norsk innan ei viss tid, slik at dei kan undervise og formidle på norsk.
- Det må finnast lærebøker og pensum på nynorsk, særleg i dei store faga med mange studentar.
- Studentane skal møte pensum på norsk, og ein større del av pensumet må vere på nynorsk.
- Universitets- og høgskulesektoren skal stimulerast til å publisere på nynorsk.
- Finansieringssystemet i høgare utdanning må premiere formidling til ålmenta og utgjeving av lærebøker, avhandlingar og forskingsrapportar på norsk, særleg nynorsk.
- Kunnskapsutvikling og forskning på nynorskfeltet er viktig for Noregs Mållag, og sentralelekkjen skal formidle dette vidare i organisasjonen.
- Retten til eksamen på nynorsk må styrkjast og utvidast til å gjelde på private institusjonar.
- Studentmållaga er særleg viktige samarbeidspartnarar for Noregs Mållag i spørsmål om høgare utdanning.
- Retten skal utvidast til å omfatte oppgåveteksten i obligatoriske arbeidskrav

I juni 2023 lanserte regjeringa ein handlingsplan for norsk fagspråk i akademia. Handlingsplanen går frå ord til handling, og han inneheld fleire nye tiltak og reglar for å sikra det norske språket i høgare utdanning. Denne planen er framleis i dag styrande for arbeidet til regjeringa med norsk språk i akademia. Handlingsplanen har gjeve Noregs Mållag fleire gjennomslag og nokre delsigarar, som ein kan lesa om i årsmeldinga for 2022–2024.

I 2025 vart det oppretta to fagspråksenter: Fagspråksenteret – senter for norsk fagspråk ved Universitetet i Bergen og Senter for norsk fagspråk i bruk ved Universitetet i Oslo. Dei vil på ulike måtar mellom anna forska på føresetnadene for bruk av norsk fagspråk i akademia, korleis engelsk påverkar norsk fagspråk og også utvikla språkteknologiske ressursar for norsk som fagspråk.

I april 2025 arrangerte Språkrådet og Forleggerforeningen eit arbeidsseminar om situasjonen for pensum på norsk i høgare utdanning. På seminaret var Noregs Mållag representert saman med eit breitt utval av aktørar med interesse i norsk-språklege fag- og lærebøker. Her diskuterte me kva som er dei viktigaste utfordringane og kva verkemiddel som kan gjera situasjonen betre. Me kom mellom anna fram til at desse verkemidla kan betra situasjonen:

- Ein bør stilla større krav til opprykk for professorar. Det bør vera krav til professoropptrykk og finansiering til sektoren knytte til norsk fagspråk. Budsjettmodellen for institusjonane bør gje insentiv til formidling.
- Det bør vera krav om norsk pensumandel.
- UH-sektoren forstår ikkje kor viktig norsk fagspråk er, så det trengst meir kompetanse om dette i sektoren. Krav til pedagogikk og didaktikk er i god utvikling, men ikkje når det gjeld å publisera på norsk. Norsk språk i læremidla bør ein sjå på som ein del av det pedagogiske arbeidet.
- Alle ph.d.-avhandlingar skal ha norsk samandrag.

Våren 2025 varsla Kunnskapsdepartementet at dei ville endra forskrifta til universitets- og høgskolelova slik at det ikkje skulle vera krav om å gjennomføra språkopplæring i norsk for postdoktorar og stipendiatar som ikkje kan dokumentera ferdigheiter i norsk, svensk eller dansk på nivå A2. Kravet om språkopplæring var relativt nytt i lova og etter Noreg Mållag si meining eit tydeleg, men rimeleg krav. Stillingane som har kravet til seg, driv ofte undervising på bachelor- og masternivå og skal også vera del av eit fagmiljø som har som oppgåve å utvikla norsk fagspråk. Slik er dei også med på å skapa språkleg kultur i miljøet dei arbeider, sjølv om dei er tilsette for ein åremålsperiode. Difor svara Noregs Mållag i høyringa at me var svært kritiske til å fjerna kravet. Kunnskapsdepartementet valde likevel å fjerna kravet.

Norsk Målungdom driv ein klageportal for studentar som ikkje har fått eksamensoppgåva si på nynorsk. Denne portalen kan gje ein peikepinn på i kva grad utdanningsinstitusjonane tek språkrettane til studentane på alvor. Målungdomen melder om at etter at private institusjonar også fekk krav om å gje eksamen på nynorsk, har det kome klagar frå studentar på desse institusjonane. Men dei har merka seg at talet på klagar som går gjennom dei, har gått ned dei siste åra, sjølv om fleire studentar har fått rett til å klaga. Det er vanskeleg å seia om dette er fordi institusjonane er flinkare til å laga eksamensoppgåver på nynorsk, eller om det er slik at Norsk Målungdom ikkje når ut med portalen, og mange studentar aldri får levert klagen sin.



Kultur- og mediefeltet

Kringkasting

NRK står heilt i særstilling med tanke på bruk av nynorsk i kringkasting og på nett for riksdekkjande medium. NRK og TV2 er allmennkringkastarar, og derfor er det viktig at både NRK og TV2 brukar meir nynorsk.

Noregs Mållag meiner:

- Måten NRK måler nynorskbruken sin på, må endrast, slik at han syner meir reell fordeling mellom nynorsk og bokmål. Statistikken bør vere mest mogeleg differensiert, og må måle bruk på alle flater og i sosiale medium. Det må vere minst 25 % nynorsk på nrk.no.

NRK fører oversikt over språkbruk for TV og radio, og på nett. I 2024 hadde NRK 27,8 % nynorsk samla på radio og TV. 25,2 % stod radio for, og TV stod for 29,4 %. I 2025 hadde NRK 26,6 % prosent nynorsk samla på radio og TV. Dersom ein ser på tala isolert, stod radio for 23,3 % og TV for 28,0 %. Desse tala blir nådde ved at NRK deler all dialektbruk likt mellom nynorsk og bokmål. Den reelle bruken av normert, munnleg nynorsk er altså langt lågare enn 25 prosent. På nrk.no viser tala 23,2 % prosent i 2024 og 23,4 % prosent i 2025. NRK greidde ikkje 25 prosent nynorsk på nett desse to åra, men dei har auka sakte men sikkert i fleire år no og er på god veg til å nå 25 %-kravet gjennom målretta arbeid.

- Det må vere tydelegare krav til nynorskbruk både skriftleg og munnleg i TV2.

I førre landsmøteperiode kravde Mållaget at TV2 skal ha nynorskkrav, på lik linje med NRK. Me sette fram kravet fordi dei har status som ålmenningkringkastar og får offentleg støtte. Det

nådde me i den runden ikkje fram med. I den reforhandla avtalen med staten er det ikkje stilt språkkrav til TV2. Ein kan finna saker skrivne på nynorsk på tv2.no og i sendingane deira. Likevel er framsida til tv2.no framleis berre på bokmål. Det vil seia at overskriftene til sakene er på bokmål, sjølv om saka kan vera skriven på nynorsk. TV2 har framleis ein veg å gå for reelt å jamstilla bruken av nynorsk og bokmål.

- NRK Nynorsk mediesenter i Førde må sikrast gode vilkår.

Nynorsk mediesenter og Nynorsk avissenter flytte i september 2023 inn i heilt nye, toppmoderne lokale i Nynorskhuset. Nynorskhuset husar seks nynorskorganisasjonar og er no den største nynorskkynga i verda. Noregs Mållag jobbar kvart år for at Nynorsk mediesenter har gode vilkår i statsbudsjettet.

- NRK skal sikre at nynorsk vert brukt av alle distriktskontor, og at distriktskontora i nynorskområda skal ha eit særleg ansvar for å bruke nynorsk.

NRK har som mål at det skal vera nynorskbrukarar i alle distriktskontora sine. Dette arbeidet er gjort enklare, mykje takk vera Nynorsk mediesenter. NRK seier sjølv at dei arbeider systematisk for å sikra minst éin nynorskbrukar på alle distriktskontora. Det er eit viktig arbeid som bør halda fram. Dette kan også vera med på å bidra til at NRK når det viktige kravet om 25 prosent nynorsk også på nett.



Noregs Mållag har eit årleg møte med kringkastingssjefen om språkarbeidet i NRK. Her er leiar Peder Lofnes Hauge og dagleg leiar Gro i lag med Kringkastingsringen, Norsk Målungdom og kringkastingssjef Vibeke Først Hagen.

- Det er særleg viktig at NRK Super innfrir nynorskprosenten og presenterer eit breitt spekter av dialektar i tillegg til nynorsk normaltalemål.

I 2023 fekk me ein nynorskversjon av BliMe-songen. Dette er noko me har etterspurt lenge, og me er glade for at NRK endeleg også møtte nynorskborna på heimebane i dette årvisse tiltaket. Ikkje minst var nok arbeidet Volda Mållag gjorde med å setja fram krav om nynorskversjon, viktig for at songen kom på plass så pass raskt. Nynorskversjonen vart sunge av figuren «Maurora», og har såleis ikkje ein like påkosta produksjon som BliMe-songen elles får. I 2024 og 2025 kom ikkje BliMe songen i ein nynorsk versjon. Det finst derimot ein samisk versjon. NRK Super hadde 26,2 % nynorsk i 2024 og 25,5 % i 2025. Språket i sendeflata deira har vore

eit viktig tema i mange år i årlege møte med NRK, og me er godt nøgde med at dei har levert stødig over minstekravet i fleire år no.

- Kravet om at minst 40 prosent av musikken som vert spelt på NRK skal vere norsk, må haldast oppe.
- Det er viktig å halde på kravet om nynorsk normert tale i nyhendesendingar på NRK.

I denne perioden har me ikkje arbeidd med kravet om at NRK skal spela 40 % norskspråkleg musikk. Det er heller ikkje gjort eller har skjedd noko særskilt for å arbeida for nynorsk normert tale i nyhendesendingar på NRK. Det er framleis krav om at nyhendeanker skal snakka normert nynorsk i NRK.

Digitale medium

Dei fleste digitale medium er i dag drivne og utvikla av store internasjonale selskap som i varierende grad tek språkleg ansvar. Folk må få møte nynorsk i desse kanalane.

Noregs Mållag meiner:

- Støtteordningane frå staten til å utvikle data-spel må stille språkkrav og sikre at det kjem dataspel med nynorsk tekst og tale.

Noregs Mållag har stilt seg bak kravet frå Regjeringa om at spel som får utviklings- og lanseringsstøtte, må finnast på norsk. Me har tidlegare kome med krav om at ein må ta eit særskilt ansvar for å sikra nynorsk språk i dataspel, då strategien frå 2024 ikkje inneheld nokon krav om dette. Me har også kome med krav om at internasjonale utviklarar må få språkkrav på titlar dei gjev ut i Noreg.

- Dei internasjonale aktørane må bidra til meir norsk språk i strøymetenestene, både i tale og tekst.


Me har ikkje arbeidd med dette i denne landsmøteperioden. Me leverte høyringssvar til AMT-direktivet, som regulerer leverandørar av audiovisuelle tenester, i 2023. Det er krav til leverandørar om å produsera ei viss mengd norsk innhald på strøymeplattformene sine.



- Norske styresmakter må arbeide for at internasjonale selskap sikrar nynorskversjonar av dei digitale plattformene.

Google har ei ordning der brukarane kan senda inn ynskje til endringar og oppgraderingar i operativsystemet Android. Våren og hausten 2024 hadde Noregs Mållag og Norsk Målungdom ein kampanje der me mobiliserte folk til å røysta for at nynorsk språk i operativsystemet til Android skulle prioriterast. Det vart sendt e-post til alle medlemmer og lokallag, og det vart hengt opp QR-kodar på tilskipingar for å få flest mogleg til å registrera eit ynske om nynorsk i Android. Om Google lyttar til oss, står att å sjå. Me har møtt representantar frå Google ved ulike høve, og me har då formidla ynska våre til dei.

Hausten 2025 publiserte Språkrådet ein rapport der dei hadde testa norskkunna til fire ulike KI-verktøy. Dei testa ChatGPT 4.5, Microsoft Copilot, Le Chat med Mistral pro og NorMistral-11b-warm-instruct (Universitetet i Oslo). Utgangspunktet for å testa desse var at desse fire robotane er i bruk, eller vil bli tekne i bruk, i skulen og i offentleg forvaltning. Testgrunnlaget er 40 ulike tekstar. Hovudoppsummeringa er at dei fann mange feil i alle tekstane, og flest feil i tekstane på nynorsk. Feila er av alle slag, frå logiske og syntaktiske brestar, via engelske vendingar til manglande konsekvens i bruken av valfrie former. Språkrådet konkluderer med at ein må kontrollera og sjekka innhaldet i tekstar frå språkrobotane grundig. Språket er dårleg, og tekstane kan innehelda såkalla hallusinasjonar. Dei strekar også under at det er viktig å ta vare på den menneskelege tekstkompetansen, og ser på dette som naudsynt for å ha kvalitetskontroll av KI-generert tekst. Desse funna vart presenterte på haustseminaret til Noregs Mållag i oktober 2025 og på årsmøtet til LNK.





Ruter lanserte appen sin på nynorsk på sjølvaste nynorskdagen 12. mai i 2025! Foto: Thomas Brun, NTB Kommunikasjon.

- Mange digitale tenester har hatt stor suksess med dugnadsarbeid for å få til ein nynorskversjon. Dette er eit område som er eigna for kampanjeverksemd og lokale dugnader.

Både Nynorsksenteret og Noregs Mållag har oversyn over ulike appar og nettstader som er tilgjengelege i nynorsk versjon. Det er ei liste som heldigvis veks. Det er også rettleiarar for korleis ein skifter tastaturspråk på smarttelefonar til nynorsk, og korleis ein får Windows-operativsystemet med nynorsk visningspråk.

I 2024 fekk me Vipps på nynorsk, og i 2025 lanserte Ruter appen sin på nynorsk på Nynorskdagen. Særleg lanseringa til Vipps fekk mykje merksemd i fleire nasjonale aviser og medium, og gav god blest til både Noregs Mållag og Vipps. Per i dag er det om lag 40 000 personar som har Vipps-appen på nynorsk. Berre få dagar etter lanseringa hadde fleire tusen skifta Vipps til nynorsk.

Lanseringa til Ruter fekk også mykje merksemd, både i og utanfor Oslo. Noregs Mållag har teke kontakt med fleire andre aktørar, både private og offentlege, om dei kunne tenkja seg å omsetja appane og/eller heimesidene til nynorsk. Me er på tilbodssida for å få dette til. Det er fleire positive tilbakemeldingar, men det er arbeid som tek tid, og ein må nok halda trykket oppe.

Blant dei me har vore i kontakt med, er Posten, Tise, Finn.no, Æ, Trumf, Oda, Tripletex, Storytel og VY.

I februar 2026 kom det norskutvikla sosiale nettverket HUDD endeleg i nynorskversjon, og lanseringa skjedde gjennom felles pressemelding med Noregs Mållag. Her har særleg Jarleif Vågen, leiar i Jæren Mållag, vore ein viktig pådrivar. Han har også omsett alle tekstane deira.

I mars fylgde styremedlem i Trønderlaget og Nidaros Mållag, Ola Haugen Havrevoll, opp med avsløringa av at han hadde omsett heile Android til nynorsk. Så no er det fritt fram for alle med Android-telefon å få nynorsk språk over det heile.

Vi er takksame for at eldsjeler i eigen organisasjon tek oss eit stykke vidare i den digitale verda, og så er me klare over at det også er mykje som står att.



Pressa

Språket i pressa er viktig for at nynorsk skal vere synleg i ålmenta. Fleire riksaviser har opna for nynorsk på redaksjonell plass. Nynorsken finn me i størst grad i dei riksdekkjande meiningsberande avisene og i regions- og lokalaviser. Særleg den rike lokalavisfloraen i Noreg er viktig for å halde oppe statusen til og bruken av nynorsk.

Noregs Mållag meiner:

- Det må verte meir nynorsk i riksavisene, både riksaviser og lokalaviser, og alle avisene må opne for nynorsk på redaksjonell plass.

Så langt me kjenner til, er det berre Dagbladet, Finansavisen og Altinget som framleis praktiserer nynorskforbod av riksavisene. Aftenposten har jamleg artiklar på nynorsk, og både VG og VGTV har innhald på nynorsk. Samtidig viser røynslene at ikkje å ha forbod mot nynorsk, ikkje automatisk bidreg til meir nynorsk. Me har mellom anna sett døme på at pressemeldingar frå Mållaget eller Nynorsk pressekontor blir omsette til bokmål. Det er også fleire som har nynorsksaker på bokmål på framsida, sjølv om saka er på nynorsk. Det er likevel enklare å vera nynorskskrivande journalist i dag enn det var for berre ti år sidan.

- Det må vere gode vilkår for dei mange nynorske lokalavisene, for dei nynorske riksmedia Dag og Tid, Framtida.no og Nynorsk Pressekontor og for dei meiningsberande riksavisene.

Dag og Tid, Nynorsk avissenter, Framtida og Framtida Junior og Nynorsk pressekontor er alle viktige nynorske medietiltak. Felles for alle er at dei viser til gode tal, god framgang og gode faglege resultat. Noregs Mållag vil halda fram med å arbeida for at desse får gode rammevilkår også i framtida, og den viktigaste staden for det arbeidet er samarbeidet i Nynorsk forum.

- Nynorsk avissenter i Førde er ein viktig aktør for å sikre tilgangen til gode nynorskjournalistar, og dei må ha gode vilkår.

Mange av dei flinkaste og største journalisttalenta blir utdanna ved Nynorsk avissenter, og dei gjev viktige tilskot til aviser som er på jakt etter nynorskbrukarar. Noregs Mållag står kvart år saman med resten av Nynorsk forum bak eit krav om at Nynorsk avissenter må ha gode økonomiske vilkår over statsbudsjettet.

- Journalistutdanningane må sikre kompetanse om nynorskjournalistikk og utdanne journalistar som kan skrive nynorsk.

I 2025 fekk Mediemållaget økonomisk støtte til å ha møte med journalistutdanningane i Oslo, Bergen og Stavanger. Målet med desse møta var å stø nynorskbrukarane, gje dei nettverk og sikra at dei er trygge i språket sitt.

Hausten 2025 sende Noregs Mållag ei støtteerklæring til søknaden frå Volda vidaregåande skule om å få etablera ei landslinje for nynorsk medium og kommunikasjon. Det sentrale poenget vårt var at ei slik linje kan vera eit viktig bidrag til at fleire journaliststudentar held på nynorsken både gjennom studiet og i seinare arbeidsliv.

- Både den direkte og den indirekte pressestøtta skal favorisere nynorsk.

Det er gjort endringar i pressestøtta som i større grad skal favorisera lokalaviser, fagblad og medlemsblad. Korleis dette påverkar nynorske aviser, er uvisst. Det me veit, er at endringane som har kome med innføringa i postdirektivet og kutt i postomberingane, går ut over nr. 2-aviser og lokalaviser og dermed også nynorske aviser rundt om i landet. Å ha éin postomberingsdag i veka, som regjeringa no føreslår, er svært øydeleggjande for lokalavisene.



Litteratur og bibliotek

Sidan førre landsmøteperiode har kunnskapsminister Kari Nessa Nordtun varsla at fysiske lærebøker skal tilbake i skulen, og pengane blir sette av i statsbudsjetta. Dei er ikkje øyremerkte, og i kva grad det har ført til innkjøp av fysiske lærebøker, er uvisst. Samstundes er det kome skjerp krav og tilrådingar omkring mobilbruk, både privat og i skulen. Det er vanskeleg å seia noko om korleis dette kjem til å slå ut for nynorsken, men det er grunn til å tru at kampen for å få lærebøker på begge skriftspråk til same tid og pris, framleis er aktuell. Elles er det positivt for forlaga at bøker er tilbake som satsingsområde. Vonleg vil det føra til eit statusløft for lesing og bøker. Utan litteratur og eit lesande folk blir målsaka mykje vanskelegare. Difor er det alt i alt positivt at lesekunne, bøker og litteratur er på den politiske dagsordenen. Så er det ein del av jobben til Noregs Mållag å syta for for nynorsken ikkje blir gløymd oppi det heile. Det er framleis viktig å arbeida for meir nynorsk på digitale flater.

2025 var også året for Bragepris til to nynorske titlar. Leander Djønne fekk Brageprisen for beste skjønnlitteratur for vaksne for *Alt et* (Forlaget Oktober). Erna Osland vann Brageprisen for beste sakprosa for barn for boka *Barnas verds-historie* (Skald). Med det fekk det vesle forlaget Skald forlag sin fyrste Bragepris, noko som er verdt å merka seg. I 2024 gjekk P2-lyttaranes romanpris til nynorskromanen *Sirenene* av Tormod Haugland.

Noregs Mållag meiner:

- Det er viktig å sikre Samlaget si løyving over statsbudsjettet, gode tilskotsordningar for nynorsk litteratur i andre forlag og gode stipend for nynorske forfattarar.

Det Norske Samlaget er det største av nynorskforlaga og har ei særleg viktig oppgave når det gjeld å gje ut nynorsk litteratur både for born, ungdom og vaksne. Ei auka løyving til Samlaget

har vore høgt oppe på prioriteringslista til Nynorsk forum, og dette har vore kommunisert ved alle statsbudsjetthøyringar. No som Noregs Mållag har fått ein million i ekstra løyving, er ei auka løyving til Samlaget blant dei høgst prioriterte tiltaka frå Nynorsk forum.

Mållaget har vore i møte med Samlaget om kva dei vil bruka pengane på. Det dei ber om, er 1 million i auka grunnløyving og 1 million øyremerkte til barne- og ungdomslitteratur. Auka løyving til Samlaget har vore inne i fleire parti sine alternative statsbudsjett. Me jobbar stadig på for at prioriteringane til Nynorsk forum skal få gjennomslag i budsjetta til regjeringa, og har von om at ei auka løyving til Samlaget er på plass i løpet av stortingsperioden.

Det blir gjeve ut nynorskbøker på andre forlag enn Samlaget, og det må framleis vera gode ordningar som sikrar at nynorskbøker kan gjevast ut også utanfor Samlaget. Her er ulike innkjøps- og støtteordningar særleg viktige. Høgast på prioriteringa er ei ny innkjøpsordning for nynorsk-litteratur til folkebibliotek og skulebibliotek. Det er også viktig å oppmoda om innkjøp av klasse-sett av nynorsklitteratur. Her har lokale mållag og fylkesmållag spelt ei viktig rolle.

- Ein må sikre at bokhandlarane tek inn og profilerer nynorskbøker, særleg i nynorsk-område.

Det er varierende i kva grad bokhandlarar aktivt fremjar og prioriterer nynorskbøker. Me ser at prisvinnarar òg gjerne er synlege i bokhandlarne. Nokre stader får nynorsklitteraturen eigen hylleplass, men likevel er det mange stader nynorsklitteraturen ikkje er synleg, eller aktivt blir nedprioritert. Det er ikkje gjort noko særskilt for å jobba for dette frå skivarstova, men mange lokale mållag gjer eit godt arbeid for å marknadsføra og kjøpa inn nynorske bøker til skulebibliotek.

- Det må vere eit breitt utval av nynorske lydbøker.

Frå og med 2025 pliktar utviklarane av lydbøker å tilby sal av einskilde titlar. Ein må altså ikkje lenger ha abonnement på strøymetenester for å

høyra ei bok som lydbok, men kan kjøpa enkelttitlar. Stortinget har kome med eit oppmødingsvedtak til regjeringa, der dei ber regjeringa om å vurdera korleis ein kan regulera lydbok-strøymemarknaden. Målet er då særleg å finna ei endring av lova som sikrar «ikkje-diskriminering av innhaldsleverandørar av strøymetenester for litteratur». Per 2025 var det framleis ikkje gjort noko vidare med dette frå regjeringa si side.

Det er mange nynorske lydbøker tilgjengelege i strøymeappane, men det er framleis ein jobb å gjera for nynorsklitteraturen. Samlaget har tilsett ein lydredaktør og utviklar no eigne lydbok-seriar. Ei særleg utfordring innanfor strøymetenestene er tilgangen på bøker for born og unge. Born vil ha korte, fengjande forteljingar, og det strir med forretningsmodellane til tenesene. Strøymetenestene vil ha den marknaden sjølv, då det er lukrativt å spela av same boka fleire gonger. Ungdomsbøker går også dårleg på strøyming, fordi det primært er foreldre og born som navigerer i Storytel og Fabel, ikkje ungdom.

Det viktigaste me kan gjera for å sikra fleire nynorske bøker, er at forlaga gjev ut nynorske bøker som blir lesne generelt, og sikra ei auka løyving til Samlaget spesielt. Me må arbeida for at oppmødingsvedtaket om ikkje-diskriminering av innhaldsleverandørar blir teke opp att i regjeringa.

- Den kulturelle skulesekken skal formidle eit rikt utval av nynorsk kultur til barn og unge.

Kulturtanken lanserte i 2024 ein rapport om prosjektet «Meir nynorsk i DKS». Der peikar dei på konkrete tiltak ein kan gjera for å få meir nynorsk i ulike produksjonar. Dei viser også at den konkrete målsetnaden om å auka nynorskdel-en i produksjonane til DKS, hadde suksess. I 2023 og 2022 var om lag 9 % av produksjonane i DKS på nynorsk, som er opp frå 7,7 % i 2021. Alle fylkeskommunar opplyser å ha hatt framsyningar på nynorsk, men i varierende grad frå fylke til fylke: Ni i Nordland mot 116 i Vestland. I oppsummeringa slår dei fast: «Vi tilrår at det å legge vekt på nynorsk blir etablert som ein sjølvsgd dimensjon i DKS.» Dei slår fast at satsinga har vore ein suksess, og at ho held fram. Noregs Mållag tykkjer dette prosjektet er positivt, men ser at det framleis ein veg å gå for å nå 25 % nynorsk.

- Barne- og ungdomslitteratur som er omsett til nynorsk og nynorsk sakprosa for barn og unge må kome inn i ei automatisk innkjøpsordning.

Noregs Mållag arbeider med nærskylde og aktuelle samarbeidpartnarar for å få til støtteordningar og/eller innkjøpsordningar for barne- og ungdomslitteratur omsett til nynorsk og sakprosa på nynorsk for born og unge.

- Biblioteka har eit særleg ansvar for å formidle nynorsk litteratur, og det må tematiserast i bibliotekarutdanninga.
- Biblioteka og innkjøpsordninga er viktige for tilgangen på nynorsk litteratur i heile landet. Endringar i kommunestrukturen må ikkje føre til eit dårlegare bibliotektilbod.
- Det er viktig å hauste røynslene frå Nynorske pilotbibliotek for å sjå om dei kan overførast til lokal- og fylkeslag, og til bibliotekutdanninga.

Vi har ikkje arbeidd særskilt med bibliotek eller bibliotekarutdanningane i perioden. Det er viktig at dei som jobbar ved biblioteka og skal formidle litteraturen, har sjølvtilitt og kunnskap om det som finst ute på bokmarknaden. Mange av lese-kampanjane som blir gjennomførte kvart år, er kommersielt baserte og har få eller ingen nynorsk-bøker i leseporteføljen. Ein treng eigne nynorske lesekonkurransar, slik som «Tid for ti», og stadig å bidra med informasjon. I 2024 fekk «Tid for ti» kutta støtta si. Noregs Mållag bidrog til å berga «Tid for ti» med ein eingongsstønad. I februar 2025 vart det kjent at UDIR har løyvt 500 000 til «Tid for ti» i tre år, slik at dei kan halda fram ut 2028 og kan utvida «Tid for ti» til 8. trinn.

Under Nynorskstafetten har me for vane å levera bøker og bokkatalogar til biblioteka i kommunane me vitjar, for å spreia informasjon om tilgjengeleg nynorsk litteratur, og bidra til at det er litt fleire nynorskbøker til utlån. Det er mange lokal- og fylkeslag i Mållaget som også gjev vekk bok-pakker til både skulebibliotek og andre bibliotek. I desember 2025 var Peder Lofnes Hauge, Gro Morken Endresen og Vemund Norekvål Knudsen frå Noregs Mållag og Svein Olav Langåker frå Nynorskkommunane i møte med Det Norske

Samlaget. Der prata me om satsingsområde og utfordringar for Samlaget særskilt. Me deler eit mål om å få til ei innkjøpsordning for nynorsk litteratur, gjerne retta mot skulebiblioteka. Å få ei innkjøpsordning for skulebibliotek ville i fyrste omgang vore veldig bra for å styrkja skulebiblioteka. Vidare er det eit målretta tiltak som gjer barne- og ungdomslitteratur meir tilgjengeleg. Noregs Mållag og Samlaget er samde om at det finst heimel i språklova til positivt å diskriminera nynorsk, og difor er det eit mål for oss å få til ei eiga ordning for innkjøp av nynorsk barne- og ungdomslitteratur. Det går godt med den nynorske litteraturen, men ei utfordring er framleis at det er få titlar for barn og unge, særleg sakprosa. Difor er ei auka løyving til Samlaget, og ei slik innkjøpsordning, høgt på prioriteringslista til Nynorsk forum.

- Skuleelevar må ha tilgang til gode skulebibliotek.

I dagens lovverk pliktar alle skular til å ha eit skulebibliotek. Det er ingen sanksjonar for ikkje å oppfylgja kravet. Difor er det stor variasjon i kvaliteten og utvalet på skulebiblioteka rundt om i landet, og me veit dette særleg rammer nynorsk-område, som ofte er i mindre kommunar og i meir rurale strøk. Ei satsing på skulebibliotek er difor viktig for nynorskelevane, og for den nynorske barne- og ungdomslitteraturen.





Framsyninga Europavisjonar har vore ein suksess på Det Norske Teatret! Foto: Siren Høyland Sæter / Det Norske Teatret.

Teater og film

Teater og film er viktige for å spegle det norske mangfaldet, også språkleg.

Noregs Mållag meiner:

- Det Norske Teatret er det viktigaste teateret i Noreg og skal ha same løyving over statsbudsjettet som Nationaltheatret.
- Det er viktig å stø opp om dei regionale teatera som spelar på dialekt og nynorsk og å fremje nyskriven dramatikkk på dialekt og nynorsk.

Det Norske Teatret er det viktigaste teateret i Noreg. Noregs Mållag er i alle samanhenger der det høver, med på dei felles krava frå Nynorsk forum om at løyvingane til Det Norske Teatret må på same nivå som Nationaltheatret. Som oftast blir dette fremja i statsbudsjettthøyringane. I den raudgrøne regjeringssperioden har Det Norske Teatret gradvis fått auka løyvinga si i fleire omgangar, og dei har fått støtte til enkeltprosjekt.

Teater Vestland

Teater Vestland er eit regionteater som turnerer i Vestland fylke. Det vart etablert i 1977 med namnet Sogn og Fjordane Teater, som det andre nynorskteateret i Noreg. Teater Vestland nyttar nynorskknære dialektar som scenespråk og syner

kvart år 5–7 premierar og rundt 250 framsyningar. Frå 1. januar 2026 er Aslak Moe teatersjef. Teater Vestland flytta inn i Nynorskhuset i 2023. Dette har ført til ei markant oppgradering for teateret, som gjev ringverknader i lokalsamfunnet der dei mellom anna skal samarbeida med dei vidaregåande skulane i området. Etter innflyttinga har det likevel vore ein del økonomiske vanskar for teateret. I 2023 lanserte dei Nynorsk scenespråksenter, eit prosjekt som førebels er sikra treårig finansiering.

Det Vestnorske Teateret

Det Vestnorske Teateret er eit nynorskteater for alle som bur på Vestlandet. Sidan 2016 har teateret hatt fast scene i Bergen sentrum, og med det har Bergen fått eit etterlengta tilbod på nynorsk og dialekt for born, ungdom og vaksne.

Teateret sin strategi er å vera ein leiande arena for nynorsk scenekunst, og gjennom det styrkja nynorsk kultur, identitet og språk. Dei har ei sterk satsing på ny dramatikkk og skal laga rom for dei vestnorske røystene. Ved sida av teaterrepertoaret driftar dei også eit kulturprogram støtta av Bergen kommune, som har låg terskel og styrkjer den nynorske identiteten.

- Det må haldast opp gode stønadsordningar for filmproduksjon som speglar det norske språkmangfaldet.
- Dei regionale filmsentera må haldast oppe for å sikre geografisk og språkleg spreining i filmproduksjonen.
- Fleire filmar må få nynorsk teksting. Mållaget krev parallell teksting på nynorsk og bokmål av kinofilmar som får statsstøtte.
- I barnefilmar er det viktig at det vert nytta ulike dialektar som får fram mangfaldet og gjer at born lærer å forstå kvarandre.

I juni 2024 leverte Noregs Mållag høyringssvar til Norsk filminstitutt i høve endringar i tilskotsordningane for produksjon av spelefilmar etter marknadsvurderinga og forskrift om tilskot til audiovisuell produksjon. Blant innspela frå Noregs Mållag var å få parallellteksting og at både bokmål og nynorsk må vera moglege val av undertekst i spelefilmar som blir distribuerte fysisk og til strøymetenester. Som eit minimum meinte me at nynorsk undertekst kunne vera eitt av fleire moglege krav som kvalifiserer til den tilskotsordninga NFI sjølv har vedteke. Me streka også under at det er viktig å ha dialektmangfald og å styrkja lokal filmproduksjon, og trekte fram dei pedagogiske fordelane ved å ha nynorsk undertekst.

Etter ei sak i NRK november 2025 om mangelen på nynorsk undertekst, freista me å få til eit møte med NFI. Dei viste oss vidare til Distributørforeningen og Produsentforeningen Virke, som me har hatt møte med i desember 2025 og januar 2026. Tilbakemeldinga var tydeleg: All den tid det ikkje er eit krav frå NFI eller Kulturdepartementet, vil nok ikkje nynorsk undertekst bli prioritert. Me har likevel ikkje opplevd motvilje til å få det til, dersom det fyrst er eit krav.

Platekompaniet har sidan 2023 gjeve ut filmar i ein serie dei kallar Norske filmklassikarar. Her kjem alle filmane med fritt val mellom bokmål og nynorsk undertekst, og det kjem stadig nye utgjevingar.

Samfunnsliv

Det vert meir engelsk både i næringsliv og arbeidsliv. Å sjå nynorsk i bruk rundt seg er viktig for at det skal vere lettare å bruke nynorsk. Der nynorsk er mykje brukt, har han høgare status. Difor er det viktig at lagsliv, næringsliv, trdomssamfunn og partane i arbeidslivet nyttar nynorsk systematisk.

Næringsliv og arbeidsliv

Noregs Mållag skal:

- ha kontakt med både arbeidsgjevar- og arbeidstakersida for å fremje nynorsk i arbeidslivet
- stø arbeidet lokallaga gjer for meir nynorsk i det lokale næringslivet
- dele ut Nynorsk næringslivspris
- vidareføre og utvikle #nynorskverksemd-kampanjen saman med lokallaga
- arbeide for at destinasjonsselskapa i nynorsk-område skal bruke nynorsk
- arbeide for meir nynorsk næringsliv. Dei store kjøpesentera, butikkjedene og landbruks-samvirka er særleg viktige
- arbeide for at det skal vere like enkelt å vere nynorskbedrift som bokmålsbedrift

På haustseminaret hausten 2025 stilte me spørsmål om korleis får me eigentleg til eit nynorsk digitalt næringsliv. I samtalen om dette deltok Åse Wetås, språkdirektør, Ida Nicoline Glosimot og Lars Tore Skau frå Vipps og Ingvill Størksen, direktør for politikk og myndigheits-kontakt i Coop.

Nynorsk næringslivspris

Nynorsk næringslivspris har vorte delt ut sidan 2006. Styret i Noregs Mållag tok initiativ til

prisen. Kvart år vert medlemer, lag og alle som ynskjer det, oppmoda om å koma med framlegg til kandidatar. Det er også styret som oppnemner juryen på fem medlemer. I denne perioden er det styremedlem Monika Haanes Waagan som har rykt opp frå jurymedlem til å verta juryleiar. Prisen er diplom, blome, ein medlemskap i Nynorsk bedriftsforum og mykje heider. Me arbeider mykje med å få, og har ofte fått, god pressedekking ved utdelinga av prisen.

Nynorsk næringslivspris 2023: Nordfjordkompaniet

Prisen for 2023 gjekk til Nordfjordkompaniet. Nordfjordkompaniet er eigd av meir enn 130 medlemsbedrifter og hadde tidlegare namnet Nordfjord opplæringskontor. Gjennom kompaniet går desse bedriftene saman om å tilby læreplassar, rekruttera lærlingar og fylgja dei opp gjennom læretida. Nordfjordkompaniet har ein tydeleg nynorskprofil og språkleg medvit og bidreg såleis til å heva statusen til det nynorske språket innanfor yrkesfaga. Dei er eit føredøme for både lærlingane, medlemsbedriftene, andre opplæringskontor (no: samarbeidsorgan) og næringslivet elles.

Nynorsk næringslivspris 2024: Sparebank1 Sogn og Fjordane

Prisen for 2024 gjekk til Sparebank1 Sogn og Fjordane for å halda på nynorsken som forretningsspråk etter at banken gjekk inn i Sparebank1-alliansen i 2024. Banken har gjort mykje ekstra arbeid som ingen har gjort før dei, for å sikra at nynorsken vart med i overgangen til ny bank-allianse. Dermed har dei sytt for at det framleis er akkurat like lett å vera nynorsk bankkunde. På grunn av SpareBank1 Sogn og Fjordane kan no 1 million bankkundar i Noreg bruka nynorsk i bank-appen til SpareBank 1-alliansen. Prisen vart delt ut av juryleiar Monika Haanes Waagan på ei tilskiping på føremiddagen



Sparebank 1 Sogn og Fjordane fekk nynorsk næringslivspris i 2024. På biletet (f.v.): Monika Haanes Waagan (juryleiar for Nynorsk næringslivspris), Inger Marie Lien (nettsideredaktør), Trond Teigene (adm.dir) og Johanne Viken Sandnes (kommunikasjonsdirektør).

i kafeen Røyst på Nynorskhuset i Førde den 25. juni 2025. I tillegg til prisutdelinga var alle medlemene i Førde Mållag og laga rundt Førde inviterte til kake og kaffi for å høgtida prisvinnaren.

Nynorsk næringslivspris 2025: Kattnakken
Prisen for 2025 gjekk til Kattnakken. Det er ein regnkledeprodusent på Stord som sel regnkleda som er heilt vasstette. Såleis høver regnkleda deira perfekt for den norske marknaden, både for born, unge og vaksne. Silje Vatne Ersland er gründer, eigar og kreativ leiar i Kattnakken. I dag har ho ti tilsette, ei omsetning på nær 47 millionar kroner i 2024 og eit overskot på 9 millionar. Alt av kommunikasjon utetter og med kundane er på nynorsk. Sjølve prisutdelinga til Silje Vatne Ersland var på skrivekstova i Oslo den 29. oktober 2025, og det var juryleiar Monika Haanes Waagan som delte ut prisen. Nokre dagar seinare vart det tinga kake til ei markering for dei tilsette på Stord.

Nynorsk verksemd-kampanjen

Etter at kampanjen vart lansert i 2015, har me sendt ut brev, klistremerke og blest-hefte med ujamne mellomrom til verksemder som nyttar nynorsk. Det er anten fordi nokon har merkt dei i sosiale medium, tips på e-post, eller at me har

oppdaga dei sjølve. I årsmeldingsperioden har me utarbeidd ny logo, trykt nye klistremerke, oppdatert brevet, og byrja å senda dei ut. Om lag 50 verksemder har fått merksemd. Potensialet for å gjera meir med denne kampanjen er heilt klart til stades. Lista med verksemder vert også delt med juryen for nynorsk næringslivspris.

Destinasjonsselskap på nynorsk

Landsmøtet i 2022 vedtok ei eiga fråsegn om at destinasjonsselskapa i nynorskområde bør bruka nynorsk. Denne budskapen gjekk ut i pressemelding og vart også sendt til Innovasjon Noreg som står som eigar av og finansierer mykje av denne aktiviteten. Innovasjon Noreg lova då å ta dette med seg, og skreiv mellom anna: «I Innovasjon Noreg vil me sjølvsagt gjere det som er naudsynt for å følgje opp dei krava den nye lova set til målbruken. Fråsegna frå Noregs Mållag er for oss ei nyttig påminning om det språk- og målansvaret også me har. Me kan sjølve sjå at me har ein jobb å gjere når det gjeld å følgje opp språklova, og me lovar å gje målbruken meir merksemd i tida framover.»

Ein gjennomgang av nettsidene til Visit Norway syner at det er svært lite nynorsk i bruk på hovudsidene. Me har vinteren 2026 sendt dei eit nytt brev om nynorskbruken på sidene.



Peder i møte med generalsekretær i Frivillighet Norge, Stian Slotterøy Johnsen, og, assisterende generalsekretær, Ida Marie Holmin.

Friviljuge organisasjonar

Noregs Mållag meiner:

- Det er særleg viktig at lag og organisasjonar som arbeider med barn og unge, nyttar nynorsk.
- Når friviljuge organisasjonar driv kampanjar over heile Noreg, bør me krevje at dei lagar materiell på nynorsk.
- Målrørsla bør motivere frivillige organisasjonar til meir og betre bruk av nynorsk i lagsverksemda.


Det er for lite nynorsk i friviljug sektor, og alt for mange kampanjar finst berre på bokmål. Me får tilbakemeldingar frå kommunar og lærarar som får materiell og undervisingsopplegg i høve t.d. merkedagar, kampanjar eller jubileum berre på bokmål. Vinteren 2025 starta Noregs Mållag å kartleggja stoda for nynorsk i det friviljuge Noreg. Me prioriterte å møta organisasjonar som treffer born og unge eller som femnar breie lag av befolkinga, over heile landet. Gjennom 2025 hadde me møte med Den Norske Turistforening, Human-Etisk Forbund, Frivillighet Norge og Studieforbundet kultur og tradisjon. I møta minte me organisasjonane på at dei treffer born og unge som er under språkopplæring i skulen, og at dei opererer i område som anten har nynorsk eller begge skriftspråk, og at dei difor må vera medvitne om språkbruken sin. Me diskuterte ulike måtar organisasjonane kan bruka meir nynorsk i ekstern kommunikasjon, og tok imot innspel om kva utfordringar dei har eller kva positive tiltak dei sjølve har prøvd for å få meir nynorsk. I tillegg har me diskutert korleis det er å vera nynorskbrukar som tilsett i friviljuge organisasjonar.

Ei konkret tilbakemelding frå alle organisasjonane var at dei ynskjer seg eit arbeidsdokument med konkrete råd målretta mot friviljug sektor på korleis dei kan ta i bruk meir nynorsk. Eit slikt dokument er det naturleg at Noregs Mållag tek initiativ til å laga og syter for å formidla til friviljuge organisasjonar. Noregs Mållag er medlem i Frivillighet Norge, og har såleis gode moglegheiter for å nå ut. Ved å halda oppe dialogen med friviljuge organisasjonar og ved å utvikla eit slikt arbeidsdokument, kan ein vonleg få meir nynorsk relativt fort. Arbeidet vart sett på pause då «Sidemål i skulen»-kampanjen tok opp det meste av arbeidstid fram mot valet.

- Frivillighet Norge er ein særleg viktig organisasjon å samarbeide med for å få lag og organisasjonar til å bruke meir nynorsk.

I januar 2025 hadde Noregs Mållag eit møte med Frivillighet Norge om nynorsk og målsak. Me snakka om det å vera nynorskbrukar som tilsett, og drøfta korleis me kan få meir nynorsk i det friviljuge Noreg. Det var eit positivt møte, der me opplevde at dei var opne for gode tiltak som kan auka nynorskdelen i ulike friviljuge organisasjonar, særleg i utoverretta kommunikasjon. Me har no mål om å ha møte jamleg med Frivillighet Norge omkring språktematik og nynorsk i friviljug sektor.

I 2025–2026 sit styremedlem Gunnhild Skjold som 1. vara til styret i Frivillighet Norge, nominert av Noregs Mållag.



Politisk Rådgjevar i Noregs Mållag, Vemund Norekvål Knudsen i møte med dåverande direktør i DNT, Siri Storstein Hytten.

Religion og livssyn

Trudoms- og livssynssamfunn som får statsstøtte, skal møte eit krav om å gi nynorsk trusopplæringsmaterieil til born og unge i nynorsk-området, og andre som ønskjer det.

I januar 2025 hadde Noregs Mållag eit møte med Human-Etisk Forbund. Det er ein organisasjon som når svært mange unge gjennom konfirmasjonsopplegget sitt. Dei har også stor produksjon i form av eit eige forlag og tidsskrift. Resultatet av møtet var positivt. Dei lova å jobba for å gjera meir av konfirmasjonsmaterieilet sitt tilgjengeleg på nynorsk. Til gjengjeld har Mållaget lova å arbeida for å koma med gode råd og framlegg til korleis det kan bli meir nynorsk i friviljuge organisasjonar. Mållaget har von om at den dialogen som er starta med Human-Etisk Forbund, kan halda fram.

Den viktigaste satsinga i 2025 var 100-årsjubileet for Nynorsk salmebok. Fullverdig omtale av det arbeidet og dei markeringane står på side 70.

Samarbeid med andre språkgrupper i Noreg

Noregs Mållag stør mindretals- og minoritets-språkbrukarar sin kamp for språklege rettar og står solidarisk med andre språkorganisasjonar i kampen for språkmangfald i Noreg. Me ønskjer å samarbeide med organisasjonar for samiske språk, nasjonale minoritetsspråk og norsk teiknspråk i relevante saker.

Vi har markert både samefolkets dag 6. februar og kvenfolkets dag 16. mars i egne sosiale medium med å ynskja til lukke med dagen. Me har også støtta språklege rettar i høyringsfråsegner der det har vore aktuelt. Peder Lofnes Hauge og Gro Morken Endresen var på vitjing hjå Sametinget 19. mai 2025, der me møtte sametingsråd for språk, Maren Benedicte Nystad Storslett. Me diskuterte felles og ulike utfordringar og tiltak, og også korleis me kan samarbeida meir. Me har også hatt kontakt med Kvenforbundet om møte, men det har me så langt ikkje fått gjennomført.

Hausten 2024 var forskrift til språkreglane i samelova på høyring, og Noregs Mållag uttrykte støtte til dei føreslegne endringane. Der la dei til grunn eit prinsipp om at språkrettar ikkje skal falla bort som resultat av endringar i organiseringa av forvaltninga. Det peika me særskilt på og tok til orde for at det bør gjelda også for språkrettar regulerte i språklova, og at ein må vurdere desse konsekvensane når ein arbeider med omorganiseringar.

Samarbeid utanfor landegrensene

Barcelona

I november 2024 var leiar og dagleg leiar på konferanse i Barcelona i regi av Network to Promote Linguistic Diversity, ein organisasjon der Noregs Mållag har vore assosiert medlem i mange år. Temaet for konferansen var digitalisering/KI og korleis det går med dei små språka på det feltet. Her viste det seg å vera særleg relevant å få innblikk i det walisiske arbeidet, og deira ambisiøse mål er ei viktig rettesnor for kva som bør vera råd å oppnå i Noreg.

Wales

I januar 2025 var me så heldige å få besøk av Manon Davies frå det walisiske språkrådet, i kjølvatnet av at ho hadde vore på vinterleiren til Norsk Målungdom. Ho fortalde både om utbreiinga av walisisk, kva ressursar dei har i arbeidet, tiltaka dei set i verk eller tilbyr offentlege og private aktørar og kva mål dei arbeider etter.



Dagleg leiar Gro Morken Endresen og leiar Peder Lofnes Hauge i Noregs Mållag i møte med sametingsråd Maren Benedicte Nystad Storslett.

Det offentlege Noreg

Staten har ansvar for å ta vare på og halde oppe både nynorsk og bokmål som skriftspråk. Det tydelegaste uttrykket for dette ansvaret er den nye språklova. Språklova slår fast at det offentlege Noreg har eit særleg ansvar for å fremje det minst brukte språket, nynorsk. Me skal halde auge med korleis fylkeskommunane vil følgje opp dei nye pliktene og det språkpolitiske ansvaret dei har fått etter lova.

Nynorskkommunane er svært viktige for å halde det nynorske skriftspråket oppe og å hegne om det. Kommunane er store skriftspråkprodusentar og utgjer ei viktig motvekt til det dominerande bokmålet.

Oppfølging av språklova

Den nye språklova er svært viktig å følgje opp framover. Føremålsparagrafen i lova slår fast det offentlege sitt særlege ansvar for å fremje nynorsk, som det minst brukte norske skriftspråket. Dette må føre til ein langt meir offensiv språkpolitikk.

Noregs Mållag har tre overordna mål for perioden for den nye språklova:

1. Føremålsparagrafen må gjerast til røyndom og godt kjent for stat, kommunar og fylkeskommunar. Denne oppgåva er særleg viktig andsynes opplæringssektoren.

Noregs Mållag nyttar alle moglege høve til å minna det offentlege om føremålsparagrafen i språklova. Språklova blir nemnt i høyringssvar, strategiar og innlegg, og i møte med kommunar, statsorgan, skular, barnehagar og på nynorskstafetten. Med språklova skal språk vera ei


overordna ramme for all politikk, og Mållaget oppfattar det som verdfullt å minna andre språkaktørar om innhaldet i lova.

2. Lova må følgjast opp for dei som har plikter og ansvar, mellom anna ved språkplanar.

I 2025 laga me saman med Nynorskkommunane LNK og Nynorsksenteret til digitalt seminar for folkevalde der språkplanar var blant emna som var drøfta. Me tek også opp språkplanar med alle kommunane me har møte med i samband med Nynorskstafetten kvart år.

3. Me må arbeide for å styrkje språklova, særleg kravet om at kvar tilsett i staten skal meistre nynorsk og retten for språkorganisasjonar til å klage. Det må vere sanksjonar for brot på den nye språklova. Reglane i språklova om bruk av nynorsk og bokmål i staten skal også gjelde for den administrative delen av Stortinget, Riksrevisjonen, Sivilombodet og andre organ for Stortinget.
 - Departement og statlege organ må prioritere å få opp nynorskkompetansen blant eigne tilsette framfor å bruke nynorske omsetjingsbyrå eller -program.

Mållaget har i fleire omgangar arbeidd for å få styrkt språklova. Me vurderte det slik at det burde vera råd å få på plass skjerpande formuleringar sidan m.a. Arbeidarpartiet, som var i opposisjon då lova vart vedteken, var for fleire endringar i lovteksten. Dette var endringar dei den gongen ikkje fekk gjennomslag for. Etter lang tids arbeid og oppmodingar om å få desse på plass, stilte representantar frå SV i april 2025 representantforslag med fleire lovendringar, og Mållaget var blant dei som leverte høyringsinnspel til komiteen.



SPRÅKLOVA § 1:

Offentlege organ har «eit særleg ansvar for **å fremje nynorsk** som det minst bruka norske skriftspråket.»

Endringsframlegga hadde det til felles at dei ville gjera språklova til ein betre reiskap til å oppfylle føremåla med språklova, som etter § 1 ikkje minst omfattar at det offentlege har eit særskilt ansvar for å fremja nynorsk som det minst brukte av dei to norske skriftspråka. Ikkje uventa var Noregs Mållag for alle dei føreslegne endringane. Fleire av dei vart vedtekne i Stortinget 6. juni.

Det framlegget med størst praktiske konsekvensar som ikkje fekk fleirtal, var eit framlegg om at også fylkeskommunane skulle leggast til som tilsynsobjekt for Språkrådet. Den aller viktigaste endringa for vår del, var at kravet til statstilsette om å skriva både nynorsk og bokmål kom attende, og at fylkeskommunar fekk rett til å krevja det same. Ei anna viktig endring var kravet om at sentrale statsorgan skal skriva til regionale statsorgan på fleirtalsmålet i tenestekrinsen. At organisasjonar kan klaga på vegner av ein mottakar som ikkje får skriv på sitt eige språk, var ein tredje viktig siger.

Lova krev ikkje at statstilsette skal meistra nynorsk utan tilgang til språkteknologiske hjelpemiddel, og me har ikkje arbeidd særskilt med å fylgja opp korleis statsorgana kursar eller på anna vis aukar kompetansen hjå medarbeidarane sine.

Kommune, fylkeskommune og stat

Noregs Mållag meiner:

- Jamstillinga mellom nynorsk og bokmål skal grunnlovsfestast.

Etter initiativ frå Noregs Mållag vart framlegget om å grunnlovsfesta jamstillinga mellom nynorsk og bokmål fremja 20. juni 2024. Stortingsrepresentant og dåverande leiar i Løvebakken Mållag, Sveinung Rotevatn (V), leverte framlegget på vegner av representantar frå nesten alle stortingspartia: Åse Kristin Ask Bakke (Ap), Liv Kari Eskeland (H), Sigbjørn Gjelsvik (Sp), Ingrid Fiskaa (SV), Sofie Marhaug (R), Lan Marie Nguyen Berg (MDG) og Kjell Ingolf Ropstad (KrF). Framlegget skal handsamast av Stortinget i løpet av stortingsperioden 2025–2029. Arbeidet med å syta for fleirtal er i gang. Me har rekruttert aktivt til Løvebakken Mållag i alle parti, og fått opp eit nytt styre og ny leiar. Leiaren er no Åse Kristin Ask Bakke (Ap, utdanningskomiteen). God dialog med alle parti på Stortinget og god kontakt med nynorskvenner i dei ulike partia blir viktige prioriteringar fram mot røysting i Stortinget.

- Både staten, fylkeskommunar og kommunar må ha språkbruksplanar som peikar på tydeleg leiaransvar for å sikre og fremje bruk av nynorsk.

I januar 2025 laga Noregs Mållag saman med LNK og Nynorsksenteret til to digitale seminar for kommunepolitikarar. Språkbruksplan var mellom temaa som var presenterte og drøfta. Mellom 50 og 60 politikarar deltok på dei to seminara.

2025 vart året då det ikkje lenger er bokmålskommunar i dei tre fylka på Vestlandet. På våren vedtok bystyret i Haugesund å gå frå bokmål til nøytral, og i september fylgde kommunestyret i Eigersund opp. Båe stader har det vore engasjerte lokalpolitikarar som med støtte frå sentralleiken i Mållaget har reist saka. Det er gledeleg at to bykommunar med lange bokmålstradisjonar no har opna for at også nynorsk kan brukast i administrasjonen.

- Språkrådet må styrkjast og må få heimel til å føre tilsyn og kontroll med at kommunar og fylkeskommunar gjer det dei skal etter språklova.

I representantforslaget om endringar i språklova omtalt over, var det også med ei formulering som skulle styrkja Språkrådet og gje dei tilsynsrett overfor fylkeskommunane. Det forslaget fekk diverre ikkje fleirtal.

I møte med kommunalminister Erling Sande vinteren 2024 tok me opp at ein omtale av nynorsk i kommunane ikkje lenger var med i den årlege kommuneproposisjonen, og me bad om at det kom på plass att. Det fekk me gjennomslag for alt i kommuneproposisjonen som kom i mai same året, men i 2025 var det diverre nok ein gong teke ut – eit tydeleg teikn på at språkpolitikken er altfor personavhengig.

- Det må vere klare krav til språk i dei nasjonale standardane for digitale tenester.
- Nynorsk må vere med i alle krav til offentlege innkjøp, og det må utarbeidast standardar for språkkrav i offentlege innkjøp.

Desse spørsmåla tok me opp med kommunalminister Erling Sande i førre periode.

- Den fylkeskommunale språkpolitikken må følgjast opp særskilt.
- Dei nyss samanslegne kommunane og fylkeskommunane, der stoda for nynorsk er usikker, må følgjast opp særskilt.
- Nynorsk skal tene på eventuelle strukturendringar i det offentlege Noreg, og Noregs Mållag skal følgje opp slike prosessar.

Desse spørsmåla fylgde me fyrst og fremst opp i førre styreperiode, då strukturendringane var nye, og t.d. språkbruksplanar var i arbeid fleire stader.

- Nye lover skal vedtakast på nynorsk til me når målet om at 25 % finst på nynorsk. Nynorske lover skal ha tilhøyrande forskrifter på nynorsk.
- Ny forvaltingslov skal kome i parallelle versjonar på nynorsk og bokmål, på same måte som Grunnlova, dersom ho ikkje vert vedteken på nynorsk.
- Statlege nettstader skal veksle 50/50 mellom nynorsk og bokmål. I påvente av dette bør alle statlege nettsider som finst i parallellutgåve, ha nynorsk som standardval.

Vi sende inn høyringssvar då det vart lagt fram ny abortlov våren 2024, der det einaste innspelet vårt var at lova burde koma på nynorsk. Me har også spelt inn at forvaltingslova må koma i parallelle versjonar. Ho vart lagd fram våren 2025, og kom diverre då berre med bokmålstekst.

I perioden har også nye lover om Einingsregisteret og Føretaksregisteret vore på høyring. Der spelte me fyrst og fremst inn at Einingsregisteret berre opnar for eitt namn på eit føretak. Det har ein negativ språkpolitisk konsekvens, der det då ikkje er rom for at statsorgan registrerer namn på både nynorsk og bokmål, slik språklova krev at dei skal ha. Truleg gjer det at mest alle organ berre er registrerte med bokmålsnamnet sitt. Det tok me til orde for å endra på.

Me har også sendt inn høyringsvar vinteren 2025 om lovfesting av tingrettar og deira faste rettsstader og lovfesting av jordskifterettane og deira faste rettsstader. Me melde eit grunnleggjande standpunkt om at tingrettar og jordskifterettar bør ha same geografiske namn dersom dei dekkjer same områda. Me melde også synspunkt på kva konkrete geografiske namn dei ulike rettane bør ha. Alle framlegga om tingrettsnamn bortsett frå eitt, fekk gjennomslag. Jordskifterettane er ikkje avklarte enno.



- 25 prosent av teksten frå Slottet og minst éin av trontalane i kvar stortingsperiode bør vere på nynorsk. Kongehuset bør bidra til å fremje nynorsk.

Dette hadde me utspel på og fekk mykje merksemd om i førre styreperiode. I tida etterpå auka mengda nynorske nyhendesaker frå kongehuset, og me gledde oss over framgangen, men det siste året har det vore heller dårleg med nynorsk att, diverre.

Språkteknologi

Utviklinga av språkteknologisk programvare som automatisk omsetjing, taleattkjenning og liknande har i aukande grad innverknad på språktilhøva i Noreg. Om staten ikkje grip inn, vil denne utviklinga i stor grad vere styrt av internasjonale selskap utan ansvar for den norske

språksituasjonen. Politisk press på dei store selskapa og på dei store prosjekta som skal arbeide med språkteknologi i Noreg, er viktig.

Noregs Mållag meiner:

- Staten må ta ansvar for at tilgjengeleg språkteknologi vert like breitt utvikla for nynorsk som for bokmål.
- Noreg må få taleattkjenningsteknologi som forstår nynorsk og norske dialektar og talesyntese både på nynorsk og bokmål.
- Arbeidet med nynorsk terminologi i det offentlege må styrkjast slik at språkteknologi kan fungere på nynorsk i alle sektorar.
- Kvalitetssikra maskinomsetjing på nynorsk er viktig, og omsetjingsprogram må inkludere heile breidda i den nynorske rettskrivinga. Maskinomsetjing må brukast for å gjere nynorsk meir tilgjengeleg og ikkje for å lempe på kompetansekrav.
- Språkbanken ved Nasjonalbiblioteket og språksamlingane i ved Universitetet i Bergen må ha gode vilkår, og materialet deira må vere tilgjengeleg for forskarar og utviklarar av språkteknologi.
- Staten skal finansiere eit gratis retteprogram for nynorsk og bokmål.

Styret inviterte NB Whisper (Nasjonalbiblioteket) til eit styremøte i november 2024 for å orientera om arbeidet dei held på med, og Per Egil Kummelvold kom og innleidde og svara på spørsmål. Der fekk me meir forståing for det omfattande arbeidet og tekstmengda som skal til for å trenna språkmodellar i å handtera tale til tekst tilstrekkeleg godt – altså at dei forstår ulike norske talemål.

I november 2024 var også leiar og dagleg leiar på ein konferanse i Barcelona som Network to Promote Linguistic Diversity skipa til, der digitalisering var hovudtemaet.

Noregs Mållag deltok på KI- og mediedagane 13. februar 2025 for å læra meir om KI. Språkrådet kom hausten 2025 med ein rapport om KI og norsk språk. Funna er ganske knusande: Språkmodellane er jamt over ganske dårlege i norsk språk og norske tilhøve. Praterobotane (chatGPT, Copilot og fleire) har mange språklege feil i norsk, og langt fleire i nynorsk enn i bokmål.

Det offentlege Noreg

Det blir ikkje betre av at dei også påfører språket mange anglisismar som er tydeleg skjemmande for god norsk språkføring.

Digitaliseringsminister Karianne Tung har slege fast at ho vil få utvikla ein nasjonal KI-infrastruktur og at norske språkmodellar skal setja gullstandarden for kompensasjon til rettshavarar. Ifølgje ministeren er dette måten me tek vare på dei norske språka (bokmål, nynorsk og samisk) på. Eitt av dei konkrete tiltaka ho har sett i verk, er å løyva den såkalla KI-milliarden, som har ført til oppretting av seks ulike forskingssenter som skal sjå på og utvikla ulike sider ved kunstig intelligens.

Arendalsveka 2025

Nynorsk forum, som Mållaget er ein del av, laga i fellesskap eit debattmøte i Arendal denne veka om korleis teknologigigantane påverkar språket vårt og kva kan me gjere med det? Kven skal ta ansvar for norsk språk i den digitale sfæren og kva tenkjer me no om KI og store språkmodellar? I panelet var Svein Olav Langåker (Nynorsk-kommunane LNK), Åse Wetås (Språkrådet), Erik Bolstad (Store norske leksikon) og Marianne Wilhelmsen (statssekretær i Digitaliserings- og forvaltningsdepartementet).

Denne perioden har kunstig intelligens overfløymt oss alle på måtar me ikkje kunne drøyma om i førre periode. Teknologien møter oss no i alle digitale flater, og gjerne før dei oppslaga og søkjerestata me helst var på jakt etter. Det gjer teknologien viktig for oss. Den største utfordringa me har støytt på til no, er at han ikkje produserer godt norsk språk. Han er ikkje knytt til kvalitetssikra ordbøker, men til all mogleg tekst som finst digitalt tilgjengeleg, og han skil ikkje mellom god og dårleg tekst som utgangspunkt for det han leverer, omset til eller (ikkje) rettar.

Den nye opplæringslova hadde krav til Google og andre om at skriveprogram som blir brukte i skulen, må ha tilfredsstillande nynorsk stavekontroll, utan at dei så langt har levert det. Arbeidet me har gjort på det feltet, er nærare omtalt under læremiddel.





Digitaliseringsminister Karianne Tung med «Nynorsk i skulen for alle»-hjartet under Arendalsveka i 2025.

Organisasjonen

Noregs Mållag har hatt ein stor auke i medlemstalet dei siste ti åra, frå 10.433 medlemmer i 2011 til 15.483 i 2021. Me må vere i stand til å auke medlemstalet vidare og få fleire aktive medlemmer og lag. Ein større og sterkare organisasjon gjer det mogeleg å sikte høgare og nå meir ambisiøse mål. Det er eit sjølvstendig mål å ha ein så sterk organisasjon som mogeleg. Det er òg viktig for å ha større politisk gjennomslagskraft.

Sentrallekken og lokal- og fylkeslaga

Noregs Mållag skal arbeide for:

- vekst i medlemstalet kvart år og å halde på medlemmene som melder seg inn
- å engasjere nye medlemmer og få dei til å verte aktive i organisasjonen
- at Norsk Tidend, medlemsavisa for Noregs Mållag, skal kome ut jamleg
- å få fleire yngre medlemmer inn i styreverv i lokal- og fylkeslag
- at lokal- og fylkeslaga får ein meir aktiv posisjon i den lokale måldebatten, særleg andsynes kommunar og skule
- at fleire av laga våre er i stand til å vere lokale vaktbikkjer og motivatorar. Sentrallekken skal gi dei støtte, skulering og dele informasjon
- at lokal- og fylkeslaga skipar nettverk for nynorsk i sine område
- å stø lokal- og fylkeslaga med å påverke program og kandidatar før lokalvala i 2023, og heile organisasjonen må arbeide mot stortingsvalet i 2025
- å leggje til rette for ideutveksling mellom lokal- og fylkeslaga

- å tilby digitale kurs for lokal- og fylkeslag og medlemmer gjennom året
- å leggje til rette for samarbeid om felles mål og saker, mellom NMU lokalt og lokallaga i Noregs Mållag
- å stø dei laga som treng det mest, i randsonene og andre område som særleg er viktige for nynorsken
- å oppmode fylkeslaga til å lage kampanjar for nynorsk skattemelding
- å samarbeide med yrkesmållaga der det er relevant
- å lage eit årshjul for lokallaga med sentrale fristar, tilskipingar og liknande
- å få eit nærare samarbeid med Lands-samanslutninga av nynorsk kommunar i saker andsynes kommunane, og særleg i saker som har med stoda i skulen og med kommunale språkvedtak å gjere
- å kjøpe eige kontorlokale
- å få til auka studieaktivitet
- at Noregs Mållag skal anerkjenne FN's berekraftsmål, og arbeide for at organisasjonen, så langt det er mogleg, skal leggje til rette for berekraftige løysingar

Aktive lag og innlevering av årsmeldingar

Dei siste tre åra sett under eitt, har 165 ulike lokal-, yrkes- og fylkeslag levert årsmelding. Det er desse laga me reknar som aktive. 165 er ein nedgang frå 178 i 2022 og 191 lag i 2019.

I 2024 og 2025 leverer laga inn årsmelding for høvesvis 2023 og 2024. For 2023 vart det levert inn 154 årsmeldingar frå lokallag og fylkesmållag. For 2024 kom det inn til saman 130 årsmeldingar. 14 av 17 fylkeslag leverte. Grunnen til skilnaden er at 2024 var eit landsmøteår. Me purra ein ekstra gong og må jobba for at talet held seg høgt. Laga som ikkje sender inn

årsmelding, får ikkje nytta dei demokratiske rettane sine i samskipnaden eller betalt ut lokal- eller fylkeslagsdelen av medlemspengane. Seks av laga våre er med i både Noregs Mållag og Noregs Ungdomslag, eitt mindre sidan førre årsmelding, på grunn av Austegdelaget som har delt seg opp.

Arbeidet for medlemsauke

Noregs Mållag har dei siste to åra hatt eit medlemstal på over 16 000, og i 2025 hadde me det høgste medlemstalet på 40 år, med 16 456 betalende medlemmer. Mållaget er over 2000 fleire enn i 2020, 4000 fleire enn i 2015, og 6000 fleire enn i 2005.

Medlemmer er sjølve grunnlaget for ein medlemsorganisasjon, og medlemstalet i Mållaget vitnar om at nynorsksaka er viktig for veldig mange. Tusenvis er på lag med nynorsken, og det er på grunn av arbeidet i heile organisasjonen, både nasjonalt, regionalt og lokalt. Når me jobbar saman som ein velsmurt og dyktig organisasjon, styrkjer me oss på alle måtar. Høge medlemstal gjev meir medlemspengerefusjon til laga med lokal- eller fylkeslagssats, og påverkar utsendingsrettane til landsmøtet.

Å få medlemsmassen vår til å betala år etter år er nøkkelen til å auka medlemstalet, i tillegg til å verva nye. Digitale betalingsløysingar som e-faktura, avtalegiro og Vipps gjer det enklare å betala og enklare for skrifvarstova å senda påminningar. Frå 2023 er e-faktura noko ein seier ja til i nettbanken sin generelt (alltid e-faktura). I årsmeldingsperioden har difor medlemmer med e-faktura og avtalegiro gått vidare opp, fordi talet på medlemmer med fødselsdato og mobilnummer gjer det mogeleg å søkja. At mange betalar tidleg, sparar oss for arbeidstid og portokostnader. Å få e-faktura rett i nettbank eller Vipps er veldig enkelt for medlemene våre. At BUL Oslo har høge medlemstal, medverkar også til rekordane.

Me starta 2024 med 1000 betalende medlemmer, der mange var verva på grunn av nobelprisen til Jon Fosse etter 1. oktober 2023, og difor også hadde betalt for 2024. Me prøvde ein ny vri på hovudfaktureringa: Medlemene våre fekk ein månad betalingsfrist på medlemspengane, mot om lag to veker som har vore det vanlege.

Me sende kravet i midten av januar, med betalingsfrist på lønningdag 15. februar. På grunn av nye

system og krav til bankane om «alltid e-faktura», kunne me søkja opp og oppretta e-fakturaavtale med medlemmer rett frå medlemsregisteret vårt. Difor sende me avtalegiro til 1900, e-faktura til 10 000 og faktura på e-post til 2000. Resten fekk betalingsinfo på sms med beskjed om at dersom dei betalte før 15. februar, slapp me å senda giro i posten. Berre 308 medlemmer måtte få papirgiro i posten (fordi me ikkje har annan kontaktinfo). Pakkinga gjorde me sjølve, og brukte derfor berre om lag 2300 kr i porto på medlemspengeinnkrevjing, mot tidlegare beløp på nærare 100 000 kr. Det vart tidleg klart at betalingsviljen var stor, og at me låg mellom 1000 og 1500 medlemmer framom 2023.

I 2025 følgde me same plan for fakturering som i 2024, og gav medlemene god tid til forfallsdato. 20. februar 2025 hadde 341 fleire betalt medlemspengar enn same dato i 2024, og 2353 fleire enn i 2023. Gjennom heile 2025 låg me nokre hundre medlemmer framom 2024, og dette heldt seg til heilt på slutten av året. Me følgde også oppskrifta frå 2024, med seks purringar bae åra. Me avslutta 2025 med 918 aktive medlemmer som ikkje hadde betalt, mot 906 i 2024, og 1255 i 2023 og 1208 i 2022. At dette talet har gått såpass ned, seier noko om at purringane verkar. Det er bra me slepp å senda Norsk Tidend til mange som ikkje betalar.

I løpet av 2024 sende me purring i brevform to gonger, i tillegg til fire gonger på sms/e-post, der me bad medlemmer om å vippsa. Den eine utsendinga var i samband med Nynorskdagen og Vipps på nynorsk. Me sende påminning med jamne mellomrom gjennom året, og avslutta med ei meir personleg purring på sms i desember, som gav god utteljing.

Me har til liks med førre årsmeldingsperiode ringt medlemene som ikkje betalar på tre år, og som står i fare for å bli utmelde. Dette krev litt ekstra arbeid, men det gjev veldig godt resultat. I 2022 ringde me 170 stk. I 2023 var talet 219. Me trur at denne innsatsen er med på å gje ei tilhøyrslse til laget som gjer at medlemene held fram i fleire år enn elles. Me henta inn om lag 75 medlemmer på denne måten i 2024, som me er veldig godt nøgde med. Me melde ikkje ut fleire enn 184 på slutten av 2024. Høvesvis er ikkje det fleire enn det brukar å vera i denne gruppa (trass

Organisasjonen

i at mange av desse folka var blant dei som melde seg inn i samband med FpU-utspelet i 2021). I 2025 ringde me 190 stk, og melde ikkje ut fleire enn 111 ved årsslutt.

I tillegg ringjer me kvart år medlemer som har gjeve gåve, men som ikkje har betalt medlemspengar, med spørsmål om det var det dei meinte. Me har ikkje sendt e-post til medlemer over 30 år i NMU, som ikkje lenger er teljande for statsstønad, med oppmoding om å flytta over til Noregs Mållag. Dette bør me gjera.

Talet på utmeldingar i 2024 var 810, og det var 616 i 2025. Talet frå 2024 kan vera delvis pga. opprydding i BUL Oslo si liste. I 2022 melde me ut 619 medlemer, medan talet var 663 i 2023. At talet på utmeldingar er stabilt, med så mykje høgare medlemstal, viser att i dei nye medlemsrekordane. I 2024 registrerte me 156 avlidne, og i 2025 155. Til samanlikning var tala 128 i 2022, og 165 i 2023.

Tabellen under syner medlemstalet dei siste ti åra, med tal på nyinnmelde for kvart år. Talet på betalende medlemer i laga våre, og auke frå år til år, finn ein i lagsoversynet bak i årsmeldinga. Me får flest nye medlemer når det er politiske saker som står på spel, og nynorsken er truga. I lista under er det FpU sitt F**K nynorsk-utspel som gjev det største utslaget. I 2023 såg me likevel at folk også melde seg inn for å feira nobelprisen til Jon Fosse. Vestlandsregionsaka gav klart utslag på medlemstilstrøyminga i 2016/2017, medan læreplansaka gjorde det i 2019. I 2020 brukte me krav til språklova for å verva, medan me verva på opplæringslova mellom 2020 og 2023. Den store auken i 2024 er i stor grad fordi verving vart prioritert i organisasjonen.

År	Medlemer	Endring	Nyinnmelde
2015	12022	296	680
2016	12411	389	1089
2017	13240	829	1303
2018	13050	-190	850
2019	13581	531	1249
2020	14104	523	1000
2021	15483	1379	1990
2022	15046	-437	813
2023	15682	636	1505
2024	16378	696	1247
2025	16456	78	1002

Verveåret 2024

Dei siste åra har me jobba godt med verving. Verving er organisasjonsbygging i praksis. Me aukar ikkje berre talet på medlemer når me gjer dette: Me får betre økonomi, (i alle fall om folk betalar fleire år enn berre ved innmeldinga). Me får ei større kontaktflate, og kan spreia info raskt til interesserte folk. Me aukar sjansen for å rekruttera friviljuge til styre og stell. Me aukar sjansen for å skipa lag der me ikkje har aktivitet. Me får meir merksemd frå styresmaktene, og større politisk gjennomslagskraft.

Det kanskje viktigaste med å få lokale tillitsvalde til å verva, er at dei får sterkare eigarskap til målsaka, og tør å spørja. Vervearbeidet i 2024 viste meir enn nokon gong at om ein berre tør å spørja, så seier folk ofte ja.

Godt vervearbeid avlar meir godt vervearbeid. Målfolk og sympatisørar vert glade når medlems-talet vårt aukar. Difor brukar me gong på gong målsetjingar i form av runde tal, og ikkje minst hugsar me på å skryta når me får mange nye medlemer. Alt dette bidreg til å styrkja merkevara Noregs Mållag.

2024 var eit godt verveår. For fyrste gong sidan 1985 avslutta Noregs Mållag året med over 16 000 betalende medlemer, til saman 16 378. Som ein ser i lagsoversynet, auka medlemstalet i alle fylkeslaga, så nær som to, der talet var likt som året før. Mange fylkeslag har no det høgste medlemstalet nokon gong, og rekordtalet frå 1977 på 17 688 nærmar seg med stormskritt.

I landsmøtetalen sin lanserte leiar Peder målsetjinga om å nå 16 000 medlemer i 2024, og me fylgde det opp med at nestleiar Live heldt verve-seminar for alle landsmøteutsendingane sundagen. På éi veke verva deltakarane over 50 nye medlemer, og verveseminara til Live heldt fram med å kveika vervelyst i organisasjonen, også på haustseminaret i Elverum. Til saman verva me nærare 900 medlemer frå landsmøtet og resten av året.

Her er ei liste over laga som verva flest NYE medlemmer i 2024:

Bergen Mållag	79
Oslo mållag	61
Gausdal Dialekt- og Mållag	34
Solør dialekt- og mållag	31
Nidaros mållag	27
Borgund Mållag	25
Stavanger Mållag	24
Evje og Hornnes Mållag	23

Nytt for året var at me utvida vervedagen 1. oktober til å bli ei verveveke, frå 1. til 8. oktober. Gjennom slagord som «Ouuu, me vervar saman», «Å verve eller ikkje verve, det er spørsmålet» og «Å verva, det er å elska» greidde me å lyfta medlemstalet med 195 nye medlemmer på éi veke. Alle laga fekk dessutan tilsendt vervegrafikk med eige lagsnamn på, og ei målsetjing som tok utgangspunkt i det høgste medlemstalet i laget i nyare tid. Dei fem beste vervelaga (denne eine veka) vann velfortent premie for innsatsen. Å leggja opp til tevling denne veka fungerte godt. Det er ei ordning me kjem til å halda fram med, i staden for tevling gjennom heile året. Fleksibiliteten for lokallaga med å ha ei veke å boltra seg på, trur me også er positiv.

Vinnarar av vervetevlinga i verveveka 2024:

Bergen Mållag	21
Oslo mållag	18
Mållaget Ivar Kleiven	11
Suldal Mållag	9
Ål og Hol Mållag	9

Me hadde ein vellukka vervekampanje i sosiale medium utover hausten, med ulikt fokus. To postar viste fram 10 singlar me har kjempa fram gjennom åra, med 10 ting som står att. Me verva på at det var eitt år sidan Fosse fekk nobelpris, og me laga vervemem for fyrste gong.

Før verveveka laga me to nye verveflygeblad og i tillegg to ulike vervebokmerke. Desse sende me ut til alle lokallaga våre, og oppmoda dei om å tinga fleire. Mange lokallag stod på stand, og me var tydelege på 16 000-målsetjinga i media. Me hadde annonse i Norsk Tidend, med info om husstandsmedlemskap. Då målet var nådd, delte me bilete av Peder og Live med heimelaga tal på

toppen av Fløyen. Her fylgjer lister over laga med størst prosentvis auke frå 2023 til 2024:

Størst % auke i lokallaga 2023–2024:

Gausdal Dialekt- og Mållag	63 %
Evje og Hornnes Mållag	56 %
Lunde Mållag	38 %
Kvinesdal Mållag	22 %
Toten dialekt- og mållag	21 %

Størst % auke i fylkeslaga 2023–2024:

Austmannalaget	15,4 %
Rogaland Mållag	6,3 %
Trønderlaget	5,2 %
Sogn og Fjordane Mållag	4,9 %
Aust-Agder Mållag	4,8 %

Frå 1. oktober til 31. desember verva me til saman 560 nye (utan medlemmer i ungdomslaga). Det tyder at me starta 2025 med desse som betalende medlemmer. Det er færre enn starten av 2024, men mange fleire enn i 2023, noko me kan vera stolte av.





Nestleiar Live Havro Bjørnstad og leiar Peder Lofnes Hauge feira 16 000 medlemmer på toppen av Fløyen i Bergen. Foto: Erick Kjellevold.

Verveåret 2025

Me avgjorde tidleg å ikkje bruka like mykje tid på verving i 2025, særskilt på grunn av sidemålskampanjen, som la band på store ressursar. At kampanjen likevel hadde effekt på medlemstalet, er det liten tvil om.

Då kampanjen og valdagen var over, var tida likevel snart inne for «Verveveka 2025». Me fekk laga nye små vervekort med hjarte på, og laga ny vervepost i sosiale medium kvar dag gjennom veka, med ulik vinkling. Lokallaga fekk også sjølvstøtt oppmoding om å verva. Me registrerte 109 nye medlemmer i løpet av veka, og dei fem laga som fekk flest nye medlemmer, vann bokpakker.

Vinnarar av vervetevinga i verveveka 2025:

Fron Mållag
Voss Mållag
Osterøy Mållag
Valle Mållag
Noregs Lærarmållag

Målsetnaden til styret var heile tida å koma over 16 000 medlemmer i 2025, og ikkje noko meir. Men då me i desember såg at det kunne verta ny rekord, lét me ikkje sjansen gå frå oss. Me laga ein del vervepostar til sosiale medium, bad om vervehjelp frå organisasjonen, sende rekordmålsetnaden i purringar og ringde dei som ikkje hadde betalt på tre år. Her fylgjer tabellar over laga som auka mest:

Lokallag med flest nye i 2025:

Voss Mållag	63
Oslo mållag	57
Bergen Mållag	34
Osterøy Mållag	30
Stavanger Mållag	22
Jæren Mållag	20
Fron Mållag	18
Stranda Mållag	18
Kyrkjemållaget	16
Valle Mållag	14

Størst % auke i lokallaga 2024–2025:

Nesna Mållag	81,3 %
Lofoten og Vesterålen Mållag	46,7 %
Osterøy Mållag	28,9 %
Stranda Mållag	22,9 %
Mållaget Dag	22,2 %

Størst % auke i fylkeslaga 2024–2025:

Nordland Mållag*	21,1 %
Yrkesmållaga	7,7 %
Romsdal Mållag	3,1 %
Rogaland Mållag	2,6 %
Fylkesmållaget Vikværingen	1,5 %

**Dei stettar ikkje krava til fylkeslag i dag, og er såleis eit «sovande» lag.*

Me trur måten me no driv med medlemspengeinnkrevjing er god, og at vervearbeidet også har ei god form i organisasjonen. Me er likevel sikre på at mange nordmenn berre treng å få spørsmålet om medlemskap andlet til andlet, så her har alle målfolk eit stort vervepotensial, om dei berre tør.

Om å ta imot nye medlemmer

Når du melder deg inn i Noregs Mållag, får du tilsendt brev i posten med både informasjon om Mållaget, korleis bli aktiv i Mållaget, og dessutan klistremerke og «skriv nynorsk»-penn. Me legg vekt på at nye medlemmer skal finna saker dei er opptekne av. Siste åra har me hatt fleire oppdateringar på Facebook og Instagram som peikar på at det er spennande å bli med i aktivitet lokalt og oppmodar folk om å ta kontakt med eige lag. Me har sendt sms til alle medlemmer i samband med sidemålskampanjen, og sendt kampanjebrev gjennom kampanjeperioden til alle tillitsvalde og nokre fleire som engasjerte seg med å tinga klistremerke. I samband med å få Android på nynorsk sende me e-post til alle medlemmer. Me har også sendt nokre ting regionalt, når det har vore større tilskipingar eller tilbod.

Rekruttering av unge vaksne

Norsk Målungdom organiserer ungdom og unge vaksne opp til 30 år. Me inviterer deira medlemmer frå dei er 25 år og oppover til å delta på samlingane for unge vaksne i Oslo. Det er det viktigaste enkelttiltaket gjennom året. Det er viktig for å halda Mållaget vitalt at me er eit godt alternativ for dei som har engasjert seg i Målungdomen i unge år. Me har også avtale med NMU om å senda informasjon og invitasjon til deira medlemmer som er over 30 år om å bli medlem i Mållaget. Me prøver å ha ein profil på sosiale medium som appellerer til denne målgruppa, og i den konkrete rekrutteringa vert unge vaksne oppmoda om å ta på seg verv.

Nyskiping og oppattstarting av lokale mållag

Ein viktig del av bygginga av organisasjonen er å vera med direkte inn i arbeidet med å starta opp lokale lag og vekkja sovande lag til live. Nokre stadar gjer me arbeidet saman med det aktuelle fylkesmållaget eller andre lokale aktivistar.

Osterøy Mållag: I oktober 2024 var det laga årsmøte og valt nytt styre, etter at laget ikkje hadde levert årsmelding sidan 2016. Organisasjonskonsulent i Hordaland Mållag, Sahra Torsvik, arbeidde fram oppattskipinga. Laget er i god aktivitet og har i 2025 auka medlemstalet til heile 116 medlemer.

Etne Mållag: I høve Nynorskstafetten 2024 vart det skipa til eit møte i Etne Mållag som valde eit nytt mellombels styre. Det er Siri Kløkkerstuen som har stått i spissen for arbeidet, og ho har vorte leiar for laget. Året etter var det ordinært årsmøte. Laget feirar 100 år i 2026 med fleire flotte tilskipingar gjennom året.

Nesna Mållag: På nyåret i 2025 var det skipingsmøte i Nesna Mållag i Nordland. I Nesna har det vore sporadisk aktivitet av og til, så det at Berit Oksfjellelv tok kontakt og ynskte å skipa lag, var veldig stas. Ho og fleire andre vart vekta då fylkesråden for opplæring i Nordland fylke ville søkja om fritak frå sidemål, og konklusjonen på dette var at dei ville laga eige mållag. Laget har fått heile 29 medlemer.

Arendal dialekt- og mållag: Austegdelaget i Arendal har tidlegare stått i både Noregs Ungdomslag og Noregs Mållag. I mars 2025 var det stor semje på årsmøtet om å dela laget. Dei som er mest interesserte i målsaka har skipa Arendal dialekt- og mållag med Jan Kløvstad i spissen som leiar. Laget har 42 medlemer i 2025, og det ser ut som at delinga har gjeve eit oppsving for målarbeid og laget har fått til mykje utetterretta aktivitet.

Haram Mållag: Laget hadde ikkje levert årsmelding sidan 2019, og etter fleire forsøk vart det skikkeleg resultat. I februar 2026 var det eit godt besøkt årsmøte som valde nytt styre med Birgit Oline Kjerstad som leiar.

Lofoten og Vesterålen Mållag: I mars 2026 var det årsmøte i Lofoten og Vesterålen Mållag, der

det vart valt styre. Det har vore lokale mållag i Lofoten og Vesterålen i ulike variantar og samansetningar tidlegare, men det er fyrste gong er skipa eit mållag som skal dekkja heile det geografiske området Lofoten og Vesterålen. Styret har fått representantar frå kommunane Vågan og Vestvågøy, og Øksnes i Vesterålen.

Årshjul for lokale mållag

Rett i framkant av landsmøtet vedtek ein årshjul med datoar og plan for dei store tilskipingane dei neste to åra. Datoane vert sende ut til lokale mållag og lagde i kalenderen.

Samarbeid med yrkesmållaga

Noregs Mållag har ni yrkesmållag, og seks av desse er for tida aktive. Dei aktive laga er Løvebakken Mållag (lokallag for Stortinget og regjeringsmedlemer), Medisinsk Mållag, Juristmållaget, Noregs Lærarmållag, Mediemållaget og Mållaget i LO-administrasjonen. Landbruksmållaget er framleis under oppskiping og Kyrkjemållaget har planlagt oppskipingsmøte 8. april 2026. Noregs Forretningsmållag har ikkje vore aktivt på mange år.

Yrkesmållaga har organisert seg i eit eige samarbeidsforum der dei med jamne mellomrom har digitale møte og diskuterer oppgåver og utfordringar som gjeld yrkeslaga særskilt.

Løvebakken Mållag vart skipa på nyåret 1975 med stortingsrepresentant Bergfrid Fjose (KrF) som fyrste formann. Dette er sjølv sagt eit viktig lokallag for målsaka i Noreg. Førre periode var det 35 medlemer i Løvebakken Mållag. Etter stortingsvalet gjekk medlemstalet noko ned, og det er om lag 25 medlemer i laget. I stortingsperioden frå 2021–2025 var det Sveinung Rotevatn som var leiar i laget. Det har vore god kontakt mellom det politiske miljøet på Stortinget og Noregs Mållag i perioden. Viktige politiske saker har vore statsbudsjettprioriteringar, ny opplæringslov som hadde veldig mange problemstillingar som er skildra i opplæringsdelen av årsmeldinga, styrking av språklova og innlevering av framlegg om å leggja inn norsk språk og jamstelling mellom nynorsk og bokmål i Grunnlova. Sveinung Rotevatn vart takka av som leiar i Løvebakken Mållag på haustseminaret i oktober 2025. Noregs Mållag inviterte til årsmøte i Løvebakken Mållag på 5. februar 2026. Då vart Åse Kristin Ask



Oppstilling etter årsmøtet i Løvebakken Mållag. Frå venstre: Peder Lofnes Hauge, leiar i Noregs Mållag, stortingsrepresentantane Erling Sande (Sp), Åse Kristin Ask Bakke (Ap), Stig-Even Lillestøl (FrP), Solvøig Vestenfor (Ap) og Harry Valderhaug (KrF).

Bakke vald til ny leiar. Med seg i styret fekk ho stortingsrepresentantane Ingrid Fiskaa (SV), Stig Even Lillestøl (FrP), Erling Sande (Sp), Siren Jensen (MDG) og Sofie Marhaug (R).

Juristmållaget og Noregs Mållag har hatt to utspel saman i denne arbeidsperioden. I mars 2024 hadde Peder Lofnes Hauge, leiar i Noregs Mållag, eit utspel saman med Sigbjørn Råsberg, dåverande leiar i Juristmållaget om at «Alle nye lover bør kome på nynorsk!». Dette emnet vart følgt opp året etter i mars 2025 med eit utspel om at den komande nye forvaltningslova burde koma på nynorsk. Dette innlegget var skrive saman med noverande leiar, Ingrid Handeland.

Mållaget i LO-administrasjonen er eit mållag for tilsette og tillitsvalde knytte til administrasjonen i LO nasjonalt og lokalt. Tommy Tverdal er leiar for laget og han er også varamedlem til styret. Han heldt innleiing på samling for unge vaksne om korleis få meir nynorsk i fagrørsla og korleis Mållaget kan styrkja seg i fagrørsla. I perioden har politisk rådgjevar Frida Pernille Mikkelsen halde innleiing på seminar for Mållaget i LO-administrasjonen.

Noregs Lærarmållag er eitt av dei eldste yrkesmållaga. Laget har Eline Bjørke som leiar og har 118 medlemmer. Me har arbeidd saman med laget om høyringar og innspel innanfor opplæring. Eline Bjørke heldt innleiing på haustseminaret i Elverum.

Kyrkjemållaget har no planlagt oppskipping den 8. april 2026. Oppstarten har vore planlagt i eit godt år, og det var difor veldig kjekt at me har ein konkret dato for oppattskipping av laget. Kyrkjemållaget erstattar Teologisk Mållag som vart forsøkt starta opp som yrkesmållag på slutten av 90-talet, men aldri vart eit fungerande lag. Frå 2024 til 2025 auka laget frå 1 medlem til 34 medlemmer.

Landbruksmållaget har vore eit sovande lag i veldig mange år. Åsmund Kvifte har teke initiativ til å skipa opp att laget. Ynsket er å få til ein aktiv dialog rundt kva som er godt språk og god nynorsk innanfor dette fagfeltet. I mars 2025 var det skipingsmøte, og laget har 15 medlemmer.

Medisinsk Mållag har 115 medlemmer og hovudbase i Bergen. På landsmøtet i 2024 fekk Øygunn Leite Kallevik nynorskstipend for å laga ei lærebok for medisinsk journalføring. I september 2025 var det klart for lanseringsarrangement i Bergen som Noregs Mållag bidrog med finansiering til. Det var heilt fullt og god stemning og folk var nøgd med boka. Nestleiar Live Havro Bjørnstad var til stades og bidrog på lanseringa.

Mediemållaget har 117 medlemmer. Dei har dei siste par åra byrja eit arbeid for å samarbeida med medieutdanningane for å få meir nynorsk i media. Dei har også årvisse tilskipingar i Oslo der dei både deler ut Nynorsk redaktørpris og gjerne har eit fagleg aktuelt ordskifte attåt.



Ingrid Handeland frå Juristmållaget slo eit slag for nynorsken i Debatten på NRK i april 2024. Foto: Skjermdump frå NRK.

Lokalt politisk påverknadsarbeid

Skrivarstova har eit avgrensa tal medarbeidarar, så me fylgjer opp lokale saker, så langt me har kapasitet. Nokre lag tykkjer det er veldig godt å få ekstra hjelp til skrivearbeid til dømes, medan me på vår side har veldig god hjelp i lokale vurderingar. Me går stort sett inn i dei sakane der me ser at det står mykje på spel for nynorsken som kvardagsspråk lokalt.

Dei digitale møta me har hatt, fungerer ofte slik at lokale mållag eller lokale folkevalde får innspel til korleis ein kan ta opp eller arbeida med lokale saker som språkbruksplan, planar for barnehagane i kommunen, oppfylging av nynorsk i skulen eller administrasjonen lokalt.


Nokre gonger vert me spurde om å hjelpa til, og andre gonger tilbyr me oss til å hjelpa. Me ynskjer å bidra på ein slik måte at den sentrale arbeidskrafta er med og styrkjer det lokale målarbeidet. I det vidare er det nokre slike lokale saker der me har lagt inn ekstra kapasitet.

Dovre: Hausten 2024 kom saka om å fastsetja opplæringspråk på skulane i kommunen opp i kommunestyret i Dovre. Ho vart lagd fram med to alternativ. Halda fram med nynorsk eller at kommunestyret skulle leggja saka til folkerøysting. Dette vart ei langvarig sak som ikkje vart avgjort før på nyåret i 2025. Det viktigaste bidraget vårt var å laga eit eige skriv med fagleg argumentasjon som me sende til kommunestyremedlemene. I tillegg hadde me god kontakt med lokale politikarar og målfolk lokalt. Resultatet vart at Dovre kommune held fram med nynorsk som opplæringspråk. Austmannalaget har fylgt opp etter at saka vart avslutta med å dela ut nynorskbøker til barnehage og småskulen. Nynorsksenteret har også sagt at dei gjerne vil stilla opp med opplegg for lærarane ved skulane i Dovre.

Lom og Skjåk: I august 2024 sende Lom og Skjåk Mållag, Austmannalaget og Noregs Mållag eit felles høyringssvar til Innlandet fylkeskommune i spørsmålet om omlegging av skulestrukturen i fylket. Me peika på at Innlandet fylkeskommune har i overkant av 2800 nynorskelevar og at omsynet til nynorskelevane og retten deira til å ha eit like godt skuletilbod som bokmålslelevane bør vega tungt. Med bakgrunn i det peika me på

at me var mest uroa over at skulestad Lom under Nord-Gudbrandsdalen vidaregåande skule var føreslegen nedlagd. Denne budskapen gjekk me også ut med i media. Fylkestinget vedtok diverre å leggja ned avdelinga, og då starta arbeidet med å laga ein privat vidaregåande skule i Lom med namnet Jotunheimen vgs. Noregs Mållag hadde møte med prosjektgruppa som arbeidde med skulen, og me skreiv eit eige tilrådingbrev til søknaden som vart send til departementet. Skulen er no i ferd med å avslutta sitt fyrste skuleår, og me meiner det er viktig at skulen er tydeleg på at nynorsken er ein viktig del av skuledrifta.

Åmli: Hausten 2025 fremja Raudt i Åmli ein interpellasjon der dei bad kommunedirektøren greia ut korleis kommunen kan gå frå å vera nynorsk-kommune til å bli nøytral kommune. Saka kom til handsaming i midten av mars 2026. Me skreiv eit brev til alle kommunestyrerepresentantane på vegner av Åmli Mållag og Noregs Mållag der me argumenterte for å halde på nynorsk administrasjonsspråk. Denne teksten vart også eit eige debattinnlegg signert reiseskriver i Agder, Nora Tangen Aarskog, og Peder Lofnes Hauge. Me var også i direkte kontakt med nokre av medlemene av kommunestyret. Kommunestyret i Åmli vedtok å halda fram med nynorsk administrasjonsspråk og bad administrasjonen laga retningslinjene for korleis dette skal gjerast, å halda kommunestyret orientert om desse retningslinjene. Det var kommunestyremedlemmer som uttrykte uro for at dette ville føra til meir skrivning på bokmål enn det allereie er i dag. Me er glade for at me fekk eit vedtak som held på nynorsken, og vurderer det slik at me framover må prøva å fylgja tettare på Åmli.



Informasjonsarbeid

Nytt om nynorsk

Mange nye medlemmer hakar av for å få nyhende-brevet vårt Nytt om nynorsk. Det er i skrivande stund 6541 tingarar, 437 fleire enn for to år sidan. Me har eit mål om om lag éi utsending i månaden, utanom på sumaren. I 2024 sende me berre 7 nyhendebrev, medan me i 2025 auka til 10. Prosentdelen som faktisk opnar e-postane er om lag 28 prosent ned frå 45 prosent i førre årsmeldingsperiode. Det kjem nok av hyppigare utsending. Nytt om nynorsk inneheld dei viktigaste nynorsksakene sidan førre utsending, og også våre eigne saker om verving, adventskalender, tilskipingar, stipend eller liknande.

Norsk Tidend

Norsk Tidend er medlemsbladet til Noregs Mållag. Avisa blir send ut til medlemene i Noregs Mållag og Norsk Målungdom, og til faste tingarar som til dømes bibliotek. På landsmøtet i 2024 vart det bestemt at avisa skal koma ut fire gonger i året, mot fem slik det var tidlegare. Som regel er avisa på 28 eller 32 sider. Per 2025 er opplaget i underkant av 16 000. Avisa blir lagt ut på nettstaden til Noregs Mållag og kan lesast gratis digitalt. Det blir også laga nettsaker av enkeltartiklar frå bladet, som blir delte i sosiale medium. Vemund Norekvål Knudsen har vore redaktør sidan august 2022. I perioden 1. mars 2025 til 1. oktober 2025 var Vemund Norekvål Knudsen i permisjon. I den perioden var Jógvan Helge Gardar tilsett som redaktør. Frå 1. januar 2026 er Jógvan Helge Gardar tilbake som redaktør. Norsk Tidend blir redigert etter Redaktørplakaten.

I medlemsavisa skal ein finna saker som tek opp stoda for nynorsk og dialektane i heile landet, og avisa skal kasta lys over utfordringar, løysingar og gladsaker om desse temaa. I tillegg er avisa ein informasjonskanal for medlemene og skal rapportera om arbeidet både lag og sentrallag gjer. Det redaksjonelle innhaldet er i hovudsak skrivne av Skrivarstova, men det er også stoff frå Nynorsk pressekontor, Framtida, lokalaviser og andre skribentar. Det er også innhald frå lokallag og medlemmer i Mållaget. Målungdomen disponerer ei fast side og Kringkastingsringen har ei fast spalte. Tharaniga Rajah har frå 1/2022 vore fast skribent til «På tampen»-spalta. Einar Søreide har stått for kryssordet heile perioden. Audun

Skjervøy ved Språksmia i Valldalen er setjar for bladet, og det er Amedia Trykk som står for trykking, og Aksell (tidlegare Lundebey) som står for distribusjon.

I 2024 markerte Norsk Tidend 80-årsdagen til Kjartan Fløgstad med eit temanummer i form av eit intervju med jubilaranten og eit nyskrive essay om forfatterskapen av professor Heming H. Gujord. I 2025 laga Norsk Tidend to temanummer: Nummer 2 var eit spesialnummer på 40 sider om stoda og framtida for sidemålsordninga. Avisa fungerte som innlegg undervegs i ein stortingsvalkamp der sidemålsordninga stod på spel, særleg frå partia på høgresida, og vart nytta som del av sidemålskampanjen fram mot valet. Nummer 3 var eit ordinært nummer på 32 sider der nynorsk i vaksenopplæringa var hovudsak, med både ei kvalitativ sak om skiftet til nynorsk i kommunane Etne og Stranda og ei kvantitativ utgreiing om situasjonen i alle nynorskkommunane.

Pressearbeid

Nokre gonger vert Noregs Mållag og leiar Peder Lofnes Hauge kontakta direkte for å svara på spørsmål knyta til ei sak, eller at journalisten ynskjer å laga ei sak og treng meir informasjon for faktisk å laga saka. Då fylgjer me opp og svarar straks. Svært mykje pressearbeid handlar likevel om å formulera ein politisk bodskap eller eit standpunkt knytt til ei aktuell sak, eller sjølve ta opp emne me meiner bør bli ei aktuell sak i media. Me kontaktar journalistar direkte, skriv kortare talepunkt, pressemeldingar, debattinnlegg og kronikkar, alt etter kva som høver best i kvar einskild sak. Me har felles informasjonsmøte kvar måndag der me snakkar oss gjennom veka og planlegg kva bodskapar me vil ut med, eller bør gå ut med, anten det er til pressa eller i eigne informasjonskanalar. Nokre gonger sender me eit utspel ut nasjonalt, og andre gonger vel me å gå ut meir lokalt, gjerne i samarbeid med lokale mållag.

Heimesidene

Nettsidene til Noregs Mållag er www.nm.no. Dei vert oppdaterte med aktuelle saker for Noregs Mållag og for nynorsk. Me prøver å leggja ut presseutspel, informasjon om tilskipingar,

utlysingar av fristar eller nominasjonar og andre aktuelle hendingar. Me tek også mål av oss at nettsidene skal ha ein oppdatert kalender med tilskipingar i mållaga i heile landet og andre tilskipingar med nynorskprofil, og eit oversyn over alle aktive lokallag, yrkesmållag og fylkesmållag. Me legg også ut saker frå Norsk Tidend, og tidlegare nummer av Norsk Tidend er det mogleg å finna attende til. Det skal òg vera mogleg å lesa kva Mållaget meiner om dei viktigaste politiske sakene for målsaka, finna tidlegare årsmeldingar, tidlegare prisvinnarar og liknande. Målgruppa for heimesidene er både interne tillitsvalde, presse og andre interesserte.

Noregs Mållag – ressursområde

Dette er eit ressursområde som me har laga til på ein felles Google Disk. Det er 135 leiarar, kontaktpersonar og tillitsvalde som har tilgang til dette ressursområdet. Der er det mogleg å finna ekstra ressursar til kampanjar lokalt. Til dømes grafiske element til nynorskdagen, nynorskveka og kampanjen for nynorsk for alle i skulen. Ein kan òg finna konkrete og praktiske tips knytte til å driva lokallag og økonomiarbeid. Ressursområdet er langt meir utfyllande enn det ein finn på nettsidene.

Sosiale medium

Noregs Mållag er til stades, og brukar aktivt kontoane våre på Facebook, Instagram, TikTok og LinkedIn. Sidan førre årsmelding har me sletta kontoen på Twitter/X. På dei plattformene me brukar i dag, når me forskjellige målgrupper, og publiserer forskjellig innhald. Sjølv om me ofte krysspubliserer mellom Facebook og Instagram, er det nokre innlegg me berre publiserer på ein av dei. På Instagram er målet å vera litt meir lettbeinte, og me har publisert nokre humoristiske postar og memar der som har vore populære. TikTok skil me heilt frå dei to andre kanalane, med unntak av nokre videoar me har lagt ut på alle tre. TikTok gjev endå meir rom for humor, og der plar me å henga oss på trendar i større grad.

Facebook

På Facebook er det personar på 65 år og eldre som er den største gruppa blant fylgjarane våre. I januar 2026 hadde me 22 456 fylgjarar, som tilsvarar ein auke på 1 894 sidan mai 2024.

Facebook er med god margin den største plattformen vår. Me har som mål å leggja ut minst eit innlegg kvar dag, noko me i stor grad har greidd å oppretthalda. På Facebook deler me alt frå dikt til politiske utspel. Vårt mest populære innlegg på Facebook sidan førre årsmelding var Haldis Moren Vesaas sitt dikt «Å vera i livet». Innlegget fekk over 3000 likarklikk, 108 kommentarar, 399 delingar og vart sett av 322 000.

Instagram

På Instagram treffer me litt yngre enn me gjer på Facebook. Der er personar i alderen 35–44 den største gruppa blant fylgjarane våre. På Instagram hadde me 7 911 fylgjarar i januar 2026, det er ein auke på 1 521 sidan mai 2024. Det mest populære innlegget på Instagram var også diktet til Haldis Moren Vesaas, med 4000 likarklikk, 114 kommentarar, 149 delingar og 19 597 visningar.

TikTok

Før «Nynorsk i skulen for alle»-kampanjen bestemte me oss for å oppretta ein konto på TikTok, mellom anna med mål å treffa ei yngre gruppe enn me gjer på dei andre kanalane våre. I tillegg gjer TikTok sine algoritmar og oppsett det enklare å nå breiare enn dei som fylgjer oss. Sidan me starta kontoen førre vår, har me fått 756 følgjarar, mens visningstala har variert frå 65 til nærmare 95 000. På TikTok er den største gruppa blant fylgjarane våre mellom 25 og 34, medan det blant dei som ser videoane våre, er flest mellom 18 og 24. TikTok er heilt klart den plattformen der me møter mest motstand i kommentarfeltet, utan at det er noko me berre ser på som negativt. Hovudmålet med kontoen var å nå ut til unge med budskapet vår, noko me har fått til med fleire av videoane våre. Det mest populære innlegget var ein trend der me brukte Ivar Aasen, den fekk 7006 likarklikk, 204 kommentarar og 276 delingar og 94 917 visningar.

LinkedIn

På LinkedIn byrja me fyrst å posta i februar 2026, og det første innlegget me la ut var 120-årsdagen til Mållaget. Per no har me rett over 200 fylgjarar på LinkedIn. På LinkedIn skal me fyrst og fremst dela nettsakene våre, som mellom anna inneber politiske utspel, møte og prisutdelingar.

Hudd

Hudd lanserte ein nynorsk språkversjon i februar 2026, og Noregs Mållag har i samband med det registrert seg med konto der.

Kampanje i sosiale medium

Det desidert største prosjektet me hadde på sosiale medium denne perioden og i saga til Mållaget på sosiale medium, var kampanjen «Nynorsk i skulen for alle». Frå 5. mai og fram til stortingsvalet 8. september hadde me ein stor kampanje i sosiale medium for å redde sidemålsordninga. I denne perioden posta me minst 3 innlegg på Instagram, Facebook og TikTok kvar veke som handla om sidemålsordninga. I tillegg til at me la ut ei soge med klistremerket vårt rundt om i heile verda kvar dag for å telja ned til valet. Kampanjen hadde fleire vellukka innlegg på alle tre plattformene, og fekk mykje merksemd. På TikTok vart det diskusjon i kommentarfeltet på fleire av videoane, der unge engasjerte seg på både sider av saka.

Nynorsk skattemeldingskampanje

Etter initiativ frå skrivarstova sette Sunnmøre Mållag i gang med nynorskaksjon ved skattemeldinga. Seinare kom Romsdal Mållag og Nordmøre Mållag med på aksjonen. Dette arbeidet kjem til å verta viktig framover. På grunn av den demografiske utviklinga i Noreg vil talet på elevar i nynorsk kommunar minka. Til viktigare vert det å auka talet på personar som vel nynorsk skattemelding. Skattemeldinga er einaste offisielle talet på «nynorskbrukarar». Berre i det gamle Sogn og Fjordane fylke er det godt over 12 000 som er registrerte med skattemelding på bokmål. Her er det mykje å ta tak i for lokal- og fylkeslag allstad. Det er fullt mogleg for laga i bokmålsområde å driva denne aksjonen med.

Privatarkiv innanfor nynorsk skriftkultur

Nynorsk kultursentrum inviterte til høyring om bevaringsplan for privatarkiv knytt til nynorsk skriftkultur vinteren 2025. Høyringa var i realiteten både ei orientering om at dei gjer godt arbeid med å sikra slike arkiv for ettertida, men også ei påminning om at det heilt sikkert ligg ei rekkje arkiv på loft og i kjellarar rundt om som me ikkje kjenner til, men som likevel har stor verdi for ettertida.



Dialekt

Fleire stader er dialektane under sterkt press. Mange av lokallaga i Noregs Mållag driv viktig dialektarbeid.

- Noregs Mållag skal forsvare dialektar og dialektbruk i det offentlege ordskiftet og rose gode døme på dialektbruk i massemedium, sosiale medium og elles i samfunnslivet.
- Noregs Mållag skal dele gode døme på målførearbeid mellom laga våre i ein ressursbank eller liknande, og sentrallekken skal leggje til rette for det.

Det finst neppe noko anna land med større produksjon av lokalsoge- og dialektbøker enn Noreg. Attåt mange av lokallaga våre gjev også sogelag, bygdekvinnelag og andre ut bøker og hefte om den lokale dialekta. Dialekt er den vanlege standardtalen i Noreg og det er ein av dei største sigrane til målrørsla. Eit viktig tilskot til dialektarbeidet er dei mange dialekt- og språkspaltene i lokalaviser som er skrivne av målfolk, både nord og sør i landet. Fleire har også hatt stand med dialektmarkeringar, gjerne inkludert kviss eller andre tevlingar med lokale ord og uttrykk. Fleire lag har også nettsider der ein på ulike måtar samlar dialektord frå eige område.

Samtida er like fullt tvitydig, og dialektstoda på Austlandet skil seg kraftig frå dei andre landslutene: Mest alle tradisjonelle bygdemål frå Trysil i nord til bymåla i Grenland er under kraftig press frå bokmål. I resten av landet skjer det òg endringar i målføra, både som resultat av bokmålspress og påverknad frå næraste by, men her er ikkje eksistensen av målføra truga på same vis som på Austlandet. Somme stader har lokal- og fylkeslag sett i verk tiltak for å stå i mot presset, mellom anna i Hallingdal, Valdres og på Hadeland.

Noregs Mållag tok initiativ til og var avgjerande for at det vart starta eit dialektlag i Solør. Laget fekk godt med medlemmer, og det vart skipa fleire godt besøkte møte. Til slutt vart det likevel semje mellom dei mest aktive at dei ynskte å vera eit sjølvstendig dialektlag og ikkje tilknytt Mållaget.



Stadnamnarbeid

- Mange medlemmer er opptekne av å ta vare på den språkarven stadnamna representerer. Noregs Mållag skal stø opp om stadnamnarbeidet som vert drive i lokal- og fylkeslag.

Seljord Mållag samarbeider med Vest-Telemark museum, Seljord Sogelag og Åmotsdal Sogelag om å samla inn og registrera stadnamn frå heile kommunen. Dei har etter søknad fått støtte til arbeidet. Mållaget Dag har fått støtte til eit ope møte med innleiing om grenske stadnamn i Skiensfjorden og Troms og Finnmark fylkesmålslag har fått støtte til ei haustsamling for laga der stadnamnarbeid var mellom emna.

Tilskipingar

Å finne ein god balanse mellom digitale og fysiske samlingar er viktig framover. Dei digitale seminara har vore vellukka og er komne for å bli.

- Sentrallekken skal kvart år skipe ei samling for unge vaksne.
- Alle nyvalde leiarar skal få tilbod om skulering frå sentrallekken.
- Det skal skipast minst eitt fysisk nasjonalt seminar kvart år.
- Alle fylkeslaga skal vitjast. Den nye digitale røyndomen gjer at me skal vitje fleire lokallagsårsmøte digitalt.
- Noregs Mållag skal ha nynorskstafett kvar haust.
- Noregs Mållag skal arbeide for at fylkeslaga og lokallaga skipar til inspirasjonsdagar for lærarar i vidaregåande skule.
- Noregs Mållag skal ha motivasjonssamlingar for fylkeslag og NM i samarbeid med studieorganisasjonen vår (Kultur og tradisjon).

Noregs Mållag har dei siste åra invitert til opne nasjonale haustseminar. Seminar for lokallagsleiarar og samling for unge vaksne er også nasjonale seminar, men desse har avgrensa tal plassar, sidan Mållaget sentralt betalar meir av deltakarutgiftene. Digitale møte og seminar kjem i tillegg. For å nå fleire tillitsvalde har digitale møte alltid parallelle versjonar, eitt på føremiddagen og eitt på kvelden.

Sentrale tillitsvalde kan også ha digital deltaking med føredrag på skjerm i fysiske møte. Det var langt meir populært i koronatida. Me prøver å fordela reisinga til lokale lag ut over heile landet.

Digitale seminar for folkevalde

Saman med LNK (Landssamanslutninga for nynorsk-kommunar) og Nynorsksenteret har Noregs Mållag sett i gang ei nyvinning med digitale skuleringsseminar for lokale folkevalde. Føremålet er å gje innspel til kva du som kommunestyrerepresentant kan gjera for nynorsken i kommunen din og korleis verta ein god nynorsk-kommune. Så langt som råd inviterer me alle kommunestyrerepresentantar som ynskjer å setja seg meir inn i saksfeltet. Tiltaket vart også vedteke i arbeidsprogrammet til LNK på landstinget i juni. I 2025 har me laga eit seminar som

heiter «Korleis bli nynorsk folkevald på 1-2-3?» som vart skipa både 21. januar og 20. oktober (to kvar dag: eitt på føremiddag og eitt på kveldstid). Då innleia Synnøve Marie Sætre, senterleiar ved Nynorsksenteret på Høgskulen i Volda, Svein Olav Langåker, dagleg leiar i LNK og Hege Lothe, informasjons- og organisasjonsrådgjevar i Noregs Mållag.

I tillegg laga me eit eige digitalt seminar med tittelen: «Korleis laga best mogleg nynorsk-skule?» Då utvida me invitasjonen til å omfatta også administrativt tilsette og lokale mållag. Det var dei same tre innleiarane og emna var mellom anna: Kor viktig opplæringa i kommunane er for språkleg fridom, born og unge sine språkrettar, om læremiddel, skriveprogram m.m., kva er god opplæring i skulen, nynorsk i vaksenopplæringa, og kva slags kurstilbod og andre opplegg som LNK kan bidra med. Oppmøtet har variert, men samla sett har me hatt over 100 deltakarar. Det er semje om at me held fram skuleringsarbeidet av kommunestyrerepresentantar og lokale kommuneadministrasjonar.

Digitale møte / seminar 2024–2025

4. oktober 2024:

Digitalt verveseminar! ved Live Havro Bjørnstad

4. desember 2024:

Digitalt seminar om språkpolitikk i den nye opplæringslova, ved Synnøve Marie Sætre, senterleiar ved Nynorsksenteret

21. januar 2025:

Digitalt seminar: «Korleis bli nynorsk folkevald på 1-2-3» ved LNK, Nynorsksenteret og Noregs Mållag, ved Svein Olav Langåker, Synnøve Marie Sætre og Hege Lothe

18. februar 2025:

Seminar om rekneskapsføring ved Sigbjørn Hjelmbrække

2. april 2025:

Digitalt møte om sidemål, ved Peder Lofnes Hauge, leiar i Noregs Mållag og Frida Pernille Mikkelsen, politisk rådgjevar

29. april 2025:

Digitalt møte om sidemålskampanjen og nynorskveka

19. august 2025:

Digitalt møte om kampanjen: Nynorsk i skulen for alle, ved Peder Lofnes Hauge, leiar i Noregs

Mållag og Frida Pernille Mikkelsen, politisk rådgjevar

3. oktober 2025:

Bli inspirert på digitalt verveseminar! ved Live Havro Bjørnstad

20. oktober:

Digitalt seminar: Korleis lage best mogleg nynorskskule? ved LNK, Nynorsksenteret og Noregs Mållag, ved Svein Olav Langåker, Synnøve Marie Sætre og Hege Lothe

20. oktober 2025:

Digitalt seminar: «Korleis bli nynorsk folkevald på 1-2-3?» ved LNK, Nynorsksenteret og Noregs Mållag, ved Svein Olav Langåker, Synnøve Marie Sætre og Hege Lothe

27. januar 2026:

Hjelp! Det er tid for årsmøte! ved Hege Lothe og Erik Grov

2. mars 2026:

Seminar om rekneskapsføring ved Per Henning Arntsen og Hege Lothe

Samling for unge vaksne 2024

I september 2024 var det «superhelg» med samling for unge vaksne, lokallagsleiarseminar og

styremøte same helga. På laurdag var det felles program der alle var med. Det var 19 deltakarar på unge vaksne-samlinga, med god deltaking frå sentralstyret i Norsk Målungdom. Det er både nyttig og viktig å halda ved like og fornye kontakten mellom dei heilt unge og ferske i målrørsla og unge vaksne. Det var godt fagleg program og me fekk også høve til å samla oss i sofaen på slutten av laurdagen og tok ein runde om korleis det var å bli aktiv og vera aktiv i Mållaget. Dette vart ein god runde og det vart fint å få høve til å diskutera tema ein ikkje alltid får prata med andre om.

Samling for unge vaksne 2025

I november 2025 var det 18 deltakarar på unge vaksne-samlinga på skrifvarstova i Oslo. Det er ein fin gjeng, men me ynskjer å vera litt fleire på samlinga. Denne helga hadde me skrifvarstova for oss sjølve. Det vart ei fagleg god samling med både kulturpolitikk, mediepolitikk og lesing, i tillegg til at me tok oss tid til å drøfta framlegg til arbeidsprogram og snakka om korleis det er å vera ung og ny i Mållaget.



Godt oppmøte for Samling for unge vaksne hausten 2025!

Seminar for nye lokallagsleiarar 2024

Det var fem deltakarar på seminar for nye lokallagsleiarar og to som melde avbod i siste liten. I tillegg deltok to-tre frå skrivarstova. Også lokallagsleiar-seminaret hadde litt lågare deltaking enn tidlegare. Men her var det litt tilfeldig at me ikkje hadde tre-fire fleire deltakarar. Delar av seminarprogrammet er ganske likt frå år til år. Og tilbakemeldingane er at me treffer på programmet, og at det er veldig mykje som vert oppfatta som både nyttig og relevant. I årshjulet vil de sjå eit framlegg om å leggja seminar for nye lokallagsleiarar inntil haustseminarhelga. Det har me prøvd før, og det har fungert godt fleire gonger.

Seminar for nye lokallagsleiarar 2025

Me prøvde ein ny vri med å leggja lokallagsleiar-seminaret på skrivarstova til dagen før og same dag som haustseminaret på Nynorskens Hus i Oslo. Dermed kunne deltakarane få med seg to seminar den helga. Det vart ei svært innhaldsrik helg, og det fungerte veldig godt. Det var ti deltakarar på seminaret.

Haustseminar i Elverum i 2024

Me la haustseminaret til Elverum fordi det var her Austmannalaget vart skipa for 100 år sidan, og det var såleis eit samarbeidsprosjekt med fylkesmållaget. Det var 55 deltakarar på haustseminaret (inkludert skrivarstova, styret og innleiarar som var der over større delar av seminaret). Det var nokre færre deltakarar enn me hadde von om. Mållaget inviterte til landsrådsmøte frå fredag til laurdag før haustseminaret, og det var med på å sikra deltaking frå heile landet. Det var eit godt fagleg program som fekk mykje gode tilbakemeldingar, og festmiddagen på kvelden vart ei svært triveleg stund med godt program og god mat. Det var skrivarstova som ordna programmet i nær prat med Austmannalaget, og me var opptekne av at fleire av emna handla om språk og dialekter på Austlandet, og at fleire av innleiarane var lokale.

Haustseminar på Nynorskens Hus i Oslo i 2025

I november 2025 inviterte Noregs Mållag til haustseminar på Nynorskens Hus i Oslo. Til dette seminaret var me rundt 70–75 deltakarar. Seminaret vart opna med å overrekkja Målprisen 2025 til Ottar Grepstad. Dette vart ei veldig

fin stund både for styret som deler ut prisen, prismottakar og publikum. Sjølve seminaret var i Nynorskens Hus og middagen på kvelden i kjellaren på Kaffistova, der me også delte ut eitt av årets nynorskstipend.

Nynorskstafetten

Sidan 2014 har me hatt ein Nynorskstafett kvart år i eit avgrensa område over tre veker. Nynorskstafetten er det klårt største enkelttiltaket organisasjonen gjer, og han er svært viktig for så vel lokallag og fylkeslag som sentrallekken. Å møta lærarar i barnehage og skule andlet til andlet opnar for konkret læring om korleis kvardagen deira er. Sameleis å møta ordførarar, kommunedirektørar og skulesjefar der me både lærer om korleis dei ser den språklege kvardagen i kommunen og kan leggja fram moglege tiltak som gjer det lettare å vera nynorskkommune og styrkja vilkåra for meir nynorsk.

Nynorskstafetten 2024:

Nynorskstafetten 2024 var i ei veke i Nordhordland, Bergen og Øygarden, ei veke på Haugalandet og ei veke i Agder. I 2025 var nynorskstafetten i tre veker i Rogaland sør for Haugalandet. Samarbeidet med LNK, Nynorsksenteret og Nynorsk kultursentrum var endå sterkare enn tidlegare. Me hadde òg med oss Nynorsk bedriftsforum på bae stafettane for å blesta nynorsk i næringslivet. NMU er med på stafetten og vitjar ungdomsskular og vgs.

På stafetten 2024 hadde me møte med ordføraren i Haugesund. Bakgrunnen var at ordføraren aktivt ville fylgja opp eit framlegg i bystyret om å endra kommunen frå bokmål til språkleg nøytral. På vinteren 2025 vedtok bystyret i Haugesund med stort fleirtal at kommunen ikkje lenger er ein bokmålskommune. Som ei fylgje av dette tok skrivarstova kontakt med politikarar i Eigersund og fekk sett i gang same prosess der. Det enda med at Eigersund også med stort fleirtal no er ein språkleg nøytral kommune, og dermed er det ingen bokmålskommunar att i Rogaland.

I Alver møtte me kommuneleiinga. Lokallaga i kommunen har i fleire år arbeidd for at kommunen skal ha ein språkbruksplan, og etter møtet auka kommunen tempoet og Alver har no fått ein språkbruksplan. Eit svært viktig resultat av møtet er at kommunen vil prøva fasa ut bokmålsklassar på skulane.



God stemning på Nynorskstafetten i Rogaland hausten 2025!

Nynorsk bedriftsforum hadde to tilskipingar der også Linda Eide hadde ein eigen bolk. Desse tilskipingane var og er viktige for å styrkja nynorsk i næringslivet. På Sotra hadde me møte med Næringsråd Vest. Dei har over 350 medlemmer i Øygarden og brukar mest berre nynorsk i arbeidet sitt. Såleis kan det vera stor von om mykje meir nynorsk i næringslivet der.

Nynorskstafetten 2025:

LNK og Nynorsksenteret hadde i 2024 fleire kurs i Nordhordland for lærarar i skule og barnehage som var svært vellukka. På stafetten i 2025 samarbeidde me med Nynorsksenteret og Molde vgs der dei heldt innleiingar om målbyte og tiltak for å minka talet på byte frå nynorsk til bokmål. Innleiingane vart haldne på plandagen til fylket og over 120 lærarar på vgs var til stades.

Nynorsk bedriftsforum stod for to næringslivs-seminar med panelsamtalar med lokale nynorsk-bedrifter og Linda Eide-føredrag, eitt arrangement i Suldal og eitt på Bryne.

I 2025 var me òg for fyrste gong på møte med fylkeskommunen der me møtte fylkesordførar, utdanningsdirektør og politikarar. Over halvta av nynorskelevane i Rogaland byter til bokmål på vgs, og møtet med Rogaland fylke kan verta ein start på eit medvite arbeid for å minka talet på målbyte.

På dei to siste vekene på stafetten 2025 i Rogaland var også Trond Salte med. Salte er tilsett av LNK og Rogaland Mållag for å styrkja vilkåra for nynorsk, særleg i skulen. Han presenterte også seg sjølv og arbeidet sitt på plandagen for alle lærarane på vgs i Rogaland, og ikkje minst på ein storslegen kulturkveld på Garborgsenteret heilt på tampen av stafetten.

Norskopplæringa for vaksne innvandrarar var emne på mest alle møta me hadde med kommunane. På møtet med Gjesdal kommune sa rådgjevar for oppvekst beint fram at ho tykte det var meiningslaust at vaksenopplæringane i Rogaland lærte innvandarane bokmål. Etter møta med Time og Hå kommunar vil dei vurdera om norskopplæringa for vaksne innvandrarar skal endrast frå bokmål til nynorsk.

Ting tek tid, også i språkvegen. Det hadde gått fire år sidan Nynorskstafetten var i Strand kommune. Det har vore ein del uro om skulemålet i kommunen, men på møtet med kommuneleiinga fekk me høyra at kommunen no skal styrkja skulane som nynorskskular og prøva minka talet på bokmåselevar.

NMU legg mykje ressursar i nynorskstafetten, og i 2025 gav dette konkrete resultat med nye lokallag i Stavanger og på Jæren med over 50 nye medlemmer.

Inspirasjonsdagar for lærarar

Skrivarstova har laga og lagt ut informasjon på det digitale ressursområdet med tips til korleis laga kan laga til og gjennomføra inspirasjonsdagar for lærarar i sitt eige område. Me informerer med ujamne mellomrom om at ressursområdet finst og kvar ein finn det. Lag som ynskjer å skipa til ein inspirasjonsdag, får også økonomisk støtte frå Noregs Mållag.

I denne arbeidsperioden er det spesielt Trønderlaget som har lagt inn ein stor innsats. I 2024 skipa Trønderlaget til ein inspirasjonsdag i Trondheim. I 2025 skipa Trønderlaget til to inspirasjonsdagar, ein i Trondheim og ein i Levanger. I januar 2026 inviterte dei på ny til inspirasjonsdag i Levanger. Troms og Finnmark fylkesmållag og Vikværingen skipa til kvar sin dag i 2025.

Samarbeid med Studieforbundet kultur og tradisjon

Gro Morken Endresen og Vemund Norekvål Knudsen hadde på vegner av Mållaget eit møte med Studieforbundet kultur og tradisjon hausten 2024. Då var det snakka om nynorsk i friviljug sektor. Det er tydeleg at både lokal- og fylkeslag, og Mållaget sentralt, har mykje uforløyst potensial i samarbeid med studieforbundet.

Landsmøte 2024

Landsmøtet vart lagt til Trondheim helga 19.–21. april, med kjønnsdelte formøte før møtestart. Det var god stemning gjennom tingingane, og ordskifta var prega av konstruktive innspel til politisk og organisatorisk utvikling. 65 utsendingar hadde ordet i ordskifta under møtet i tillegg til styrefolk, gjester og innleiarar. Til saman hadde utsendingane 122 innlegg som fordelte seg med 71 innlegg frå i alt 35 menn og 51 innlegg frå i alt 30 kvinner. Av utsendingane var det 85 kvinner og 77 menn. Kvinner utgjorde 52,7 % av utsendingane og hadde i alt 41,8 % av innlegga, så me må arbeida strukturert i åra som kjem, for å oppnå ei jamn fordeling i taletida mellom kjønna. Samstundes har det samla talet på utsendingar som har vore på talarstolen (både kvinner og menn), auka etter at me byrja med formøte.

Engasjementet var godt heilt frå starten med ordskiftet etter leiartalen, og det fordelte seg ganske jamt gjennom helga, sjølv om saka om personalressursar ute i organisasjonen var det

enkelståande punktet som fekk flest fram på talarstolen etterpå, med 28 innlegg.

Dette landsmøtet hadde me to eksterne innleingar. Forskings- og høgare utdanningsminister Oddmund Hoel snakka om norsk i høgare utdanning. Erik Bolstad, direktør for Store norske leksikon, snakka om kunstig intelligens og digitale utfordringar for nynorsken. Båe punkta fungerte svært godt, og inntrykket er at deltakarane både lærte mykje og fekk gode svar på oppfylgningsspørsmål. Landsmøtet vedtok også sju fråsegner med viktige språkkrav mellom anna på opplæringsfeltet og i digitale løysingar. Eit anna viktig krav var å få grunnlovfest at norsk er det samfunnsberande språket i Noreg, og at det også inneber jamstillinga mellom nynorsk og bokmål.

146 utsendingar møtte frå 66 lokallag og 17 fylkeslag, ein oppgang på 8 lokallag og 2 fylkeslag frå 2022. I tillegg møtte 11 utsendingar frå Norsk Målungdom og 7 frå styret, totalt 164 utsendingar med røysterett. Me hadde dessutan 10 registrerte gjester og observatørar. Alle utsendingar fekk røysterett, og styret ser at den tette oppfylginga frå skriarstova hjelper, men framleis er viktig. Nokre få lag går heilt inn i møteveka før alle papira er sende inn, men det store fleirtalet har orden i god tid. For mange av utsendingane planlegg og kjøper reisa si litt for tett på landsmøtet. Det skaper unødig høge reisekostnader og rammar alle laga, sidan reisene er eit spleiselag mellom alle dei som har utsendingar.

Ved å leggja landsmøtet til Trondheim vert det automatisk langt mindre interesse frå lokal- og regionalmedia. Likevel fekk me denne gongen veldig god spreiding på utspela våre fordi NTB laga meldingar på sakene våre. Pressemeldinga som me sende ut måndag i landsmøteveka, fekk mykje merksemd. Kravet om å få nynorsk og jamstillinga inn i Grunnlova, kopla med medlemsveksten i Mållaget, gav mykje merksemd. Det vart også ein eigen debatt på Dagsnytt 18. Etter landsmøtet inviterte NRK Trøndelag styremedlem Espen Tørset og stipendvinnarane som skulle laga Ivar Aasen-musikal, til ettermiddagssendinga.

Rekneskapen enda med kostnader på 900 000 kroner meir enn det budsjettet som vart vedteke

på landsmøtet i 2022, la opp til. Ein mindre del av auken kan forklarast med at me hadde proff hjelp til lyd og strøyming heile helga og dessutan ein fotograf som tok alle bileta. Den største endringa over dei siste åra er likevel kostnaden til reise, kost og losji. Prisane der har auka mykje på kort tid, og det har også ført til at styret ser det naudsynt å sponsa prisen for utsendingane i større grad enn tidlegare.

Målprisen 2024: Nana Rise-Lynum

Målprisen har vorte delt ut kvart år sidan 2000. I 2024 vart han delt ut på festmiddagen på landsmøtet i Trondheim. Det er styret som vedtek kven som får prisen, og leiar Peder Lofnes Hauge delte ut prisen. Nana Rise-Lynum vart tilsett som redaktør for Norsk Barneblad i 1999 som den fyrste kvinna i redaktørstolen. Sjølv i ei gjennomdigitalisert verd har Nana Rise-Lynum valt å stola på det fysiske papirformatet. Borna blir tekne på alvor med innhald om viktige samfunnsutfordringar, nyttige fakta om søppel, liv på Mars eller robotar, meir eller mindre morosame

vitsar, kviss, kryssord, forteljingar, aktivitetsstoff, Smørbukkk og mange andre teikneseriar. Ho fekk prisen for å ha gjort Norsk Barneblad til eit levande og aktuelt magasin som aukar den nynorske leselysta blant born og unge.

Målprisen 2025: Ottar Grepstad

Målprisen vart delt ut i høve haustseminaret på Nynorskens Hus i Oslo. Styret hadde vedteke å gje Målprisen 2025 til Ottar Grepstad, og det var Peder Lofnes Hauge som delte ut prisen til stor applaus frå salen. I grunngevinga la han vekt på at Ottar Grepstad fekk prisen for strategisk og kløktig arbeid for å styrkja nynorsk skriftkultur og institusjonsbygging. Ottar Grepstad har arbeidd for nynorskbrukarane, og med nynorsken i nær sagt heile sitt yrkesaktive liv. Det er slik at me trygt kan kalla det eit livsverk. Han har skrive bøker, dokumentert nynorsken, skrive om målørsla, vore tilsett i Samlaget, og det aller viktigaste oppdraget vart som den fyrste direktøren i Nynorsk kultursentrum frå 1999 til 2018.



Målprisen 2025 gikk til Ottar Grepstad.

Målblome

Målblome vert gjeven til folk som har gjort ein god innsats for nynorsken. Det er styret i Noregs Mållag som avgjer kven som får utmerkinga, og blomen vert delt ut med ujamne mellomrom.

Målblome til Åsmund Snøfugl

På fredagskvelden på landsmøtet i Trondheim var det styremedlem Espen Tørset som delte ut Målblome til Åsmund Snøfugl frå Melhus. Han fekk målblome fordi han som redaktør, typograf, forleggjar og forfattar har arbeidd for å gjera nynorsk til eit kvardagspråk i Trøndelag.

Målblome til Sølve Rydland og Bergensavisen

Målblomen vart delt ut av leiar Peder Lofnes Hauge i redaksjonslokala til BA i Bergen sentrum 11. juni 2024. Sølve Rydland og BA fekk Mål-

blome for å gje nynorsken større plass i ei avis og ein by som er dominert av bokmål. Politisk redaktør Sølve Rydland skriv alle sine kommentarartiklar på nynorsk, og ein kan frå tid til anna lesa anna stoff på nynorsk. Sjølv om BA framleis er ei bokmålsavis, reflekterer avisa no det språklege mangfaldet som finst i Bergen.

Målblome til Sophie Elise

Sophie Elise fekk Målblomen for å fremja nynorsk leseglede. Målblomen vart delt ut av leiar Peder Lofnes Hauge utanfor der Sophie Elise bur i Oslo sentrum 28. april 2025. Han la mellom anna vekt på at Sophie Elise er ein av dei viktigaste påverkarane i Noreg. At ho jamleg framsnakkar nynorske bøker, fører til at fleire unge oppdagar at nynorsk kan vera noko kult, ekte og relevant.



Sophie Elise fekk målblome for å fremje nynorsk leseglede på sine sosiale medium. Foto: Thomas Brun, NTB Kommunikasjon.

Nynorskstipend 2024

Noregs Mållag lyser kvart år ut to nynorskstipend på 50 000 kr, eitt til ei kvinne og eitt til ein mann. Stipenda skal gå til prosjekt som fremjar nynorsk på område der han frå før er lite brukt. Prispengane er ei løyving frå Kulturdepartementet.

Øygunn Leite Kallevik fekk nynorskstipend for å laga ei lærebok i journalskriving for medisinstudentar. Det var Peder Lofnes Hauge som delte ut stipendet på landsmøtet i Trondheim. Boka vart lansert saman med Medisinsk Mållag i Bergen september 2025.

Marcus Grand og Olav Ødegård fekk nynorskstipend for å laga musikk og skriva manus til «Ivar Aasen-Musikalen». Musikalen vart sett opp av Studentersamfundet Interne Teater i oktober 2024. Det var Peder Lofnes Hauge som stod for utdelinga som var på Studentersamfundet dagen før landsmøtet i Trondheim.

Nynorskstipend 2025

Kornelia Melsæter fekk nynorskstipend for framsyninga «Det var ein gong eit språk». Tidlere har ho turnert med denne til ungdomsskular i Ålesund, og no skal ho utvikla framsyninga vidare. Planen er å nå ut breiare til ungdomskuleelevar i Oslo og på Austlandet. Det var nestleiar Live Havro Bjørnstad som delte ut stipendet i høve haustseminaret på Nynorskens Hus.

Espen Moe Breivik fekk nynorskstipend for å skapa innhald i sosiale medium om politikk retta mot unge vaksne. Det var leiar Peder Lofnes Hauge som stod for utdelinga på skrivekstova i Oslo i mai, og stipendet vart tildelt mellom anna med tanke på stortingsvalet og at det er viktig å nå unge veljarar. Sosiale medium er ei svært viktig kjelde til nyhende og politikk for denne gruppa.



Espen Moe Breivik fekk nynorskstipend i 2025 for å skapa innhald om politikk på nynorsk i sosiale medium retta mot unge vaksne. Foto: Thomas Brun, NTB Kommunikasjon.

Nynorsk barnelitteraturpris 2023

Dette er Noregs Mållag sin eigen pris. Han har vorte delt ut sidan 1956. Prisen gjekk til forfattar Maria Parr og illustratør Åshild Irgens for boka *Oskar og eg* som vart gjeven ut på Samlaget. Prisen vart delt ut ved starten av landsmøtet i Trondheim. Peder Lofnes Hauge delte ut prisen, og Åshild Irgens tok imot prisen på vegner av seg sjølv og Maria Parr. Prisen er på 50 000 kroner. Juryen var Roald Kaldestad, Kristin Hatledal og Isabella Rubie Pareliussen.

Nynorsk barnelitteraturpris 2024

Prisen gjekk til forfattar Eirin Holberg og illustratør Åshild Irgens for boka *Steinalderen. 10 000 år gamle tyggisar og hovudskallar på stong* som er gjeven ut på Samlaget. Annakvart år er det ikkje landsmøte i Mållaget, og siste åra har me fått lov til å invitera til ei eiga prisutdelingshøgtid i Aasentunet. Dette er eit samarbeid me set stor pris på, og prisutdelinga er då ein del av programmet til Dei nynorske festspela. I 2025 var det nestleiar Live Havro Bjørnstad som delte ut prisen til illustratør Åshild Irgens som tok

imot prisen på vegner av seg sjølv og forfattaren. Juryen var Kristin Hatledal, Isabella Rubie Pareliussen og Oddmund Kaarevik.

Nynorsk litteraturpris 2023

Nynorsk litteraturpris er delt ut sidan 1982, og det er Noregs Mållag, Det Norske Samlaget og Det Norske Teatret som står bak prisen. Prisen gjekk til Edvard Hoem for boka *Husjomfru* som er gjeven ut på forlaget Oktober, og tildeldinga vart kunngjort på landsmøtet i Trondheim i 2024. Juryen var Margit Walsø, Magne Julin Vik-Mo og Carl Morten Amundsen.

Nynorsk litteraturpris 2024

Prisen gjekk til Gunnhild Øyehaug for boka *Her kjem sola* som er gjeven ut på Kolon forlag. Prisen vart delt ut i Aasentunet i Ørsta og såleis kunne Gunnhild Øyehaug koma heim og få prisen i høve Dei nynorske festspela. Juryen var Magne Julin Vik-Mo, Siri Løkholm Ramberg og Elisabeth Jensen Lombnæs.



Forfattar Maria Parr og illustratør Åshild Irgens får Nynorsk barnelitteraturpris 2023 for boka «Oskar og eg». Åshild Irgens tok imot prisen på landsmøtet til Noregs Mållag i 2024. Foto: Kristianne Marøy.

Norsk Målungdom

Noregs Mållag skal samarbeide tett med Norsk Målungdom. Organisasjonane skal halde kvarandre oppdaterte om kva dei arbeider med, og om aktuelle saker som høyringar og røystingar. Dei skal ha god kontakt og fordele saker mellom kvarandre. Noregs Mållag og Norsk Målungdom skal samarbeide om politisk påverknad, der Norsk Målungdom har hovudansvaret for ungdomspartia.

Pandemien har fått store konsekvensar for Norsk Målungdom når det gjeld medlemstal og aktivitet. Difor har Noregs Mållag eit særskilt ansvar for å støtte opp om Norsk Målungdom både økonomisk og organisatorisk i tida som kjem. Utan Norsk Målungdom er framtida til Noregs Mållag usikker. Difor er det viktig å leggje til rette for ny vekst og aktivitet i Norsk Målungdom.

Noregs Mållag og Norsk Målungdom reiser saman i tre veker kvar haust på Nynorskstafetten. Dette har vore det største fellestiltaket også i 2024 og 2025. I 2025 finansierte Mållaget ein større delegasjon av målungdomar på stafetten, som ledd i eit ynskje frå deira side om å få lært opp fleire i det arbeidet.

Nynorskdagen er i perioden utvida til å verta Nynorskveka (frå 6. til 12. mai). I 2025 laga me til eit større kampanjeopplegg også kopla til arbeidet for sidemålet, og sende aksjonsmateriell som kunne brukast både i nynorskveka og seinare, til svært mange lokallag.

Vi har ved fleire høve organisert oss slik at dei to leiarane i fellesskap skriv under eit politisk utspel. Det gjev oss større tyngd, det lettar arbeidet hjå kvar av oss at me gjer éi sak saman i staden for å arbeida kvar for oss med det same, og det gjev betre innsikt for båe partar i kva som er viktige synspunkt hjå dei og hjå oss.

Denne perioden har me òg samarbeidd ein heil del om sakfeltet læremiddel og læringsressursar på nynorsk. Det har kome fleire utgreiingar i perioden, og me har både bidrege til dei utgreiingane og me har i fellesskap halde fram arbeidet for at også læringsressursar skal ha språkkrav.

Unge vaksne-samlinga er det siste viktige tilskotet Noregs Mållag gjer der NMU er sterkt deltakande. Det er Mållaget som skipar til, og seminaret som har mange ulike politiske innleiingar og diskusjonar, er for personar under 40 år. NMU er også invitert og fleire frå sentrallekken plar vera med kvart år.

Med åra er også medlemskapsoverføringar nokså automatiserte. NMU sender jamleg informasjon til medlemene sine over 30 år om at dei kan melda seg inn i Noregs Mållag i staden. Noregs Mållag gjev på si side systematisk tilbakemelding til personar under 26 år som ber om medlemskap hjå oss, om at dei truleg heller bør vera med i Norsk Målungdom.



Nestleiar i Noregs Mållag Live Havro Bjørnstad saman med leiar i Norsk Målungdom Sebastian Vinsent Natvik på årsmøtet til NMU i 2026.

Noregs Mållag skal markere desse jubilea:

Vedtaket om rett til lærebøker på begge målformer (i lov om vidaregåande opplæring) vart gjort i Odelstinget 20. mai 1974 og har såleis 50-årsjubileum i mai 2024.

Utkastet til Nynorsk Salmebok var ferdig i 1925, og har såleis 100-årsjubileum i 2025.

Vedtaket om å endre namn frå Kristiania til Oslo vart gjort 11. juli 1924 i Stortinget og var gjeldande frå 1. januar 1925. Vedtaket har såleis 100-årsjubileum i 2024. Fram til 2030 skal Noregs Mållag engasjere seg i Nasjonaljubileet for å markere målreisinga som ein vesentleg del av den norske fellesskapen. Norsk ordbok kom ut i 1873, og har såleis 150-årsjubileum

50 år med rett til lærebøker på begge målformer

Den 20. mai 1974 vedtok Stortinget (eller heilt korrekt Odelstinget) ny lov om vidaregåande opplæring. For aller fyrste gong vart det slege fast i lovs form at nynorskelevane har rett på læremiddel på nynorsk, og at læremiddel på bokmål og nynorsk skal koma til same tid og pris. Me hadde skipa til ein større 50-årsmarkering av den fyrste elevstreiken for nynorske læremiddel 27. oktober 2021 på Øystese gymnas som var utgangspunktet for dei store landsomfattande elevstreikane. Me valde difor å ikkje laga ei større markering ved sjølve 50-årsjubileet for vedtaket i Stortinget. Me skreiv ein større artikkel om saka på heimesida, som også vart publisert i Norsk Tidend.

100 års-jubileum for Nynorsk salmebok

I 2025 var det hundre år sidan Nynorsk salmebok vart gjeven ut. Den nynorske salmeboka fekk svært mykje å seia for nynorsk som kyrkjemål og for nynorsk som samfunnsberande språk. Nynorsk salmebok vart laga av biskop Bernt Støylen, sokneprest Anders Hovden og biskop Peter Hognestad, og dei brukte fire år på arbeidet. Boka hadde 711 salmar på nynorsk og 200 salmar på bokmål.

Noregs Mållag, Nynorsk kultursentrum, Kyrkerådet og Norsk hymnologisk forening gjekk

saman om ei jubileumsnemnd, der Monika Haanes Waagan var representant for Noregs Mållag. Me gjekk saman om å laga ei eiga nettside hjå Noregs Mållag der det vart lagt ut nyttige ressursar for lokale tilskipingar i lokallag, sokneråd eller andre stadar. Her var det grafisk element til sosiale medium, plakat til utskrift, saga om korleis Nynorsk salmebok vart til, tips om føredragshaldarar og fleire lister med gode framlegg til nynorske salmar. Inntrykket var at desse ressursane vart tekne i bruk lokalt og var nyttige for dei som ville laga lokale allsongskveldar eller liknande.

Hundreårsjubileet vart markert i heile landet, mellom anna i Tromsø, Harstad, Fredrikstad, Geiranger, Gloppen, Herøy, Toten, Osterøy, Kyrkjebø og Oslo for å nemne nokre.

Me ynskjer her å trekkja fram tre feiringar:

I høve Dei nynorske festspela var det fleire flotte markeringar i Volda og Ørsta, mellom anna heldt preses i Den norske kyrkja, Olav Fykse Tveit, gjestepreika i Festspelgudstenesta.

Jubileet vart markert i Arna kyrkje i ei NRK-send gudsteneste der Peder Lofnes Hauge, leiar i Noregs Mållag, las tekst i gudstenesta.

Den 18. desember 2025 var på dagen 100 år sidan Nynorsk salmebok vart autorisert for kyrkjebruk i statsråd. Det markerte Noregs Mållag med ei samling i Bergen domkyrkje. Med Live Havro Bjørnstad, nestleiar i Noregs Mållag, i spissen, saman med biskop i Bjørgvin, Ragnhild Jepsen og leiar i Bjørgvin bispedømeråd, Oddny Miljeteig, vart det ei veldig fin markering med mange frammøtte, strålende kake, god kaffi, salmesong og nokre gode ord.



Leiar i Bjørgvin bispedømeråd, Oddny Miljeteig, biskop i Bjørgvin, Ragnhild Jepsen, og Live Havro Bjørnstad, nestleiar i Noregs Mållag feira 100 års-dagen til Nynorsk salmebok med kake i Bergen domkyrkje. Foto: Gyrid Cecilie Nygaard.

Økonomi

Noregs Mållag reknar den økonomiske situasjonen sin som stabil og god. Med utgangspunkt i dei grunnleggjande nødvendige driftskostnadene som kontorlokale, basisfunksjonar blant dei tilsette og tilhøyrande driftskostnader, har me oversyn over økonomien vår i eit heller langsiktig perspektiv (gitt statsstøtte), og særleg det at me no eig kontorlokale, gjer at me slepp å uroa oss for at kostnadene knytte til det, akselererer i takt med prisstiginga i eigedomsmarknaden. Me har låg gjeld på lokala, og dei samla kostnadene, inkludert avdrag, er noko lågare enn i leigemarknaden.

Dei to postane som aukar mest hos oss for tida, er løns- og pensjonskostnader (pga. gode lønsopp-gjer dei siste åra) og reise- og opphaldskostnader. Til dømes har kostnadene ved gjennomføring av landsmøtet gått frå knapt 1,6 mill i 2022 til forventa 2,6 mill i 2026 – sjølv om fasilitetane og deltakartalet er på same nivå og inntektene våre ikkje har auka. Det gjer at me heile tida vurderer om ulike møte kan vera digitale, men landsmøta og eit årleg seminar mellom landsmøta meiner me er viktige nok til å ta kostnaden. Friviljuge treng fysiske møteplassar – det aukar erfaringsutvekslinga og skaper engasjement. Det er framleis slik at ein viktig og stor del av inntektene våre kjem frå medlemspengar og andre medlemsinntekter (særleg gåver). Men den siste auken i driftsløyvinga vår gjer at den offentlege støtta utgjer ein større prosentdel av inntektene våre frå 2026 enn tidlegare.

Kommentarar til rekneskapen

Rekneskapen for 2024 viser eit underskot på 1 215 805 kroner og 2025 eit overskot på 1 363 795 kroner, medrekna finansinntekter. Det var budsjettet med underskot i 2024 på 362 000 og overskot i 2025 på 42 000 kroner som styret i seinare revisjonsvedtak forandra til underskot på 200 000

kroner og overskot på 1 089 000 kroner. Eit høgt medlemstal hjelper også på inntektene, både på kort og lang sikt. I 2025 fekk Noregs Mållag utbetalt ein arv på 1 191 317, som me i all hovudsak brukte til å betala ned på gjeld på kontorlokala våre. Noregs Mållag har no ein positiv egenkapital på 10 408 455. Inntektene til Noregs Mållag står i hovudsak på tre pilarar: årspengar, andre medlemsinntekter og statsstøtte.

Under nokre av postane under står 2025-talet fyrst, deretter står 2024-talet i parentes.

Sal av materiell

Posten gjeld sal av tilfang (servise, julekuler, bøker og anna profileringsmateriell).

Norsk Tidend

Norsk Tidend kom ut med fem nummer i 2024 og fire nummer i 2025. Noregs Mållag stod sjølv for annonsesalet. Tingartalet har vore stabilt i fleire år, utan særlege framstøytar for å auka det.

Adventskalender

Adventskalenderen har vore ei inntektskjelde for Noregs Mållag, men størstedelen av inntektene går no til lokallaga, då det meste av salet går gjennom dei.

Laga kan tinga kalendrar til 50 kr per stk, og selja dei for 100 kr. Dette har gjeve lokallaga høve til å spe på lagskassa. Medlemer har også hatt høve til å tinga kalendrar direkte frå Krambua for 100 kr.

I 2024 selde laga 1 163 kalendrar, medan medlemene kjøpte 531 kalendrar direkte frå Krambua, i alt 1 694 kalendrar. I 2025 selde laga 1 558 kalendrar, medan medlemene kjøpte 442 kalendrar direkte frå Krambua. Totalt vart det produsert 2 000.

Medlemspengar

Talet på medlemmer gjekk opp med 696 i 2024 og vidare opp med 78 i 2025.

Prisar og stipend

100 000 kroner er løyving frå Kulturdepartementet til utdeling av to stipend à 50 000 kroner. Ordninga er årvisst. 33 000 kroner er frå Samlaget og Det Norske Teatret for Nynorsk litteraturpris som me står saman om å finansiera og å dela ut.

Møte- og seminarinntekter

Denne posten inneheld haustseminar, seminar for unge vaksne og seminar for nye lokallagsleiarar i Oslo.

Tenestosal

Inntekter på nynorskkurs som skriarstova kan tilby, og på tenester der andre nærskylde tiltak er med og spleisar.

Målgåver

Innbetalningar over gåvegiroane som ligg ved Norsk Tidend og sporadiske sms-aksjonar.

Statstilskot

Driftstilskot frå Kulturdepartementet på 7 020 000 kroner (6 770 000 kroner). Merk at 100 000 kvart år blir ført under stipend, fordi dei er bundne til to stipend à 50 000 kroner som me deler ut.

Prosjekt i fylkeslaga

Kostnadene med tilsette for Hordaland Mållag og Agder Mållag går gjennom sentrallekken. Inntektene her er innbetaling frå Hordaland og Agder, som svarar til dei kostnadene me har hatt (synleg på eiga linje under kostnader).

Leigeinntekter

Leigeinntekter er kontorplass til Norsk Målungdom og leige av møterom.


Uttak av varer

Gåver til innleiarar og andre.

Ymse

Posten inneheld refusjon av løn til tilsette som er frikjøpte i politiske verv, nyhendeovervakning, straumstøtte og bruk av kontorfasilitetar av NMU.

NOREGS MÅLLAG ADVENTSKALENDER 2025



I 2025 selde me ut alle adventskalendrane.

Løyvingar og gåver

Her fører me løyvingar og gåver som ikkje er årvisse/faste tildelingar. I 2024 var det mellom anna ei løyving frå Vestmannafondet, og i 2025 fekk me ein arv på 1 191 317 kroner.

Materiell for sal

Det meste av kostnadene her gjeld profiltilfang, aksjonsmateriell, bøker innkjøpte for vidareasal og endring i varelageret. Salet av Ivar Aasen-julekule var ein stor suksess.

Norsk Tidend

Om lag 448 000 (536 000) er utforming og trykk av Norsk Tidend. 421 000 (485 000) er adresserings- og portokostnader. Elles ligg det også kostnader som reiser og kjøp av artiklar og bilete i denne posten.

Andre trykkjekostnader

Kostnader med flygeblad og anna materiell til aksjonsbruk/utdeling.

Kalender

I hovudsak vinstar, porto og trykking av kalenderar.

Refusjon medlemspengar

Refusjon av medlemspengar skal gjerast innan 1. mars kvart år. Refusjon medlemspengar for 2025 er utrekna til totalt 1 406 000 kroner (1 361 000 kroner). Dei fleste fylkeslaga har ein sats på 20 eller 30 kroner per medlem og dei fleste lokallaga ein sats på 40 kroner.

Løn og honorar

Lønskostnadene fordeler seg på løn til tilsette og engasjerte, arbeidsgjevaravgift, sosiale kostnader, personalforsikringar, pensjonspremie. Honorar til kursinnleiarar, skribentar i Norsk Tidend og prosjektarbeid er førte på dei respektive prosjekta. Refusjon av sjukepengar er ført her. Oversyn over stillingar og tilsette står ovanfor under «skrivarstova». I 2024 var ein medarbeidar frikjøpt i om lag 20 % til politiske verv. Frå 2025 har me erstatta den ressursen og dessutan brukt ein del ekstra lønsmidlar på den store sidemålskampanjen som gjekk i heile organisasjonen frå april til valdagen.

Note – Lønskostnader og godtgjersler

Lønskostnader	2025	2024
Løn, feriepengar og liknande	6 155 862	5 298 906
Anna godtgjersle	1 108 985	1 086 981
Sum lønskostnader	7 564 847	6 385 887

Godtgjersle 2025	Dagleg leiar	Styret
Løn	934 046	831 007
Anna godtgjersle	101 596	37 338
Sum godtgjersle	1 035 642	868 345

Godtgjersle 2024	Dagleg leiar	Styret
Løn	861 235	766 089
Anna godtgjersle	242 264	50 570
Sum godtgjersle	1 103 499	816 659

Gjennomsnittleg tal på tilsette: 8

Revisor

Kostnadsført revisjonshonorar for 2025 er kr 148 000 og 159 000 for 2024.

Tenestosal

Kostnader med kurstilbod.

Husleige og straum

Posten inneheld husleige, straum, reinhald, forsikringar og ymse huskostnader. Husleige-posten er bruttoført. Det vil seia at alle kostnader i samband med husvære kjem her, og alle inntektene kjem på leigeinntekter.

Drifts- og kontorutgifter

Porto og telefon utgjer 491 986 kroner (487 000 kroner). Elles er det leige av kopimaskin og frankeringsmaskin med driftsavtale, IT-kostnader (mellom anna lisensar/abonnement på rekneskapsprogram, medlemsregister, heimeside/nettbutikk), rekvisita som kopipapir, brevpapir, konvoluttar og anna driftsmateriell.

Presseklypp

Noregs Mållag abonnerer på ei teneste som sender oss dei fleste presseoppslag om målsak kvar dag.

Prisar og stipend

Posten gjeld to arbeidsstipend à 50 000 kroner og litteraturprisane.

Landsmøte

Posten inneheld alle kostnader knytte til landsmøtet; leige av lokale, reise og opphald for styret, tilsette og gjester, og reiseutjamning til utsendingane.

Møte- og reiseutgifter

Møte- og reiseutgifter i samband med landsrådsmøte, styremøte og andre møte og reiser.

Løyvingar, gåver

2025:

Kyrkjebø Mållag	2 500
Stavanger Mållag	25 000
Etne Mållag	5 000
Revygruppa Restefest	5 000
Nord-Aurdal Mållag	10 000
Sykehusklovnene	2 000

2024:

Sauda Mållag	10 000
Hordaland Mållag	15 000
Bok om Magnhild Hagelia	5 000
Østfold Mållag	10 000
Musikalen Kjærleik, faktisk	5 000,00
Valle Mållag	15 000
Diktsamling Inger Ramberg Røthe	3 000

Organisasjonsmidlar

2025:

Molde Mållag	5 000
Trønderlaget	25 000
Steinkjer Mållag	30 000
Mållaget Dag	10 000
Seljord Mållag	5 000
Nesna Mållag - oppattskiping	5 000
Hemsedal Mållag	15 000
Kvam Mållag	5 000
Molde Mållag	6 500
Ulstein Mållag	60 000
Mediemållaget	37 000
Fredrikstad Mållag	6 000
Medisinsk Mållag	10 000
Harstad og omland Mållag	25 000
Troms og Finnmark Mållag	8 000
Fylkesmållaget Vikværingen	20 000
Telemark Mållag	8 500
Sandefjord og Sandar Mållag	15 000
Hordaland Mållag	12 000
Osterøy Mållag	5 000

2024:

Trønderlaget	25 000
Mållaget Dag	10 000
Molde Mållag	4 000
Kvam Mållag	10 000
Mediemållaget	18 000
Sparbyggjen	7 000
Troms og Finnmark Mållag	12 000
Hordaland Mållag	14 700
Stranda Mållag	14 000
Telemark Mållag	8 500
Sandefjord og Sandar Mållag	18 000
Trønderlaget / Orkdal Mållag	15 000
Norsk Målungdom	30 000
Valle Mållag	15 000
Gol Mållag	20 000
Nord-Aurdal Mållag	4 000
Volda Mållag	7 000
Bærum Mållag	6 822

Økonomi

Tal i 1000 kroner	2022	2023	2024	2024	2025	2025	2025
INNTEKTER	REK	REK	LM	REK	LM	Rev.Styret	REK
Sal av materiell	75	102	70	134	85	110	291
Norsk Tidend	71	77	50	45	75	45	86
Kulturlotteri	221	106	200	104	100	100	122
Medlemspengar	5086	5215	5120	5724	5500	5500	5656
Prisar og stipend	133	133	133	133	133	133	133
Landsmøte	1152	0	1100	1262	0	0	0
Møte-/seminarinntekter	74	84	30	54	80	60	62
Tenestosal	0	0	0	0	30	30	0
Målgåver	1611	1920	1950	1964	1800	1900	1883
Statstilskot ¹	6290	6410	6300	6670	6850	6920	6890
Løyvingar og gåver, sponsorinntekter	59	303	75	22	50	1000	5
Prosjekt i fylkeslaga	303	422	550	405	440	440	669
Sal Schweigaardsgate	0	3821	0	0	0	0	0
Leigeinntekter og andre kontorinntekter	236	132	230	11	160	150	12
mva-refusjon	729	822	550	810	850	850	863
Sidemålskampanje	0	0	0	0	0	0	286
Ymse	346	272	80	327	100	240	1639
Sum inntekter	16 386	19 819	16 438	17 665	16 253	17 478	18 597
KOSTNADER							
Materiell for sal	100	86	80	125	120	160	181
Norsk Tidend	860	996	880	1057	900	900	886
Andre trykkjekostnader	170	339	90	178	160	160	93
Kulturlotteri	95	37	100	58	42	60	65
Ref.medlemspengar	1175	1245	1170	1361	1300	1400	1406
Løn og honorar ²	6563	6831	6850	6809	7500	7600	7860
Støtte til fylkeslaga	518	628	700	791	670	670	670
Husleige, straum	1311	1571	1250	508	765	520	426
Presseklypp, andre kommunikasjonstenester	94	100	95	113	110	115	113
Prisar og stipend	209	217	230	205	230	230	267
Drifts- og kontorutg.	1620	1695	1650	2582	1540	1600	1806
Landsmøte	1567	0	1350	2250	0	0	0
Seminar, konferansar og arr.	226	317	150	188	340	310	229
Styre-/landsrådsmøte	285	168	220	303	208	310	270
Andre møte/reiser	297	292	230	280	300	300	303
Prosjekt i fylkeslaga	303	422	550	405	440	440	669
Løyvingar, gåver og kostnad sponsorsamarbeid	67	39	70	64	70	70	88
Løyving NMU	350	350	350	350	420	420	420
Målpolitisk satsingsområde 1: skulemål	166	100	150	89	120	120	13
Målpol.sats felt 2 Barn og unge	11	19	30	0	30	30	0
Målpol.Sats felt 3: Offentleg målbruk	0	0	20	0	20	20	0
Kampanje Sidemål	0	288	20	0	0	0	483
Språkstafetten	128	193	200	130	200	200	192
Organisasjonstiltak	191	290	300	254	390	390	318
Digital kampanje	0	0	0	0	0	0	0
Avskrivning fast eigedom	0	145	0	393	145	145	393
Avskrivning inventar	0	5	0	27	5	5	27
Eigedomsskatt	0	0	0	49	0	49	48
Sum kostnader	16 306	16 373	16 735	18 569	16 025	16 224	17 226
FINANSPOSTAR							
Utbyte	4	4	10	0	5	5	22
Aksjevinst	85	0	15	0	0	0	0
Finansinntekter	0	273	-90	120	60	80	161
Nedskrivning av luter	0	0	-65	0	0	0	0
Rentekostnad lån	0	-235	-332	-332	-151	-150	-132
Finansutgifter	-105	-102	-99	-99	-100	-100	-59
Sum finanspostar	-16	-60	-130	-311	-186	-165	-8
Ekstraord. inntekter	0	75	0	-	0	-	-
RESULTAT	64	3461	-130	-1 215	42	1 089	1 363

Balanse 2024/2025

ANLEGGSMIDDEL	2024	2025
Varige driftsmiddel ³	19 093 500	18 700 900
Driftslausøyre, inventar o.a. utstyr ³	104 600	77 306
Sum varige driftsmiddel ³	19 198 100	18 778 206
Finansielle anleggsmiddel		
Invenstering i lutar	16 200	16 200
Invenstering i Fondet for norsk målreising ⁶	469 384	469 384
Sum finansielle anleggsmiddel	485 584	485 584
OMLAUPSMIDDEL		
Varelager ⁷	140 000	160 000
Kundekrav	8 248	388 586
Andre krav	56 574	12 297
Sum krav	64 822	400 883
Bankinnskot, kontantar	4 502 614	4 821 717
Sum omlaupsmidler	4 707 436	5 382 600
SUM EIGE	24 391 120	24 646 390
EIGENKAPITAL		
Sum opptent egenkapital ⁴	9 045 660	10 408 455
SKULD		
Langsiktig skuld	3 720 076	3 747 401
Lån	2 584 142	995 217
Anna langsiktig skuld ⁵	6 014 622	6 014 622
Sum anna langsiktig skuld	12 318 840	10 757 240
Kortsiktig skuld ⁸		
Leverandørgjeld ⁸	44 380	114 043
Skuldig medlemspengar ⁸	1 479 371	1 584 056
Medlemspengar neste år ⁸	86 880	87 680
Nedlagde/sovande lag ⁸	152 662	164 202
Skuldige offentlege avgifter og feriepengar ⁹	347 368	441 289
Anna kortsiktig skuld ⁸	915 959	1 089 425
Sum kortsiktig skuld	3 026 620	3 480 695
SUM EIGENKAPITAL OG SKULD	24 391 120	24 646 390

Notar**Note 1: Offentlege og andre tilskot**

	2024	2025
Kulturdepartementet	6 770 000	7 020 000
Andre tilskot	21 531	12 057
Sum tilskot	6 791 531	7 032 057

Note 2: Lønskostnad, tal på tilsette m.m.

	2024	2025
Lønskostnad	5 847 561	6 793 243
Folketrygdavgift	886 312	1 087 767
Pensjonsytingar	519 970	666 898
Refusjon sjukepengar	-286 178	-83 803
Andre ytingar	493 999	297 791
	7 461 663	8 761 897
Gjennomsnittleg tal på tilsette (årsverk)	8	8,5

Note 3: Driftsmiddel, avskrivningar

Tilskot til inventar/utstilling og bygg	Bygg	Inventar	Sum
Kostpris 1.1	19 631 000	136 394	19 767 394
Akk. avskrivningar 31.12	-930 100	-59 088	-989 188
Bokført verdi 31.12	18 700 900	77 306	18 778 206
Avskrivningar i år	392 600	27 294	419 894
Avskrivingsatts	2 %	20 %	

Note 4: Eigenkapital

	Annan eigenkapital	Sum eigenkapital
Eigenkapital pr. 01.01.2025	9 045 660	9 045 660
Årsresultat	1 362 795	1 362 795
Eigenkapital pr 31.12.2025	10 408 455	10 408 455

Note 5: Skuld til kredittinstitusjonar

Heile skulda forfell innan 5 år etter balansedagen.

Driftsmiddel er stilt som sikring for banklånet med kr 18.778.206.

Note 6: Lutar

Noregs Mållag har lutar i:	Tal	Kostpris	Bokført verdi
Dag og Tid	492	10 000	0
Det Norske Teatret	23	11 200	0
Orkla A-aksjar	1 380	273	16 200
Andre lutar		46 976	0
Sum:		68 449	16 200

Note 7: Varelager

Varelageret er vurdert til lågaste verdi av kostpris og verkeleg verdi.

Note 8: Andre krav

Krava er verdsette til pålydande og forfell innan eitt år.

Note 9: Bundne midlar

Av bankinnskot er kr 272 059 bundne til skattetrekk.

Note 10: Anna langsiktig gjeld

Anna langsiktig skuld gjeld motteken gåve som skal nyttast til spesielle føremål jf. avtale med gjevar.

Balanserekneskap for Fondet for norsk målreising

EIGNELUTAR ANLEGGSMIDDEL	2024	2025
Investeringar i fondet	26 142	26 880
Mellomrekning Noregs Mållag	37 563 445	3 783 669
Sum anleggsmiddel	3 782 486	3 810 549
OMLAUPSMIDDEL		
Bankinnskot	37 238	10 229
Sum omlaupsmiddel	37 238	10 229
Sum eignelutar	3 819 724	3 820 778

EIGENKAPITAL OG GJELD

Eigenkapital		
INNSKOTEN EIGENKAPITAL		
Annan innskoten eigenkapital	936 000	936 000
Sum innskoten eigenkapital	936 000	936 000
OPPTENT EIGENKAPITAL		
Annan eigenkapital	1 954 390	2 883 725
Resultat i år	929 334	1 053
Sum opptent eigenkapital	2 883 725	2 884 778
Sum eigenkapital og gjeld	3 819 724	3 820 778

Rekneskap Inga og Gjøa Lutros legat

	2024	2025
INNTEKTER		
Renter	21 492	20 359
Overført til Noregs Mållag	21 492	20 359
BALANSE		
Aktiva		
Bankinnskot	602 678	602 678
Passiva		
Legat	602 678	602 678



Tillitsvalde, tilsette og oppnemnde

Heidersmedlemer

Heidersmedlemer i Noregs Mållag er no:
Audun Heskestad, Guri Vesaas og Oddny Miljeteig.

Styret og arbeidsutvalet

Styret og arbeidsutvalet har i perioden vore:

Leiar: Peder Lofnes Hauge (AU)

Nestleiar: Live Havro Bjørnstad (AU)

Styremedlemer: Kjetil Aasen (AU)

Espen Tørset, Monika Haanes Waagan, Gunnhild Skjold og Sebastian Vinsent Natvik (NMU) Varamedlemer: Synnøve Marie Sætre (til januar 2026), Tommy Tverdal, Silje Nathalie Luvåsen og Jorunn Simonsen Thingnes.

Styret har hatt 15 møte i perioden og om lag halvparten av desse har vore digitale. Rundt 170 saker har vore handsama, og den viktigaste av desse har vore den store sidemålssaka inn mot valkampen i 2025.

Leiar Peder Lofnes Hauge har hatt frikjøp i 100 % i perioden. Nestleiar Live Havro Bjørnstad var honorert i 20 % i fire månader i 2025 for å arbeida med sidemålsskampanjen.

Arbeidsutvalet har hatt ni formelle møte i perioden, i all hovudsak for å førebu dei mest omfattande styremøta. Elles har AU jamt telefon- og e-postkontakt, og leiar, dagleg leiar og nestleiar har i tillegg faste møte annakvar fredag for å diskutera aktuelle arbeidsoppgåver.

Landsrådet

Landsrådet er sett saman av fylkesleiarane, leiararen i Noregs Mållag og ein ekstra representant frå Norsk Målungdom. I denne perioden har landsrådet hatt tre møte; to fysiske og eitt digitalt.

Både dei fysiske møta har vore kopla til nasjonale

haustseminar, og dei har såleis vore prega av eit meir omfattande politisk program, men det har vore færre møtetimar til landsrådsinterne saker. Dei viktigaste einskildsakene har vore sidemålsskampanjen og det nye arbeidsprogrammet for komande fireårsperiode. Faste saker som landsrådet melder tilbake at dei finn nyttige, er ein runde om den politiske situasjonen og ein erfaringsutvekslingsrunde fylkeslaga imellom, der ein deler prioriteringar, vurderingar, suksessar og suter.

Valnemnda

Valnemnda har i perioden vore:

Leiar: Marit Aakre Tennø

Birgitta Lim Erslund

Ola Haugen Havrevoll

Fredrik Heimsæter

Jógvan Helge Gardar (NMU) (vart fritteken frå vervet sitt hausten 2025)

Ann-Mari Baukhol Ruste (NMU)

Vara:

Inger Johanne Sæterbakk

Anders Riise

Eline Bjørke

Skrivarstova

Tilsette i perioden har vore:

Dagleg leiar: Gro Morken Endresen

Organisasjons- og informasjonsrådgjevar: Hege Lothe (permisjon i til saman knapt åtte veker i 2025 i samband med valkamp)

Økonomirådgjevar: Per Henning Arntsen

Politisk rådgjevar: Frida Pernille Mikkelsen (foreldrepermisjon frå 24.06.24–03.01.25 og frå 01.06.25–18.07.25) siste arbeidsdag 28. februar 2026)

Skulemålsskrivar: Ingar Arnøy

Organisasjonsrådgjevar: Erik Grov

Politisk rådgjevar og redaktør for Norsk Tidend:
Vemund Norekvål Knudsen (permisjon frå 1.
mars til 30. september 2025, og 50 % stilling frå
1. januar til 30. april 2026)

Kommunikasjonsrådgjevar: Tonje Thorstad Kildal (frå 16. august 2024)

Redaktør for Norsk Tidend nr. 2 og 3 2025:

Jógvan Helge Gardar (vikar for Knudsen)

Redaktør for Norsk Tidend frå 21. januar 2026:

Jógvan Helge Gardar

Medrekna frikjøp til politiske verv, har me frå vinteren 2026 7,2 årsverk på skrifvarstova.

Nemnder og utval

Lista gjer eit oversyn over nemnder, utval og representasjon i Noregs Mållag for arbeidsåra 2024–2026. Funksjonsperioden står attom namnet. I dei tilfella der det har vore ny oppnemning i årsmeldingsperioden, står både den som har vore, og den som er representant no. Reine mellombelse arbeidsnemnder og uformell representasjon er ikkje førte opp. Lista har berre med dei representantane Noregs Mållag har oppnemnt. Oppnemningane er gjorde av styret, eventuelt av arbeidsutvalet eller dagleg leiar etter fullmakt frå styret.

Jury for Nynorsk næringslivspris

Monika Haanes Waagan, leiar (2025–2027)

Anne-Mette Hjelle (2024–2026)

Liv Astrid Hesjedal (2024–2026)

Jan Thormodsæter (2024–2026)

Nynorsk pressekontor

Birgitta Lim Ersland (2022–2028)

Svein Olav Langåker (2025–2027)

Vara:

Astrid Sverresdotter Dypvik (2022–2028)

Martin Årseth (2025–2027)

Oslo Nye Sparebanks fond

Morten Søberg (2018–2026)

Vara: Karl Peder Mork (2018–2026)

Jury for Nynorsk litteraturpris

Elisabeth Jensen Lombnæs (2025–2028)

Jury for Nynorsk barnelitteraturpris

Oda Johnsen Longvanes (2025–2028)

Oddmund Kårevik (2024–2027)

Isabella Pareliussen (2023–2026)

Styret for Norsk Barneblad

Nina Teigland 2024–2026

Vara: Geir Egil Eiksund (2022–2026)

Rådet for Norsk Barneblad

Magnus Bernhardsen (2018–2026)

Ellinor Bergli Bustad (2024–2026)

1. *vara:* Ola Sørensen (2022–2026)

2. *vara:* Inger Johanne Sæterbakk (2024–2026)

Stiftinga Vener av Dag og Tid (før Riksfondet for nynorsk presse)

Birgitta Lim Ersland (2022–2026)

Fredrik Hope (2020–2026)

Stiftinga Magasinet

Ingvild Aursøy Måseide (2025–2027)

Sandefjord og Sandars legat, utdelingsnemnda

Gro Morken Endresen (2021–2026)

Anne Røflo Longva og Alf Andre Longvas fond

Nina Berge Rudi (2019–2025)

Vara: Fredrik Hope (2019–2025)

Valnemnda for Det Norske Teatret

Janne Nygård (2025–2028)

Halldor O. Opedals fond

Håkon Remøy (2021–2027)

Vestmannafondet

Håkon Remøy (2021–2027)

Vara: Kjetil Aasen (2025–2027)

Rådet for Nynorsk kultursentrum

Karl Peder Mork (2020–2028)

Vara: Monika Haanes Waagan (2022–2028)

Norsk Målungdom

Dei to siste arbeidsåra har vore gode år for Norsk Målungdom. I 2025 hadde vi det høgaste medlemstalet sidan før pandemien, og vi har ikkje hatt så mange nyinnmelde medlemmar på åtte år. Sentrale tilskipingar har eit stigande deltakarantal. Utetter har vi i hovudsak arbeidd for nynorsken i skulen, samstundes som vi innerter har arbeidd for å bli større og sterkare.

Utetter

Dei største politiske sakene i perioden har vore språk i skulen og språk i ein digital kvardag. For sistnemnde har vi nett vedteke eit politisk program for temaet som har vorte meir aktuelt dei siste åra i samband med digitalisering og aukande bruk av språkteknologi. Den aller største politiske saka i perioden har vore opplæringslova med arbeidet for digitale læremiddel og betre stavekontroll på nynorsk.

Den nye opplæringslova som vart vedteken i 2023 og som tredde i kraft i 2024, har fått mykje merksemd i arbeidet vårt. Vi fekk gjennomslag for fleire ting som mellom anna språkdelt ungdomsskule. I dagens opplæringslov er det ikkje noko krav for læringsressursar som er laga til bruk i opplæringa, og med det fell svært mange digitale læringsressursar utanom parallellkravet. Kunnskapsinnhentinga til Udir syner at kring halvta av læringsressursane ikkje finst på nynorsk, mellom anna er det ofte vanskeleg å finna det nynorske innhaldet i fleire av læringsressursane.

NMU deler kvart år ut Dialektprisen som går til dialektføredøme for ungdom. I 2024 gjekk prisen til artist Synne Vo på landsmøtet til NMU i Drammen. I 2025 vart listetopp Tobias Sten dialektprisvinnaren. Han har særskilt gått ut mot dialektbyte i media.

I tillegg til politisk og organisatorisk aktivitet driv vi også opplysningsarbeid om den norske språkstoda. Då reiser vi rundt på målferd og held føredrag for elevar. Vi snakkar om målsoga, språkvalemekanismer og -konfliktar, om nynorsk og dialektane og om oss sjølve. Vi har halde føredrag for over 2600 elevar, mange av desse i samband med Nynorskstafetten, som Noregs Mållag og NMU skipar til i lag.



Synne Vo fekk dialektprisen i 2025. Foto: Norsk Målungdom.

Innetter

Norsk Målungdom har framleis jobba med å halda oppe medlemstalet og talet på aktive lokallag. I 2024 hadde vi 1 173 medlemmar, og i 2025 hadde vi 1 263 medlemmar. Av desse var 843 under 26 år i 2024, medan tilsvarende tal for 2025 var 985 medlemmar. Delen medlemmar under 26 år var med det høgare enn på ein del år. Organisasjonen hadde 13 lokallag i 2024 og 19 lokallag i 2025, gitt at laga leverer årsmelding for 2025. Aktiviteten har auka mykje særleg i elevmållaga, og dei aller fleste lokallag driv med jamleg aktivitet og målarbeid. NMU har ein stabil vekst og nærmar seg eit nivå tilsvarende det før pandemien.



Norsk Målungdom på landsmøte i Drammen våren 2025. Foto: Mari Kaslegard/Norsk Målungdom.

I 2025 var landsmøtet vårt i Drammen, og i 2026 er det i Bergen. Utover dette har vi også skipa til vinterleirar på Dovre og i Ål, og sommaren 2026 skipar vi til sommarleir for fyrste gong sidan pandemien. NMU har tilsett skrivar i 100 prosent stilling og frikjøpt leiar. Fram til 2025 har vi også hatt ein kontormedarbeidar i 50 prosent stilling. Av økonomiske omsyn har vi valt å ikkje tilsetta ny kontormedarbeidar, likevel har medlemsbladet til NMU ein bladstyrar som vert honorert for arbeidet med bladet, som blir gjeve ut tre gonger i året.

Økonomien til NMU gjekk godt før og under pandemien, og organisasjonen spara opp ein god eigenkapital. Vekst i medlemar og lokallag har bydd på mykje meir aktivitet som speglar seg i utlogene, men ikkje fullt så mykje i inkomene. Dei tilsette i NMU har tidlegare følgd lønstrinna i staten, men har no løn fastsett etter satsar knytte til grunnbeløpet i folketrygda, som opnar for gode vilkår for dei tilsette. Framover må vi planleggja godt for å halda på den økonomiske fridomen vi har no.

Medlemer per fylke

FYLKE	2022	2023	2024	2025	(+/-)
Agder	34	43	50	43	8
Akershus	38	47	52	47	-3
Buskerud	19	23	17	23	9
Finnmark	4	4	5	4	2
Innlandet	60	63	71	63	-3
Møre og Romsdal	99	97	98	97	25
Nordland	11	10	8	10	1
Oslo	179	195	168	195	-17
Rogaland	82	88	79	88	48
Telemark	20	23	24	23	-5
Troms	50	48	38	48	-13
Trøndelag	167	161	140	161	-3
Vestfold	20	20	15	20	-7
Vestland	451	468	392	468	47
Østfold	12	15	9	15	-2
Utlandet	7	14	7	14	3
Sum	1 254	1 319	1 173	1 263	90

Nærskylde

DAG OG TID

Selskapet Dag og Tid AS gjev ut den frie og ubundne vekeavisa Dag og Tid, som særleg legg vekt på stoffområda kultur og politikk. Dag og Tid har vore i framgang gjennom mange år og nærmar seg no eit opplag på 16 000, meir enn det doble av opplaget for tjue år sidan. Selskapet gjev av og til også ut forlagsprodukt.

DET NORSKE SAMLAGET

Det Norske Samlaget er eit litteraturselskap, ein kulturpolitisk interesseorganisasjon skipa i 1868, og eit forlag, Stiftinga Det Norske Samlaget. Forlaget gav i 2025 ut 70 nye titlar, i tillegg til nye utgåver av tidlegare utgitte titlar, fordelt på skjønnlitteratur for vaksne og barn, sakprosa for eit allment publikum, ordbøker og pensumbøker for høgare utdanning. Boksalet gjekk opp, og omsettinga nådde 76,4 mill. med eit driftsresultat på kr 4,4, mill. Forfattarskulen for skrivande med minoritetserfaring, som Samlaget driv i samarbeid med Minotenk, tok inn nye 10 studentar i 2025, og ytterlegare 8 er tekne opp for studieåret 2026. Pr 31.12.25 har 40 studentar gjennomført forfattarskulen. Litteraturselskapet Det Norske Samlaget gjev ut tidsskriftet Syn og Segn, som er av dei største allmennkulturelle tidsskrifta i Noreg. Tingartalet har dessverre gått ned til 1200 etter at tidsskrift ikkje lenger blir innkjøpte over innkjøpsordninga til biblioteka.

DET NORSKE TEATRET

Det Norske Teatret er eit djervt, ope og engasjerande teater dit folk søker for refleksjon, oppleving og underhaldning. Det Norske Teatret skal med nynorsk som scenespråk og eit breitt samfunnsengasjement skape nye uttrykk og nå eit stort publikum.

2024 var det siste året til Erik Ulfsby som teatersjef ved Det Norske Teatret, etter 14 år ved roret.

Ulfsby sette opp mellom 300 og 350 framsyningar som sjef, og han opna og endra teateret i sin sjefsperiode, og auka produksjonstakta, mangfaldet og aktiviteten. Ved årsskiftet kunne han gi stafettpinnen vidare til Kjersti Horn, og han gav frå seg eit teater som gjekk med overskot igjen etter eit krevjande økonomisk år i 2023. Etter solid politisk arbeid med kampanjen «Tett gapet» i lag med resten av målrørsla, fekk Det Norske Teatret ei ekstra løyving på 9 millionar kroner i revidert statsbudsjett 2024. I 2025 kom ei ny ekstraløyving, og totalt har dei statlege overføringane no auka med 15 millionar kroner. Gapet mellom dei statlege løyvingane til Det Norske Teatret og Nationaltheatret er framleis ikkje tetta, men arbeidet har gitt resultat.

Ei av storhendingane på teateret i 2024 var den første urpremieren av eit Jon Fosse-stykke etter at han fekk Nobelprisen i litteratur. *Einkevan* hadde premiere i april i regi av påtroppande teatersjef Kjersti Horn. Stykket spelte for fulle hus langt ut i 2025, og var også på spelferd til The Coronet Theatre i London. Den nyskrivne musikalen *Spynorsk. The musical* av Are Kalvø og Ingrid Bjørnov prega også 2024 på Det Norske Teatret. Framsyninga sette den nynorske målreisinga og Ivar Aasen i eit nytt og humoristisk superheltlys, og med songar som «Å symje, sym, sumde, har sumt» bidrog også musikalen til å betre kunnskapen om nynorsk verbbyging. Frå 1. januar 2025 har Kjersti Horn vore teatersjef på Det Norske Teatret. Ho legg til grunn at teateret er eit demokratiprojekt, og vidarefører arbeidet med å auke mangfaldet på teateret, både på og bak scenen og blant publikum.

I 2025 hadde teateret sitt beste publikumstal sidan 2019, og vi ser ein særleg auke blant dei yngste billett kjøparane. Dei har strøymt til den minste scenen vår, Scene 3, der Tani Dibasey

og duoen Only Slime gjennom heile 2025 fekk frie tyglar til å setje sitt ungdommelege preg på scenerommet. Ei anna framsyning som har trekt ungdommar, er *Da vi var yngre*, etter romanen til Oliver Lovrenski. Framsyninga fekk Hedda-Prisen for beste framsyning for ungdom i 2025. Eit av dei djervaste prosjekta frå 2025 vil nok også gå over i historia som eit av dei meir legendariske. Med *Europavisjonar* har publikum blitt skaka, opplyst og underhalde av eit ensemble som på meisterleg vis teikna fram eit bilde av eit Europa som slo sprekkar, med utgangspunkt i songar og formatet til Eurovision. Framsyninga fekk full pott hos eit oppglødd meldarkorps og publikum strøymde til. Sjeldan har teater vore meir politisk, meir forførande og meir urovekjande, og etter kvart som den politiske utviklinga har tatt nye og oppsiktsvekkande vendingar, har framsyninga blitt fornya. Ho held fram utover i 2026.

I 2025 feira Det Norske Teatret 40 år i eige hus. Teaterbygget er godt halde ved like, men teater-tekniske installasjonar og byggtekniske forhold nærmar seg levetida. Dei største investeringane er det ikkje råd å kunne finansiere over driftsbudsjettet. Teateret søker støtte til renovering av bygget gjennom ordninga Nasjonale kulturbygg. Det blir ei prioritert oppgåve framover. Kjersti Horn er teatersjef, Andreas Aglen er konstituert direktør og Hilde Barstad er styreleiar ved Det Norske Teatret.

FRAMTIDA.NO

Framtida.no er ein nynorsk nettstad med nytt for unge mellom 14 og 25 år som vart starta opp hausten 2010 av LNK og ABC Startsidan. I 2025 var nær 580.000 brukarar innom Framtida.no. Journalistikken vert òg lagt merke til i andre medium.

Framtida.no-redaksjonen har kontor i Oslo. I snitt har Framtida.no hatt fire redaksjonelle årsverk dei siste åra. Økonomien kjem i stor grad frå prosjektstøtte. I 2025 har både Fritt Ord, Bergesenstiftelsen og Sparebankstiftelsen støtta fleire prosjekt, knytte til alt frå stortingsvalet og film- og seriemeldingar frå unge. Etter at LNK klarte å få auka støtta frå Kulturdepartementet i 2018, har økonomien vore meir føreseieleg. Viser elles til redaksjonelle rapportar her: framtida.no/tags/framtida

FRAMTIDAJUNIOR.NO OG FRAMTIDA JUNIOR

LNK driv Framtidajunior.no og papiravisa Framtida Junior. Den populære nettstaden vart offisielt opna 17. oktober 2017. To journalistar jobbar dedikert med denne: Janne Nerheim og Synne Ulltang. Svein Olav Langåker er redaktør. I 2023 blei Framtidajunior.no kåra til Årets nynorskbrukar på Festspela. Over 106.000 brukarar var innom nettstaden i løpet av 2025, ein auke frå året før. Kvart år kjem det inn rundt 1000 bidrag i skrivekonkurransane som Framtida Junior arrangerer. Framtida Junior arrangerer òg bokbadarkurs og journalistkurs for barn på mellomsteget.

Framtida Junior fekk støtte av Fritt Ord i 2025. Støtta gjekk til prosjektet «Krig og fred». Redaksjonen har intervjuar barn frå heile Noreg, frå Kirkenes til Sogn – og me har intervjuar barn med krig tett på kroppen, både i Ukraina og Gaza, og me har intervjuar barn som er flyktningar, frå både Russland og fleire afrikanske land. Og me har skrive om beredskap, vernepliktige, diplomati og fredsarbeid.

I samarbeid med Hallingdølen, Hordaland, Os og Fusaposten, Sogn Avis, Sunnhordland og ABC Startsidan starta LNK opp papiravisa Framtida Junior i november 2017. Avisa har kome om lag ein gong i månaden. På grunn av ekstra kostnader til abonnementshandtering, kraftig auke i porto og lågare abonnemeststal har LNK vore nøydd til å stoppa fleire utgjevingar av avisa ved nyttår.



KRINGKASTINGSRINGEN

Kringkastingsringen er ein medlemsorganisasjon som arbeider for mest mogleg nynorsk, dialekt og samisk i medieplanet. Kringkastingsringen har om lag 600 medlemmer. Organisasjonen driv heilt utan offentleg støtte og er avhengig av medlemspengar og gåver.

Noko av det Kringkastingsringen fylgjer aller mest med på, er kravet om at NRK skal ha minst 25 % nynorsk i alle flater. Difor var det gledeleg at NRK greidde 28 % i 2024, og 26,6 % i 2025. Likevel er det store skilnader mellom plattformene, og for nettsidene låg nynorskdelen framleis godt under kravet, sjølv om utviklinga har vore positiv dei siste åra. Samstundes er det viktig å følgje med på dei store endringane i medieverda generelt og korleis dei påverkar stoda for norsk som mediespråk.

Kringkastingsringen organiserer det årlege møtet mellom NRK-leiinga og språkorganisasjonane, der både Mållaget og NMU òg deltek. Møtet vart gjennomført både i desember 2024 og i desember 2025, og NRK stilte med både kringkastingsjef, språksjef og fleire andre leiarar. Medlemsbladet Kringom kom ut med fire utgåver i både 2024 og 2025. Organisasjonen deltek elles i høyringar og prøver etter beste evne å markere seg i det offentlege ordskiftet. I 2025 fylte organisasjonen 70 år, og åremålet vart markert med nyvinninga nynorskpub – tre i talet, i høvesvis Pressens hus («Korleis er kvardagen som nynorskjournalist i NRK?»), Kaffistova («Val på nynorsk») og Det Norske Teatret («Nynorsk sjølvtilit på heime- og bortebane»).

Kringkastingsprisen for 2023 (kunngjort og utdelt i 2024) gjekk til Eivind Molde (NRK), og prisen for 2024 gjekk til Ingrid Halstensen (TV 2).

Jógvan Helge Gardar og Aksel Torsnes Mehlum har vore høvesvis styreleiar og dagleg leiar i heile perioden.

NYNORSKKOMMUNANE – LNK

Nynorskkommunane (LNK) er ei samanslutning av kommunar, fylkeskommunar og interkommunale tiltak og har som føremål å fremja nynorsk språk og kultur i offentleg verksemd.


Det har vore stor aktivitet i LNK i 2025. Nettstadene til LNK har nådd over 700.000 brukarar i løpet av året. LNK har hatt rekordmange medlemsbesøk, og gjennomført rekordmange prosjekt. Landstinget vårt hadde det beste oppmøtet på 14 år.

Me har har tilsett ny prosjektmedarbeidar for å styrka nynorsk i Rogaland, Trond Salte. Satsinga på barn og unge held fram med stor aktivitet i Framtida.no og Framtidajunior.no – og auka i lesartalet på den siste.

Per 31. desember var talet på medlemmar 85 kommunar, tre fylkeskommunar og 16 regionråd og andre IKS. Sande, Herøy og Vestnes sa opp medlemskapen i 2024, og Stad og Vanylven i 2025. Utmeldingstida er to heile kalenderår etter oppseiinga er komen til styret. Dårleg kommuneøkonomi har gjort at fleire kommunar har vurdert medlemskapen.

LNK skal arbeida for å utvikla nynorsk språk innanfor alle sektorar i det offentlege, og har dei siste åra prioritert arbeidet med språkkopplæring, nynorsk for barn og unge og det å visa samanhengar mellom språk, identitet, kultur og samfunnsutvikling. I 2025 oppdaterte LNK malen sin for kommunale språkbruksplanar etter innspel frå både Noregs Mållag, Nynorsk kultursentrum og Nynorsksenteret.

LNK tilbydde i 2025 det nynorske klarspråkkurset «På saklista» og nynorskkurset for lærarar «På tavle og skjerm» med sterkt redusert medlemspris til medlemmane. Kurset er utarbeidd av og utført av Fretland & Fretland og arrangerte i samarbeid med Fagforbundet og KLP. LNK held kontakten med medlemmane mellom anna gjennom e-brev og sosiale medium. I tillegg driv organisasjonen nettstadene LNK.no, Magasinet.no, Pirion.no, Framtida.no og Framtidajunior.no. LNK har òg drive papiravisa Framtida Junior.



På Lesedigdig kan du finna nynorskbøker for barn i fleire forskjellige sjangrar.

LESEDIGG OG LESEDIGG-KLUBBEN

I 2025 har Framtida Junior samarbeidd med Nynorsk kultursentrum, Nynorsksenteret og seksjon for bibliotekutvikling i Vestland fylkeskommune om å vidareutvikla den digitale tenesta som skal hjelpa barn å finna kjekke bøker å lesa.

Hausten 2023 starta Framtida Junior eit samarbeid med Høgskulen på Vestland og Stord folkebibliotek om ein leseklubb for barn frå 4.–6. trinn, Lesedigdigklubben. Klubben arrangerer fleire opne samlingar i biblioteket der det vert lese høgt, prata om bøkene med barna og ulike aktivitetar til bøkene. LNK og Stiftinga Magasinett jobbar for no for å utvikla dette som ein modell som fleire bibliotek og skular kan ta i bruk.

MAGASINETT

Magasinett vart starta i 1997 av Landssamanslutninga av nynorskkommunar og Noregs Mållag. LNK v/Framtida.no tok over den redaksjonelle drifta av nettidsskriftet i 2012. Magasinett.no og Framtida.no er framleis dei einaste ungdomsretta nettstadene som er redigerte på nynorsk.

Magasinett skal gje aktuelle og relevante nynorske tekstar til bruk i ungdomsskule og vidaregåande, og arrangerer 3–4 skrivekonkurransar i året i lag med Framtida.no. Desse er svært populære og får fleire hundre bidrag.

LNK har i fleire år hatt ein avtale med Fagforbundet som sikrar midlar til marknadsføring og vidareutvikling av Magasinett. Stiftinga Magasinett er elles finansiert gjennom tilskot frå Utdanningsdirektoratet. Frå 1. juli 2024 har Magasinett fått eit søknadsbasert treårig rammetilskot.

STUDIEFORBUNDET KULTUR OG TRADISJON

Noregs Mållag er ein av mange medlemsorganisasjonar i Studieforbundet kultur og tradisjon, som i dag samlar nesten 50 frivillige lag og foreiningar. Studieforbundet arbeider for å gjere kulturarv, tradisjonar og ulike kulturuttrykk tilgjengelege for alle, og sørgjer for både utvikling og finansiering av eit variert opplæringstilbod.

Kursa blir arrangerte over heile landet, oftast i regi av lokale lag. Studieforbundet har ansvar for studieplanar og kvalitetssikring, og bidreg òg med kompetanseheving for kursarrangørar og kurslærarar, i tillegg til anna organisasjonsutvikling. Målet er å sikre gode og fleksible kurs for deltakarar på alle nivå.

Studieforbundet kultur og tradisjon er ein av dei største tilbydarane av kurs i frivillig sektor, og har hatt jamn vekst dei siste åra, der både medlemstal og kursomfang aukar. I 2025 gjennomførte medlemsorganisasjonane til saman 7 075 kurs, med 240 881 kurstimar og over 66 600 deltakarar. Noregs Mållag bidrog med 32 kurs i løpet av året – til saman 288 timar og 458 deltakarar. Det er flott innsats!

NORSK BARNEBLAD

Norsk Barneblad er eit av dei eldste barneblada i verda. Bladet kjem ut ein gong i månaden. Du finn oss på www.barneblad.no. Vi har også eiga side på Facebook og er på Instagram.

Bladet inneheld teikneseriar, vitsar, kryssord, forteljingar, reportasjar og aktivitetsstoff. Kvart nummer tar opp eit tema. I 2025 har det vore musikk, blekksprutar, teater, forskning, blomstrar, påske, utvandring, bilar, og til sist snø. Vårt mål er at lesarane vår skal føle undring og glede over alt som er i verda.

Norsk Barneblad tilbyr lærerik og underholdande sakprosa på nynorsk. Dette er vi heilt aleine om. Det er ingen andre liknande blad for barn. Mange lokallag i Noregs Mållag kjøper inn klasesett til skular. Dette er viktig målarbeid. Frå august 2024 har vi laga lærarretteiingar til kvart blad utan sommarnummer og julenummer. Nynorsksenteret utarbeider desse.

«Det fine med Norsk Barneblad er at det har fokus på tema. Tematisk innhald kan nyttast i fag som norsk, samfunnsfag, naturfag og KRLE. Det blir brukt lite lærebøker no, mest digitale ressursar, men elevane har så godt av å få møta tekst i papiirutgåve òg. Nynorske tekstar er ikkje lett å få tak i, og nynorsk er svært viktig for dei som har nynorsk som opplæringsmål. Gjennom den nye læreplanen skal elevane møta tverrfaglege emne. Dei skal diskutera, reflektera, argumentera, og gå i djupna. Utgåvene til Norsk Barneblad er fine å ha når me lagar modulplanar i undervisinga.»

Kjersti Øvestad, Håland Skole, Sola kommune

Fire gonger i året blir Norsk Barneblad, med eit ekstra bilag, sendt ut som medlemsblad for barnemedlemmene i Noregs Ungdomslag. I tillegg til bladet lagar også Norsk Barneblad julehefta Smørbukk og Tuss & Troll.

Vald styreleiar er Nina Teigland, men fungerande har vore Geir Egil Eiksund. Ansvarleg redaktør og dagleg leiar er Nana Rise-Lynum. Bilderedaktør og formgjevar er Aina Griffin.



Nana Rise-Lynum, redaktør i Norsk Barneblad, fekk Målprisen 2024. Foto: Kristianne Marøy



Kull 44 på NRK Nynorsk mediesenter: Frå venstre: Julianne Kyoo-Ree Eikrem, Ingeborg Børve Skjold, Linnea Fagerbakke Heggland, Henrik Storm Henriksen og Siri Storheim. Foto: Rune Fossum Lillesvangstu / NRK.

NRK NYNORSK MEDIESENTER

Har starta nynorskhelpar – no får heile NRK hjelp med god nynorsk.

Hausten 2025 tok NRK Nynorsk mediesenter initiativ og etablerte ei ordning for å gjere nynorsken i NRK betre. Vi står no bak ei teneste kalla Nynorskhelparen, der alle redaksjonar i NRK kan sende inn saker og få språkvask og hjelp med betre språkføring. Det gjeld særleg saker som er omsette til nynorsk med robot, men er òg tilgjengeleg for dei som skriv nynorsk i utgangspunktet. Dette gjer vi i godt samarbeid med NRK Vestland, NRK Møre og Romsdal og NRK Vest.

Ved årsskiftet hadde NRK Nynorsk mediesenter lært opp 215 nynorskbrukande journalistar. Frå dei siste ti kulla jobbar 66 prosent framleis i media. Totalt er 44 prosent framleis i NRK. 20 prosent jobbar i TV 2 og andre medium.

Det er strammare tider i mediebransjen, og såleis færre som får faste jobbar enn dei føregåande åra. Likevel fekk Frida Kvamsøe Rekdal fast jobb medan ho enno var praktikant i Møre og Romsdal. Maria Gunnarsdotter Svedal vart fast tilsett i NRK Vestland i Bergen.

Gjennom 2025 var NRK Nynorsk mediesenter sentral i arrangementa av tre gratis frukostmøte i Nynorskhuset i Førde. I april 2026 blir det ein

nasjonal språkkonferanse same stad.

NRK Nynorsk mediesenter er dessutan sekretariat for Kultur- og likestillingsdepartementets nynorskpris for journalistar. I 2025 gjekk prisen til duoen Tor Følgerø og Olav Johannes Bøthun i Hallingdølen.

NYNORSK PRESSEKONTOR (NPK)

«Meir på nynorsk til fleire» er framleis visjonen i Nynorsk pressekontor. Og dette på ein slik måte og med eit innhald som gjer at også dei som til vanleg ikkje les eller bryr seg om nynorsk, skal få lyst til å lesa sakene våre. Stiftinga Nynorsk Pressekontor, i daglegtale Nynorsk pressekontor, leverer nyheiter på nynorsk til media av alle slag, både på nett og papir, og heldigvis har me framleis forholdsvis stabile abonnentar. Me mista to i 2025, fekk ein ny og har framleis knapt 40 abonnentar. Den største endringa dei to siste åra er at bruken på papir har gått dramatisk ned, ikkje først og fremst på grunn av sakene me leverer, men fordi frekvens og sidetal i papirutgåvene er så kraftig redusert. Dette gjer at me no lagar langt færre featuresaker enn før, me sender i staden ut rundt 30 aktuelle nyheitssaker i snitt i månaden. Me er framleis seks fast tilsette, og har vore i drift sidan 1969.

Stiftinga Nynorsk pressekontor har sidan 2007 valt å samarbeida med Norsk Telegrambyrå (NTB) for å best kunna arbeida for å auka bruken av nynorsk i media. Samarbeidet gjer oss

i stand til å levera betre vilkår for nynorsk i media og styrkjer NPK i møte med endra krav om utvikling og tilbod. For å sikra at nynorsk er eit velfungerande og fullverdig språk er det viktig at språket er synleg i media. Dette samarbeidet vart i 2023 utvida med 5 nye år.

Jan Inge Fardal har sidan 1. februar 2020 vore redaktør og dagleg leiar, medan Svein Olav Langåker tok over som styreleiar etter Tom Hetland i 2025.

PIRION

I februar 2001 skipa LNK, saman med Noregs Mållag, stiftinga Pirion. Pirion har som formål å stimulera og inspirera kulturarbeidet i barnehagane. Pirion har særleg ansvar for nynorsk barnekultur og dialekt- og lokalkultur. LNK v/Framtida.no tok over det redaksjonelle ansvaret for bladet i 2015. Redaktør er framleis Svein Olav Langåker. I tillegg er fleire spaltistar inviterte for å gje eit spenn og ulike syn på språk, litteratur og barnekulturformidling.

I 2021 utvikla Pirion, Janne Karin Støylen og Sunnfjord Kulturskule eit populært digitalt kursopplegg i formidling av nynorsk, nynorsk barnelitteratur og folkemusikk som blir brukt av fleire barnehagar.

Pirion mista prosjekttilskotet sitt frå Utdanningsdirektoratet i 2021. Nynorsk Forum og LNK har tatt opp den økonomiske situasjonen til Pirion i budsjett høyringa i utdanningskomiteen på Stortinget fleire gonger, men utan å bli høyrte. Stiftinga blei lagt ned hausten 2025, men nettsida Pirion.no blir driven vidare av LNK.

SKALD

Skald er eit uavhengig forlag med sterkt fokus på kvalitet i både innhald og innpakning. Forlaget gir ut bøker om kulturhistorie og kunst, og sakprosa som utforskar interessante tema med eit skaldsk skråblikk.

Dei siste ti åra har forlaget markert seg med serien av omsette verdsklassikarar på nynorsk, der omsetjarar som Brit Bildøen, Margunn Vikingstad, Jon Fosse, Øystein Vidnes og Geir Pollen gjer verk av blant andre Virginia Woolf, Thomas Mann, Emily Brontë, Marcel Proust og

Franz Kafka tilgjengelege for nye lesarar. Målet med serien er å gi ut vellagra, handplukka verk i ny, frisk og nynorsk språkdrakt som skal gi leseglede til folket. Omsetjingane er kritikararste og mange har blitt nominerte til og vunne høgtstående litterære prisar som Kritikarprisen og Bastianprisen. Forlaget har også ein eigen bokklubb for klassikarserien som stadig veks i medlemstal og som i 2025 runda 500 abonnentar. Skald har gjennom åra også gitt ut ei rekkje barnebøker på nynorsk. I 2025 fekk *Barnas verdshistorie* av Erna Osland og Victoria Sandøy (ill.) den prestisjetunge Brageprisen i kategorien sakprosa for barn og unge. Same året vann Øystein Vidnes Kultur- og likestillingsdepartementets pris for sakprosa for den nynorske omsetjinga av barneboka *Plasticus maritimus – Alt om plast i havet* av Ana Pêgo.

Skald satsar på den fysiske boka og skil seg ut i den norske bokfloraen gjennom utsøkt design og materialitet. Det å lese bøker på papir og kjenne på taktiliteten til ei bok, gir ei eiga leseoppleving, og det er det Skald ønskjer å inspirere folk til å oppleve. Fleire av utgivingane har vunne prisar i konkurransen Årets vakraste bøker, utdelt av Grafill. Forlaget er også oppteke av berekraft og samarbeider tett med trykkeria om transparens i bokproduksjonen.

Skald AS vart skipa i 1991 av Jon Skjerdal og Lars Nes, og forlaget har hovudkontor i Gamlehotellet i Leikanger i Sogndal kommune. Forlaget har i dag tre heiltidsstillingar og har sidan 2012 blitt leia av Simone Stibbe.



Utstilling av Skald sine verdsklassikarar på nynorsk på Deichman Grünerløkka.

STILLE STUNDER

Stille Stunder, bladet for heimen, skulen og kyrkja, kjem ut 6 gonger i året. Tingartalet var ved utgangen av 2025 3455 og i 2025 fekk bladet 480 nye tingarar.

Hanne Marie Molde og mannen Trond Ivar Bækken overtok som redaktørar etter at Ivar Molde døydde uventa i februar 2024. Rolf-Atle Rolfsnes er forretningsførar og Knut O. Dale er styreleiar.

NYNORSK BEDRIFTSFORUM

Nynorsk bedriftsforum er ein landsdekkande medlemsorganisasjon for nynorskbedrifter, stifta i november 2022. Forumet er både nettverk, talerøyr og utstillingsvindaug for bedrifter som vel nynorsk, og visjonen vår er at det skal

vere like enkelt å vere nynorskbedrift som bokmålsbedrift. Ved inngangen til 2026 hadde organisasjonen 52 medlemsbedrifter i alle storleikar og frå heile breidda av næringslivet. I 2025 fekk vi tildelt spelemidlar som gjorde det mogleg å auke aktiviteten vår gjennom året, tilby fleire tenester til medlemmane og tilsetje dagleg leiar i 60 % stilling. Hausten 2025 inngjekk vi òg ein viktig intensjonsavtale med Fagspråksenteret ved Universitetet i Bergen om forskingssamarbeid om nynorsk i næringslivet. Vi er glade for det gode samarbeidet med Noregs Mållag og andre nærskylde organisasjonar, mellom anna gjennom felles arrangement under Arendalsveka, næringslivsprogram under Nynorskstafetten og samarbeidet i Nynorsk forum og Nynorskfylket Vestland.



Styret i Nynorsk bedriftsforum (f.v.): Styreleiar Jan Thormodsater, styreleiar (MAFOSS), Anders Folkestad (Noregs Mållag), Inger Sundnes, (Alti Ørsta), dagleg leiar, Monika Haanes Waagan, Margrete Heltne Hovde (Wattn), Synnøve Kleiven (Ulstein Group) og Svein Olav Langåker (LNK). Foto: Nynorsk bedriftsforum.

NOREGS UNGDOMSLAG

Noregs Ungdomslag (NU) vart skipa i 1896 og er ein kulturorganisasjon med om lag 14.200 medlemmer i 315 lag over heile landet. Om lag 250 av laga har eige hus, gjerne kalla ungdomshus. Gjennom folkelege kulturaktivitetar skal NU skape engasjement og levande lokalmiljø. I ungdomslaga er det stort mangfald og ingen krav om å halde på med ein spesiell type aktivitet, men tradisjonelt har dei største aktivitetane vore teater, dans, musikk og bunadsarbeid. Eit fellestrekk for alle laga er at dei jobbar med å skape betre lokalsamfunn gjennom meningsfylte kulturaktivitetar, både på bygda og i byane. Ungdomslaga skal vere frilyndte – altså opne og inkluderande. Dei er òg tradisjonsberarar og demokratisk oppbygde.

STIFTINGA NYNORSK AVISSENER

Praktikantar frå Nynorsk avissenter er etterspurde i ein mediebransje som treng nynorsk-skrivande journalistar med høg digital kompetanse. 72,6 prosent av tidlegare praktikantar frå avissenteret arbeider i relevant bransje: 56,6 prosent jobbar som journalistar, og 16 prosent med kommunikasjon. 66 prosent av praktikantane på dei fire siste kulla jobbar som journal-

istar. Til sommaren vil i alt 116 praktikantar ha fått si opplæring ved Nynorsk avissenter sidan starten i 2013.

To gonger i året tar Nynorsk avissenter inn 5 praktikantar, som på seks månader får ei intensiv og effektiv opplæring i journalistikk for avis, nett og sosiale medium. Firda i Førde er vertsavis i fire månader. Deretter ventar to månader praksis i sjølvvald avisredaksjon. Teori og praksis går hand i hand, og metoden er først og fremst å lære ved å gjere. Mange førelesingar er felles med NRK Nynorsk mediesenter, som har ei tilsvarende opplæring av nynorskbrukande journalistar for nett, radio, fjernsyn og sosiale medium. Nokre kurs og førelesingar er også opne for etablerte journalistar.

Bak stiftinga står Mediebedriftenes Landsforening (MBL), Landssamanslutninga av nynorsk-kommunar (LNK) og Firda Media. Føremålet er å styrke rekruttering, nyskaping og utvikling i aviser og andre medium som publiserer på nynorsk. Drifta er finansiert av Kulturdepartementet og Firda Media. Søknadsfrist for nye praktikantar er 15. april og 15. oktober.



Hedda Åse Nordhus Aurdal, Selma Sverresdatter Finne, Therese Olset Solheim, Sara Lie Hegre og Ellisiv Tomasgard Rastevold er praktikantar i Nynorsk avissenter våren 2026. Foto: Nynorsk avissenter.

NYNORSK KULTURSENTRUM

Nynorsk kultursentrum har alltid hatt ei lang rekkje samarbeidspartnarar. I 2025 såg vi det likevel som naudsynt å melde oss inn i nok eit nettverk. Som andre norske organisasjonar, sjølv sagt etter Noregs Mållag, søkte vi og fekk medlemskap i NPLD – Network to promote Linguistic Diversity, som samlar aktørar for mindretalsspråk i heile Europa om viktige tiltak og kunnskapsutveksling. Det er fordi at no står ein stor del av kampen «der ute». Teknologiutviklinga går enda raskare enn ho har gjort dei siste 20–30 åra og no må målrørsla vere vakne og søke samarbeid i inn- og utland for å halde tritt med og finne gode løysingar i møte med KI og dei store tekselskapa. I dét arbeidet er Noregs Mållag ein av dei viktigaste samarbeidspartnarane våre.

Nynorsk kultursentrum jobbar for meir og betre kunnskap og medvit om nynorsk skriftkultur. I 2025 vedtok vi Nasjonal bevaringsplan for privatarkiv knytte til nynorsk skriftkultur. Vi tilrår alle med interesse å lese planen og å ta kontakt om de vil drøfte eit viktig arkiv de veit om.

Nynorsk kultursentrum har fast verksemd på Aasentunet i Ørsta på Sunnmøre, Haugesenteret i Ulvik i Hardanger og Vinjesenteret i Vinje i Telemark. Inngangspengar for medlemmer i Noregs Mållag er 85 kr. Over 30 gratis vandreutstillingar er tilgjengelege til utlån til museum, bibliotek, ungdomslag, mållag og andre. Fleire produksjonar er på turné i Den kulturelle skulesekken, og vi har faste formidlingstiltak gjennom pilotbibliotek og m.a. Litteraturhus Møre og Romsdal som er eit samarbeid mellom fylkeskommunen og Bjørnsonfestivalen. Samarbeidet med Store norske leksikon held fram, og trass ein ny trugsel frå KI-funksjonane hjå Google, er framleis lesartalet for nynorsk-artiklar over 6 millionar.

Det krevst både kløkt, kunst og kunnskap for å sikre eit språkleg mangfald og eit tolerant samfunn i framtida. Nynorsk kultursentrum arbeider både politisk og kulturfagleg med å gjere det nynorske skriftspråket og dei norske dialektane til ein del av flest mogleg kvardagar – også i framtida.

Nynorsk kultursentrum samla i 2021 det meste av eiga digital formidling på nynorsk.no.

Nettstaden lurivar.no har songar og forteljingar for barnehage- og småskuleborn, og på handlenett.no driv vi ein eigen nynorsk nettbutikk. Nynorsk kultursentrum deler ut to prisar og eitt stipend. I 2025 vart Vipps og BankID Årets nynorskbrukar og Storegut 2025 var Eldrid Lunden. Olav H. Hauge-stipendet for unge lyrikarar blei i 2024 delt ut for fjerde gong, og denne gongen gjekk stipendet til diktaren Martin Ingebrigtsen frå Trondheim.

Nynorsk kultursentrum arrangerer tre festivalar. I 2026 blir Festspela arrangert 11.–14. juni i Ørsta og Volda, Poesifestivalen er 11.–13. september i Ulvik og Litteraturdagane er 25.–28. september i Vinje.

Stiftinga Nynorsk kultursentrum er skipa av fem nynorskorganisasjonar, fire kommunar, fire fylkeskommunar, fire universitet, to høyskular, eit museum, ein folkehøgskule og eit forskingsinstitutt. Jan Olav Baarøy er styreleiar. Olav Øyehaug Opsvik er direktør. Margunn Rauset er rådsordførar. Direktøren er sekretær for Nynorsk forum, som koordinerer politisk påverknadsarbeid og anna samarbeid mellom 21 nasjonale nynorskorganisasjonar.



*Tunkatten Lurivar tilbyr songar for barn på nynorsk!
Illustratør: Monica Egeli.*

DET VESTNORSKE TEATERET

Det Vestnorske Teateret er eit nynorskteater for alle som bur på Vestlandet. Sidan 2016 har teateret hatt fast scene i Bergen sentrum og med det har Bergen fått eit etterlengta tilbod på nynorsk og dialekt for barn, ungdom og vaksne. Teateret sin strategi er å vere ein leiande arena for nynorsk scenekunst, og gjennom det styrke nynorsk kultur, identitet og språk.

Vi har ei sterk satsing på ny dramatikk og skal lage rom for dei vestnorske stemmene. Ved sida av teaterrepertoaret driftar vi også eit kulturprogram støtta av Bergen kommune, som har låg terskel og styrkar den nynorske identiteten. Teateret er ombygd og utvida i perioden 2020–23. Sjølv om det no er modernisert, er det framleis eit særeige teaterhus med historie og ein unik identitet i veggane. Drifta har tilskott frå Staten og den største eigaren, Vestland fylkeskommune.

Teatersjef frå hausten 2023 er Thomas Bye.

TEATER VESTLAND

Teater Vestland er det einaste turnerande nynorskteateret i Noreg og spelar framsyningar i heile Vestland fylke. Teateret vart etablert som Sogn og Fjordane Teater i 1977, og fekk namnet Teater Vestland etter fylkessamanslåinga i 2020. I 2027 markerer teateret sitt 50-årsjubileum.

Som regionteater er Teater Vestland ein del av det nasjonale kulturpolitiske målet om at alle i Noreg skal ha tilgang til scenekunst av høg kunstnarisk kvalitet. Teateret produserer fleire premierar kvart år og turnerer til eit stort tal spelestader i fylket.

I 2025 gjennomførte teateret 306 framsyningar og arrangement – 203 i Nynorskhuset i Førde og 103 på turné i fylket – og nådde over 23 000 publikummarar. Teateret hadde også 101 arrangement og aktivitetar for barn og unge.

Teater Vestland held til i Nynorskhuset i Førde, ei av dei største nynorskklyngene i landet. Her er mellom andre NRK Vestland, avisa Firda, Nynorsk mediesenter og Nynorsk avissenter samla i eit felles miljø for nynorsk språk, kultur og medieformidling.

Nynorsk språk og vestnorske dialektar står sentralt i arbeidet til teateret. Å spele framsyningar på nynorsk og vestnorske målføre er med på å styrkje språkleg identitet og gje publikum møte med sitt eige språk på scena.

Teater Vestland har òg teke initiativ til Nynorsk scenspråksenter, ei nasjonal satsing for å styrkje bruken av nynorsk og dialektar i scenekunst og film. Bakgrunnen er at undervising i nynorsk scenspråk og dialektomlegging i liten grad finst i skodespelarutdanningane. Interesse for tilbodet er stor, med om lag 150 søkjarar til dei tre første kulla på til saman 12 studieplassar.

Drifta av teateret har tilskott frå staten, Vestland fylkeskommune og Sunnfjord kommune. I 2025 var Kristina Kjeldsberg konstituert teatersjef. Ny teatersjef frå januar 2026 er Aslak Moe.

GARBORGSENTERET

Nasjonalt Garborgsenter (Garborgsenteret) er eit litteraturmuseum som formidlar Hulda og Arne Garborgs liv og virke. Museet ligg på Bryne og deler bygg med Time bibliotek. Senteret er del av Jærmuseet, regionmuseum for sju kommunar på Jæren og Nord-Jæren, og regionalt vitensenter for Sørvestlandet. Jærmuseet har òg ansvar for Garborg-husa i Time kommune, Garborgheimen og Knudaheio, Arne Garborgs barndomsheim og diktarstove.

Gjennom utstillingar, undervisingsopplegg, arrangement og formidling vil senteret styrkja interessa for litteratur, nynorsk og norsk språkmangfald, og visa korleis Garborgane sine tankar framleis er aktuelle. Garborgsenteret har eit breitt pedagogisk tilbod for barnehagar, skular og vaksne, og arrangerer jamleg litteraturmøte, temakveldar og lokale kulturprosjekt. Litteraturfestivalen Garborgdagar, skrivekurs og samarbeid med regionale aktørar er viktige delar av verksemda. Senteret arbeider òg aktivt med digitale formidlingsløysingar og turnerande opplegg i regionen.



Teater Vestland feira Nynorskdagen med flagg 12. mai 2025. Foto: Teater Vestland.

Vedlegg

Skulemålet 2024–2026

Tabellen viser talet på kva hovudmål elevane i grunnskulen har og kor stor prosentdel som har nynorsk som hovudmål. «Andre» er elevar på internasjonale skular i Noreg der undervisinga skjer på andre språk enn norsk og samisk. Tal frå Grunnskolens Informasjonssystem (GSI).

	2024–2025	2025–2026
Bokmål	552 534	547 585
Nynorsk	70 889	68 843
Samisk	913	908
Andre	7033	7251
Samla	63 1369	62 4587
Nynorsk %	11,23	11,02

Nynorsk og bokmål i fylka 2024–2026

Tabellen viser talet på nynorskelevar og bokmålelevar i kvart fylke og kor stor prosentdel av norskelevane som har nynorsk som hovudmål. Tal frå Grunnskolens Informasjonssystem (GSI).

	2024–2025				2025–2026			
	BM	NN	Sum	% NN	BM	NN	Sum	% NN
Østfold	34 424	1	34 426	0,00 %	33 819	0	33 819	0,00 %
Akershus	90 975	3	90 978	0,00 %	90 226	1	90 227	0,00 %
Oslo	67 974	2	67 976	0,00 %	67 445	1	67 446	0,00 %
Innlandet	36 066	2756	38 822	7,10 %	35 402	2710	38 112	7,11 %
Buskerud	29 373	422	29 795	1,42 %	29 032	402	29 434	1,37 %
Vestfold	28 531	0	28 531	0,00 %	28 164	0	28 164	0,00 %
Telemark	17 520	1756	19 476	9,02 %	17 227	1610	18 837	8,55 %
Agder	37 229	1328	38 557	3,44 %	36 365	1308	37 673	3,47 %
Rogaland	49 932	13 614	63 546	21,42 %	49 360	13 240	62 600	21,15 %
Vestland	39 760	36 171	75 931	47,64 %	39 331	35 278	74 609	47,28 %
Møre og Romsdal	16 418	14 831	31 249	47,46 %	16 090	14 288	30 378	47,03 %
Trøndelag	53 764	4	53 768	0,01 %	52 934	3	52 937	0,01 %
Nordland	26 033	0	26 033	0,00 %	28 277	2	28 279	0,01 %
Troms	17 532	1	17 533	0,01 %	17 087	0	17 087	0,00 %
Finnmark	7003	0	7003	0,00 %	6826	0	6826	0,00 %
Sum	552 534	70 889	623 624	11,37 %	547 585	68 843	616 428	11,17 %

Lag og medlemstal i Noregs Mållag

LAG	2018	2019	2020	2021	2022	2023	2024	2025	ENDRING	
100 AUSTMANNALAGET	629	663	676	711	696	710	819	803	-16	-2,0 %
101 Nord-Østerdal dialekt- og mållag	22	39	44	37	36	37	34	34	0	0,0 %
102 Hadeland dialekt- og mållag	39	44	46	44	46	56	57	56	-1	-1,8 %
103 Elverum dialekt- og mållag*	15	16	16	17	14	22	15	15	0	0,0 %
104 Follidal Mållag	35	41	40	38	37	35	31	30	-1	-3,2 %
105 Lillehammer Mållag	52	52	53	68	67	71	76	74	-2	-2,6 %
106 Gjøvik og omland Mållag*	6	6	7	9	5	5	4	4	0	0,0 %
107 Hamar Dialekt- og Mållag	63	72	76	82	78	73	78	74	-4	-5,1 %
108 Mållaget Ivar Kleiven	118	118	114	119	120	119	134	136	2	1,5 %
111 Ringebru Mållag *(lagt ned -22)	4	3	3	3						
112 Gausdal Dialekt- og Mållag	49	48	51	51	48	49	80	81	1	1,3 %
113 Lom og Skjåk Dialekt- og Mållag	52	51	50	59	61	62	64	64	0	0,0 %
115 Toten dialekt- og mållag	32	29	31	33	33	32	39	42	3	7,7 %
116 Trysil Mållag	6	6	6	8	8	8	8	8	0	0,0 %
118 Odal Mållag *(lagt ned -22)	4	3	3	2						
119 Lesja og Dovre Dialekt- og Mållag	39	36	37	42	38	42	47	45	-2	-4,3 %
120 Fron Mållag	87	91	91	91	96	90	105	118	13	12,4 %
121 Solør dialekt- og mållag*							37	13	-24	-64,9 %
199 Direktemedl. Austmannalaget	6	8	8	8	9	9	10	9	-1	-10,0 %
200 VALDRES MÅLLAG	273	285	291	290	273	271	278	268	-10	-3,6 %
201 Etnedal Mållag	31	34	32	32	33	32	31	30	-1	-3,2 %
202 Nord-Aurdal Mållag	107	107	113	113	98	106	104	97	-7	-6,7 %
204 Sør-Aurdal dialekt- og mållag	26	24	26	29	27	26	27	28	1	3,7 %
205 Vang Mållag	50	50	50	49	50	45	48	48	0	0,0 %
206 Vestre Slidre Mållag	24	32	35	31	31	27	31	28	-3	-9,7 %
207 Øystre Slidre Dialekt- og Mållag	35	38	35	36	34	35	37	37	0	0,0 %
299 Direktemedl. Valdres Mållag	0	0	0	0	0	0	0	0		
300 BUSKERUD MÅLLAG	394	416	422	423	403	419	422	412	-10	-2,4 %
301 Drammen og Eiker Mållag	53	56	61	73	67	71	78	73	-5	-6,4 %
302 Gol Mållag	48	48	51	49	47	47	45	47	2	4,4 %
303 Hemsedal Mållag*	92	97	89	80	76	82	73	67	-6	-8,2 %
304 Hol Mållag *(inn i Ål Mållag)	34									
307 Numedal Mållag	46	55	61	65	60	60	62	54	-8	-12,9 %
308 Ål og Hol Mållag *(samanslegne 2019)	114	154	153	148	146	152	157	163	6	3,8 %
399 Direktemedl. Buskerud Mållag	7	6	7	8	7	7	7	8	1	14,3 %
400 FYLKESMÅLLAGET VIKVÆRINGEN	1492	1629	1689	1928	1894	2094	2183	2216	33	1,5 %
401 BUL Oslo	444	538	529	498	528	595	631	646	15	2,4 %
402 Bærum Mållag	92	118	122	138	138	158	173	178	5	2,9 %
405 Oslo mållag	562	565	623	812	761	851	896	903	7	0,8 %
406 Teatermållaget*	43	40	29	34	30	29	29	25	-4	-13,8 %
407 Asker Mållag	33	40	41	53	58	68	70	77	7	10,0 %
409 Øvre Romerike Mållag*	32	33	34	40	38	43	42	37	-5	-11,9 %
410 Ås Mållag	65	64	64	65	63	69	66	69	3	4,5 %
412 Lørenskog Mållag*	14	15	16	16	16	16	15	14	-1	-6,7 %
413 Follo Mållag	50	47	50	66	62	66	63	71	8	12,7 %
414 Sandefjord og Sandar Mållag	90	99	104	119	119	112	114	114	0	0,0 %
415 Nøtterø Mållag *(lagt ned -22)	1	1								
416 Bakkenteigen Mållag*	15	13	13	13	11	12	11	11	0	0,0 %
499 Direktemedl. Fylkesm. Vikværingen	7	7	7	7	6	6	6	6	0	0,0 %
9807 Skedsmo Mållag	44	49	57	67	64	69	67	65	-2	-3,0 %
500 TELEMARK MÅLLAG	502	516	533	523	521	544	546	553	7	1,3 %
501 Bø mållag*	79	81	81	85	74	77	74	69	-5	-6,8 %
502 Mållaget Dag	47	43	45	51	51	58	54	66	12	22,2 %
503 Drangedal Mållag*	22	21	18	17	17	17	16	16	0	0,0 %

Vedlegg

LAG	2018	2019	2020	2021	2022	2023	2024	2025	ENDRING		
504	Heddal/Notodden Mållag*	14	13	16	15	13	14	14	12	-2	-14,3 %
505	Hjartdal dialekt- og mållag*	26	26	27	29	29	32	32	28	-4	-12,5 %
506	Kviteseid Mållag	35	38	39	39	40	41	45	49	4	8,9 %
507	Lunde Mållag	6	13	17	14	13	13	18	22	4	22,2 %
508	Nes Mållag*	32	31	29	27	25	23	22	20	-2	-9,1 %
511	Seljord Mållag	44	44	44	42	43	47	45	47	2	4,4 %
512	Vinje Mållag	95	102	110	103	112	117	123	120	-3	-2,4 %
513	Tokke Mållag*	23	25	27	26	27	27	27	26	-1	-3,7 %
514	Tinn Dialekt- og Mållag*	27	26	27	24	21	19	20	20	0	0,0 %
515	Nissedal Mållag	44	45	45	43	48	51	48	49	1	2,1 %
516	Fyresdal Mållag*	5	5	5	5	5	5	5	6	1	20,0 %
599	Direktmedl. Telemark Mållag	3	3	3	3	3	3	3	3	0	0,0 %
600	AUST-AGDER MÅLLAG	293	294	294	304	290	290	304	296	-8	-2,6 %
601	Arendal dialekt- og mållag	48	49	48	46	43	37	40	42	2	5,0 %
602	Bygland Mållag*	46	49	49	51	50	46	46	46	0	0,0 %
603	Gjerstad Mållag*	17	20	16	18	16	17	18	18	0	0,0 %
605	Grimstad dialekt- og mållag	65	66	65	65	64	66	66	57	-9	-13,6 %
606	Valle Mållag	36	35	38	39	37	45	50	61	11	22,0 %
607	Vegusdal dialekt- og mållag*	12	10	10	9	9	9	7	8	1	14,3 %
608	Åmli Mållag*	25	22	22	24	22	22	22	22	0	0,0 %
609	Vegårshei Mållag	24	20	16	20	20	18	19	22	3	15,8 %
610	Bykle Mållag	18	19	19	17	14	15	18	17	-1	-5,6 %
699	Direktmedl. Aust-Agder Mållag	2	4	11	15	15	15	18	3	-15	-83,3 %
700	VEST-AGDER MÅLLAG	581	597	598	625	591	589	611	584	-27	-4,4 %
701	Lindesnes Ungdomslag*	74	74	74	76	74	77	77	75	-2	-2,6 %
702	Evje og Hornnes Mållag	40	41	42	41	41	39	61	52	-9	-14,8 %
703	Flekkefjord U.lag og Mållag	35	35	35	36	35	28	26	19	-7	-26,9 %
705	Iveland Mållag	21	19	15	17	15	16	15	13	-2	-13,3 %
706	Mållaget i Kristiansand	123	122	131	153	135	133	128	127	-1	-0,8 %
707	Kvinesdal Mållag*	19	19	20	20	17	18	22	23	1	4,5 %
708	Marnar Mållag	63	58	58	55	49	44	42	43	1	2,4 %
709	Songdalen Mållag*	22	20	27	26	24	24	23	28	5	21,7 %
710	Søgne Mållag	22	24	21	26	25	24	23	21	-2	-8,7 %
711	Vennesla Dialekt- og Mållag	23	26	25	23	24	29	28	29	1	3,6 %
712	Lista Mållag	52	59	50	48	55	58	61	53	-8	-13,1 %
713	Grindheim Mållag*	20	23	26	27	24	25	29	31	2	6,9 %
714	Åseral Mållag*	16	20	17	17	17	17	17	18	1	5,9 %
715	Sirdal Mållag*	21	18	18	19	19	18	20	19	-1	-5,0 %
716	Tingvatn Mållag*	14	22	21	20	18	17	16	14	-2	-12,5 %
717	Kvås Mållag*	13	15	16	19	17	20	20	17	-3	-15,0 %
799	Direktmedl. Vest-Agder Mållag	3	2	2	2	2	2	3	2	-1	-33,3 %
800	ROGALAND MÅLLAG	1131	1187	1272	1333	1287	1288	1369	1405	36	2,6 %
801	BUL Stavanger	103	130	128	115	118	108	119	123	4	3,4 %
802	Dalane Mållag	39	36	40	41	42	44	44	43	-1	-2,3 %
803	Finnøy M. *(inn i Stavanger M. -22)	12	12	16	16						
804	Forsand Mållag	19	18	18	19	19	18	21	24	3	14,3 %
805	Gjesdal Mållag*	62	60	63	66	65	63	68	72	4	5,9 %
806	Hjelmeland Mållag	87	79	72	74	67	64	65	64	-1	-1,5 %
807	Sandnes Mållag	106	101	107	114	108	109	119	120	1	0,8 %
808	Hå Mållag	49	43	54	61	63	64	69	69	0	0,0 %
809	Klepp Mållag *(inn i Jæren M. -20)	65	66								
811	Sauda Mållag	42	53	62	65	66	69	74	77	3	4,1 %
812	Sjernerøy M. *(inn i Stavanger M. -22)	11	10	10	10						
813	Stavanger Mållag	173	183	205	231	272	280	300	304	4	1,3 %
814	Strand Mållag	50	52	51	65	72	75	75	74	-1	-1,3 %
815	Suldal Mållag	90	114	129	128	113	106	117	121	4	3,4 %
816	Jæren Mållag	146	151	231	237	221	225	234	249	15	6,4 %
818	Sola Mållag	49	50	55	61	59	61	62	63	1	1,6 %

LAG	2018	2019	2020	2021	2022	2023	2024	2025	ENDRING	
819 Rennesøy M. *(inn i Stavanger M. -22)	26	28	30	29						
899 Direktemedl. Rogaland Mållag	2	1	1	1	2	2	2	2	0	0,0 %
900 KARMSUND MÅLLAG	479	498	498	542	529	554	568	569	1	0,2 %
901 Etne Mållag	64	59	66	66	66	61	64	67	3	4,7 %
902 Haugesund Mållag og U. lag	77	84	81	94	90	88	94	91	-3	-3,2 %
903 Karmøy Dialekt- og Mållag	60	75	74	87	81	90	89	91	2	2,2 %
904 Sveio Mållag	64	61	61	61	65	67	65	65	0	0,0 %
907 Skånevik Mållag*	40	40	40	44	40	47	44	43	-1	-2,3 %
909 Tysvær mållag	59	62	64	65	69	67	61	61	0	0,0 %
910 Vindafjord Mållag	86	84	75	85	82	94	95	92	-3	-3,2 %
911 Bokn Mållag	15	13	13	14	13	12	13	13	0	0,0 %
999 Direktemedl. Karmsund Mållag	14	20	24	26	23	28	43	46	3	7,0 %
1000 HORDALAND MÅLLAG	3075	3110	3258	3755	3596	3759	3903	3925	22	0,6 %
1001 Alversund Mållag	87	92	106	112	115	116	121	116	-5	-4,1 %
1002 Arna Mållag	62	66	76	89	79	78	89	98	9	10,1 %
1003 Bergen ungdomslag Ervingen	230	214	215	163	185	178	175	185	10	5,7 %
1005 Fana Mållag	100	101	101	128	123	113	121	130	9	7,4 %
1006 Kvinnherad Mållag	129	120	127	189	157	174	177	187	10	5,6 %
1007 Jondal Mållag	36	42	39	42	46	48	44	45	1	2,3 %
1008 Kvam Mållag	80	86	105	147	153	164	176	173	-3	-1,7 %
1009 Lindås Mållag*	51	51	52	54	49	52	52	52	0	0,0 %
1010 Odda Mållag	141	140	137	141	142	142	145	147	2	1,4 %
1011 Bjørnafjorden Mållag (før: Os Mållag)	92	94	133	159	148	163	161	163	2	1,2 %
1012 Osterfjorden Mållag*	45	43	44	40	38	41	38	36	-2	-5,3 %
1013 Stord Mållag	262	262	264	322	323	313	316	306	-10	-3,2 %
1014 Ulvik Mållag	37	35	37	41	42	51	56	55	-1	-1,8 %
1015 Voss Mållag	251	260	275	296	296	311	309	370	61	19,7 %
1017 Meland Mållag	77	79	81	90	96	95	96	91	-5	-5,2 %
1018 Osterøy Mållag	86	84	81	87	87	91	90	116	26	28,9 %
1019 Radøy Mållag	92	90	87	93	88	85	102	100	-2	-2,0 %
1020 Granvin Mållag*	7	7	6	9	5	4	7	8	1	14,3 %
1021 Ullensvang Mållag	142	146	153	151	148	157	164	159	-5	-3,0 %
1022 Austevoll Mållag	40	38	40	43	44	42	42	46	4	9,5 %
1023 Bømlo Mållag*	52	52	47	84	75	68	78	77	-1	-1,3 %
1024 Fitjar Mållag (inn i Stord M. -22)	15	28	25	33						
1025 Sotra Mållag	148	141	139	153	146	154	161	172	11	6,8 %
1026 Askøy Mållag	46	52	59	64	60	67	65	63	-2	-3,1 %
1028 Bergen Mållag	506	527	601	782	730	840	902	887	-15	-1,7 %
1029 Masfjorden Mållag*	27	25	26	31	26	30	31	31	0	0,0 %
1030 Samnanger Mållag*	12	10	11	13	12	11	12	10	-2	-16,7 %
1031 Eidfjord Mållag *(lagt ned -22)	3	4	4	4						
1032 Fusa Mållag *(inn i Bjørnafjorden M.)	31	30								
1033 Tysnes Mållag*	8	8	8	10	8	11	12	15	3	25,0 %
1034 Ølve Mållag *(lagt ned 2024)	96	93	91	90	84	79	73	0	-73	-100,0 %
1035 Vaksdal Mållag*	7	10	11	15	11	11	12	10	-2	-16,7 %
1036 Øygarden Mållag	30	26	28	30	37	39	44	44	0	0,0 %
1037 Ågotnes Mållag *(lagt ned -23)	2	11	9	11	9					
1099 Direktemedl. Hordaland Mållag	45	43	40	39	34	31	32	33	1	3,1 %
1100 SOGN OG FJORDANE MÅLLAG	1111	1171	1249	1434	1390	1444	1515	1486	-29	-1,9 %
1101 Hyllestad Mållag*	14	13	13	13	13	13	13	13	0	0,0 %
1105 Kyrkjebø Mållag	55	56	56	61	64	69	68	69	1	1,5 %
1106 Sogndal Mållag	140	144	240	273	259	277	285	281	-4	-1,4 %
1107 Balestrand M. *(inn i Sogndal M. -20)	34	34								
1108 Årdal Mållag*	21	22	22	25	25	25	29	27	-2	-6,9 %
1109 Lærdal Mållag	59	62	61	63	70	74	77	81	4	5,2 %
1110 Leikanger M. *(inn i Sogndal M. -20)	42	40								
1111 Luster Mållag*	72	76	81	81	77	81	86	85	-1	-1,2 %
1112 Vik Mållag	42	67	73	71	75	75	73	72	-1	-1,4 %

Vedlegg

LAG	2018	2019	2020	2021	2022	2023	2024	2025	ENDRING	
1115 Davik Mållag* (lagt ned -22)	3	3	3	4						
1116 Flora Mållag*	82	82	86	110	100	93	90	87	-3	-3,3 %
1117 Førde Mållag	128	133	146	192	186	199	218	217	-1	-0,5 %
1118 Nordfjordeid Mållag*	32	33	41	49	47	49	55	52	-3	-5,5 %
1119 Gloppen Mållag	116	115	126	152	149	158	172	166	-6	-3,5 %
1120 Stryn og Hornindal Mållag*	32	35	43	54	48	52	50	45	-5	-10,0 %
1121 Naustdal Mållag	62	66	68	71	69	70	68	70	2	2,9 %
1122 Ytre Nordfjord Mållag*	22	33	37	43	42	37	44	41	-3	-6,8 %
1123 Jølster Mållag	75	78	75	81	83	85	98	91	-7	-7,1 %
1124 Fjaler Mållag*	45	46	49	53	49	55	55	55	0	0,0 %
1125 Selje M. *(inn i Ytre Nordfjord M.)	4									
1199 Direktemedl. Sogn og Fjordane M.	31	33	29	38	34	32	34	34	0	0,0 %
1300 SUNNMØRE MÅLLAG	1012	1067	1133	1260	1274	1350	1396	1416	20	1,4 %
1301 Borgund Mållag	65	75	92	111	128	164	176	178	2	1,1 %
1302 Giske Mållag	38	36	35	40	52	52	58	65	7	12,1 %
1304 Hareid Mållag	121	125	127	142	134	138	133	125	-8	-6,0 %
1307 Ulstein Mållag	87	91	93	98	99	98	99	109	10	10,1 %
1309 Volda Mållag	126	135	154	175	173	184	194	195	1	0,5 %
1310 Skodje&Ørskog M. *(til Borgund -23)	33	38	39	41	34					
1311 Ørsta mållag	146	146	153	184	171	191	198	191	-7	-3,5 %
1312 Sykkylven Mållag	45	47	51	58	58	74	79	82	3	3,8 %
1313 Herøy Mållag	70	77	79	83	94	111	109	104	-5	-4,6 %
1314 Vanylven Mållag	42	43	45	51	50	51	56	54	-2	-3,6 %
1315 Indre Storfjord mållag	35	37	37	41	42	44	42	49	7	16,7 %
1316 Sula Mållag	42	45	46	43	44	44	49	49	0	0,0 %
1317 Haram Mållag*	59	56	62	71	71	71	68	61	-7	-10,3 %
1318 Sande Mållag*	48	50	48	47	47	44	45	45	0	0,0 %
1319 Stranda Mållag	46	57	62	66	70	77	83	102	19	22,9 %
1399 Direktemedl. Sunnmøre Mållag	9	9	10	9	7	7	7	7	0	0,0 %
1400 ROMSDAL MÅLLAG	236	256	265	279	272	281	289	298	9	3,1 %
1401 Molde Mållag	78	88	88	90	91	96	101	102	1	1,0 %
1403 Aukra Mållag*	8	16	17	17	16	17	17	19	2	11,8 %
1404 Vestnes Mållag	32	32	33	35	35	37	39	41	2	5,1 %
1406 Hustadvika Mållag	61	65	65	67	72	79	81	80	-1	-1,2 %
1408 Rauma Mållag	48	47	55	62	56	50	49	54	5	10,2 %
1411 Nesset Mållag *(lagt ned -22)	7	7	6	6						
1499 Direktemedl. Romsdal Mållag	2	1	1	2	2	2	2	2	0	0,0 %
1500 NORDMØRE MÅLLAG	282	298	302	305	295	290	290	291	1	0,3 %
1501 Aure Mållag*	26	26	24	27	29	27	25	22	-3	-12,0 %
1503 Fosna Mållag	23	25	24	30	29	32	37	39	2	5,4 %
1504 Gjemnes Mållag	51	53	51	47	45	49	50	44	-6	-12,0 %
1505 Surnadal Heimbygdlag	44	49	50	48	59	60	60	57	-3	-5,0 %
1508 Sunndal Mållag	68	74	77	77	79	74	75	81	6	8,0 %
1509 Rindal Heimbygdlag *(lagt ned -22)	20	21	20	20						
1510 Tingvoll Mållag	27	28	31	30	30	25	22	23	1	4,5 %
1511 Halså Heimbygdlag	19	17	18	19	17	17	14	16	2	14,3 %
1599 Direktemedl. Nordmøre Mållag	4	5	7	7	7	6	7	9	2	28,6 %
1600 TRØNDERLAGET	481	488	499	578	566	582	611	595	-16	-2,6 %
1601 Levanger Mållag	58	57	59	67	66	64	71	71	0	0,0 %
1603 Hemne Mållag *(lagt ned -22)	3	3	1	1						
1604 Inderøy Mållag	38	38	36	36	35	34	34	32	-2	-5,9 %
1609 Nidaros Mållag	167	167	183	235	230	242	252	249	-3	-1,2 %
1612 Rennebu Mållag*	15	17	17	19	19	19	21	19	-2	-9,5 %
1615 Skaun Mållag*	33	31	35	35	35	35	37	35	-2	-5,4 %
1617 Mållaget Snåsnningen *(lagt ned -22)	0	3	3	5						
1618 Mållaget Sparbyggjen	31	29	29	28	28	28	29	27	-2	-6,9 %
1619 Steinkjer Mållag	26	27	27	25	31	32	37	35	-2	-5,4 %

LAG	2018	2019	2020	2021	2022	2023	2024	2025	ENDRING	
1620 Stjørdal Mållag	20	14	16	27	25	27	26	26	0	0,0 %
1622 Verdal Mållag*	14	18	15	16	15	16	16	16	0	0,0 %
1625 Orkdal Mållag*	27	27	27	32	32	33	33	35	2	6,1 %
1627 Ogn dal Mållag *(lagt ned -22)	0	1	1	1						
1628 Melhus Mållag	20	26	23	24	26	28	29	25	-4	-13,8 %
1629 Sørfosen språk- og dialektlag*	7	8	7	7	7	6	6	6	0	0,0 %
1699 Direktemedl. Trønderlaget	22	22	20	20	17	18	20	19	-1	-5,0 %
1800 NORDLAND MÅLLAG*	46	48	57	64	61	69	90	109	19	21,1 %
1802 Salten Mållag	29	29	38	39	36	43	47	47	0	0,0 %
1803 Bø Bygdslag *(lagt ned -22)	4	3	4	4						
1809 Andøy Mållag *(lagt ned -22)	1	1	1	1						
1810 Lofoten og Vesterålen Mållag		2	2	6	10	11	15	22	7	46,7 %
1811 Nesna Mållag							16	29	13	81,3 %
1899 Direktemedl. Nordland Mållag	12	13	12	14	15	15	12	11	-1	-8,3 %
1900 TROMS OG FINNMARK MÅLLAG	237	238	238	262	254	275	275	271	-4	-1,5 %
1902 Lenvik Mållag *(lagt ned -22)	1	1	1	1						
1903 Målselv Mållag	41	41	36	35	35	34	33	33	0	0,0 %
1904 Tromsø Mållag	95	96	104	122	118	132	128	125	-3	-2,3 %
1905 Balsfjord Mållag	18	19	18	18	18	20	19	19	0	0,0 %
1907 Nordreisa Mållag *(lagt ned -22)	3	4	4	4						
1909 Alta Mållag*	8	8	6	7	9	11	12	12	0	0,0 %
1910 Varanger Mållag	41	38	37	42	40	41	45	42	-3	-6,7 %
1911 Harstad og omland Mållag	24	25	27	27	27	30	31	33	2	6,5 %
1999 Dir.medl. Troms og Finnmark M.	6	6	5	6	7	7	7	7	0	0,0 %
2200 ØSTFOLD MÅLLAG	163	174	167	189	184	189	194	191	-3	-1,5 %
2201 Fredrikstad Mållag	85	81	79	82	78	83	85	87	2	2,4 %
2202 Sarpsborg Mållag	21	27	25	31	29	31	30	28	-2	-6,7 %
2203 Indre Østfold Mållag	37	37	35	43	42	41	42	41	-1	-2,4 %
2204 Moss Mållag	19	28	27	33	35	34	37	35	-2	-5,4 %
2299 Direktemedl. Østfold Mållag	1	1	1	0	0	0	0	0		
9700 YRKESMÅLLAGA	490	501	507	502	504	522	549	591	42	7,7 %
9701 Løvebakken Mållag*	12	13	24	33	33	32	34	36	2	5,9 %
9702 Medisinsk Mållag	109	105	104	99	96	99	117	115	-2	-1,7 %
9703 Juristmållaget	117	124	123	123	125	120	121	121	0	0,0 %
9706 Noregs Forretningsmållag*	4	4	3	3	3	3	3	3	0	0,0 %
9707 Noregs Lærarmållag	106	108	110	104	106	116	116	118	2	1,7 %
9710 Mediemållaget	107	111	110	107	107	111	115	117	2	1,7 %
9711 Kyrkjemållaget*	1	1	1	1	1	1	1	34	33	100,0 %
9712 Landbruksmållaget*	9	10	10	10	9	10	12	15	3	25,0 %
9713 Trafikk lærarm. *(lagt ned -22)	1	1	1	1						
9714 Mållaget i LO-administrasjonen	24	24	21	21	24	30	30	32	2	6,7 %
9800 BEINVEGES INNMELDE LAG	79	82	133	141	134	123	123	133	10	8,1 %
9809 Vefsn Mållag	46	46	45	52	50	52	49	54	5	10,2 %
9812 Senjamållaget	33	36	41	43	41	32	33	34	1	3,0 %
9813 Naumdøla Mållag *(fylkeslag til -20)	(47)	(41)	47	46	43	39	41	45	4	9,8 %
9950 Direktemedl. i NM	17	22	23	35	32	39	43	44	1	2,3 %
9998 NOREGS MÅLLAG u/ NMU	13050	13581	14104	15483	15046	15682	16378	16456	78	0,5 %
9999 NOREGS MÅLLAG m/ NMU	14624	15051	15559	16785	16300	17002	17557	17862	305	1,7 %

* Disse laga er anten for små (under 10 medlemmer) eller har ikkje levert årsmelding dei tre siste åra. Medlemstala for laga som er med i både Noregs Ungdomslag og Noregs Mållag gjeld berre medlemmer over 14 år

Reiseliste

2024

Dato	Stad	Kva	Kven
24.04	digitalt	Møte med Nynorsk kultursentrum om randsonarbeid og samarbeid	Kven
26.04	Hamar	Seminar om Nynorsk i skolane, i regi av Jens Haugan	Endresen, Arnøy
26.04	Aasentunet	Barnehageseminar	Arnøy
07.05	Oslo	Pressekonferanse på Det Norske Teatret om ekstraløyving frå Kulturdepartementet	Lothe
15.05	Asker	Årsmøte Asker Mållag	Hauge
19.05	Karasjok	Møte md sametingsråd for språk og utdanning	Knudsen
20.05	Oslo	Møte med Det Norske Teatret om samarbeid	Hauge, Endresen
26.05	Oslo	Årsmøte i studieforbundet Kultur og tradisjon	Mikkelsen, Grov, Kildal
27.05	Oslo	Årsmøte i Frivillighet Norge	Mikkelsen
31.05	Meland	Gravferd for Haakon Aase	Endresen
02.–03.06	Sotra	Landsting i Landssamanslutninga av nynorskkommunar	Bjørnstad, Arnøy
04.06	Ålesund	Møte med Spjelkavik og Blindheim skular om parallellklassar og målbyte	Hauge, Endresen, Arnøy
05.06	digitalt	Møte med Nynorsk kultursentrum, Nynorsksenteret og LNK om nynorskstafetten	Arnøy
06.06	Ørsta	Møte i Nynorsk forum, eit samarbeidsorgan mellom nynorskinstitusjonane og -organisasjonane	Endresen, Arnøy
06.–08.06	Ørsta	Dei nynorske festspela	Endresen
12.06	Oslo	Samtale med Deloitte om synet vårt på tilskotsordninga for læremiddel på små fagområde	Endresen, Arnøy, Lothe
12.–15.08	Arendal	Arendalsuka, inkl. eiga tilskiping	Endresen, Mikkelsen
26.08	Fagernes	Lokallagsseminar i Valdres Mållag	Hauge, Bjørnstad, Endresen, Lothe, Knudsen
28.08	Norfjoreid	Nynorsk næringslivspris til opplæringskontoret Nordfjordkompaniet	Bjørnstad
30.08	digitalt	Møte med Nynorsk kultursentrum, Nynorsksenteret, LNK og NMU om nynorskstafetten	Waagan
09.09	Oslo	Styremøte i Akademifondet	Endresen, Arnøy
11.09.	Oslo	Møte med teatersjef og direktør på Det Norske Teatret om samarbeid	Endresen
11.09		Møte med samarbeidsorganisasjonane om nynorskstafetten	Hauge
14.09	Langevåg	Leiarsamling i Sunnmøre Mållag	Arnøy
24.–25.09	Oslo	Møte og seminar i Nynorsk forum	Waagan
28.09	Nordkjosbotn	Lagssamling i Troms og Finnmark fylkesmållag	Hauge, Endresen
29.09	Geiranger	Fossevandring i Geiranger i regi av Stranda Mållag	Arnøy
08.10	Asker	Haustrafest i Asker Mållag	Bjørnstad
09.10	Oslo	Jurymøte for Årets nynorsk kommune	Endresen
14.10	Oslo	Møte med statsråd Oddmund Hoel om lærarutdanning og KI/språkmodellar	Endresen
15.10	digitalt	Møte med KS Vestland om læremiddel på nynorsk for vaksne innvandrarak	Hauge, Endresen
16.10	Sauda	Målferd Sauda vgs	Endresen
16.10	Sauda	Møte med skulane og barnehagane i kommunen	Arnøy
16.10	Sauda	Ope lagsmøte i Sauda Mållag	Arnøy
17.10	Vikeså	Møte med Vikeså skule	Arnøy
18.10	Flåm	Opning av Nynorske litteraturdagar i Aurland	Lothe
18.10	Oslo	Budsjett høyring i familie- og kulturkomiteen	Hauge og Knudsen
19.10	Ose	Lagssamling for mållaga på Agder	Arnøy

21.10	Oslo	Utdeling Årets nynorskkommune	Endresen
24.10	Trondheim	Premiere på Aasen-musikal	Hauge, Tørset, Natvik
02.11	Seljord	Lagssamling i Telemark Mållag	Aasen
02.11	Bergen	Lagssamling Hordaland Mållag	Bjørnstad, Arnøy
07.11	Odda	Diverse møte med skuleleiingar og lokallag	Hauge
08.11	Bergen	Nynorsksamling i regi av Gulating lagmannsrett	Hauge
13.–15.11	Barcelona	Konferanse i Network to promote linguistic diversity	Hauge, Endresen
19.11	Vestnes	Lagssamling i Romsdal Mållag	Waagan
27.11	Moss	Medlemsmøte i Moss Mållag	Arnøy
10.12	Tysvær	Møte med Frakkagjerde ungdomsskole om nynorsk parallellklasse	Arnøy
10.12	Haugesund	Møte med Lillesund skole om bruk av nynorske læringsressursar	Arnøy
11.12	Haugesund	Møte med Førde barnehage	Arnøy
11.12	Sveio	Møte med Sveio skule	Arnøy
11.12	Tysvær	Møte med Førland barnehage og Førland skule	Arnøy
12.12	Tysvær	Møte med Veavågen skule	Arnøy
12.12	Karmøy	Samtale med Karmøy Frp	Arnøy
12.12	Oslo	Møte med NRK og kringkastingssjefen	Hauge, Endresen
2025			
07.01	digitalt	Møte med arbeidsgruppa for privatskulen Jotunheimen vgs	Hauge, Lothe
16.01	digitalt	Møte med Studieforbundet kultur og tradisjon om nynorskbruk hjå dei	Endresen, Knudsen
21.01	Sandvika	Årsmøte i Bærum Mållag	Arnøy
26.01	Hjerkind	Innleiing på vinterleir i Norsk Målungdom	Bjørnstad
27.01	Oslo	Møte med Frivillighet Norge om å leggja til rette for nynorsk for medlemene	Hauge, Knudsen
27.01	Oslo	Møte med Humanetisk forbund om bruk av nynorsk hjå dei	Hauge, Knudsen
27.01	Oslo	Møte med Manon Davies frå det walisiske språkrådet	Hauge, Bjørnstad, skriarstova
29.01	Mo i Rana	Møte med Vefsn Mållag	Arnøy
30.01	Nesna	Oppattskiping av Nesna Mållag	Arnøy
30.01	Oslo	Toppleiarforum Frivillighet Norge	Endresen
03.02	digitalt	Møte med Alver og Øygarden Mållag om vaksenopplæringa	Arnøy
04.02	Oslo	Skule- og utdanningspolitisk seminar på Stortinget	Arnøy
05.02	Sula	Møte med Sula Mållag	Arnøy
06.02	Ålesund	Møte med foreldre om nynorskklasser på ungdomsskulen	Arnøy
07.02	Sunndal	Møte med Sunndal ungdomsskole om nynorskklasser	Arnøy
07.02	Ålvundfjord	Møte med Ålvundfjord skule om nynorskklasser	Arnøy
08.02	Stangvik	Lagssamling Nordmøre Mållag	Arnøy
10.02	digitalt	Møte med KS Vestland om samarbeid om nynorsksaker	Hauge, Endresen
12.02	Sandnes	Årsmøte i Sandnes Mållag	Bjørnstad
13.02	Randaberg	Verveseminar med Rogaland Mållag	Bjørnstad
14.02	digitalt	Møte med valnemnda i Austmannalaget	Lothe
23.02	Odda	Årsmøte og ope møte i Odda Mållag	Bjørnstad
24.02	Voss	Årsmøte i Voss Mållag	Bjørnstad, Grov
26.02	Molde	Møte med laga i Romsdal Mållag	Hauge
26.02	Molde	Årsmøte i Molde Mållag	Hauge
26.02	Gran	Årsmøte i Hadeland dialekt- og mållag	Aasen
27.02	Fredrikstad	Årsmøte i Fredrikstad Mållag	Aasen
04.03	Oslo	Årsmøte i Fylkesmållaget Vikværingen	Aasen

Vedlegg

05.03	Herøy	Årsmøte i Herøy Mållag	Waagan
05.03	Radøy	Årsmøte og verveseminar i Radøy Mållag	Bjørnstad
05.03	Oslo	Møte med statssekretær Trude Storheim i Kulturdepartementet om Google og skriveprogram	Hauge
05.03	Oslo	Møte med Forleggerforeningen	Hauge
12.03	Sandane	Årsmøte i Gloppen Mållag	Lothe
13.03	Etne	Årsmøte i Karmsund Mållag	Bjørnstad
15.03	Lunde	Årsmøte i Telemark Mållag	Endresen
18.03	Oslo	Møte i arbeidsgruppe i Nynorsk forum om Arendalsuka	Endresen
18.03	Dovre	Årsmøte i Lesja og Dovre dialekt- og mållag	Bjørnstad
22.03	Fosnavåg	Årsmøte i Sunnmøre Mållag	Sætre
22.03	Skei	Årsmøte i Sogn og Fjordane Mållag	Lothe
22.03	Fagernes	Årsmøte i Valdres Mållag	Arnøy
24.03	Gardermoen	Oppattskipingsmøte i Landbruksmållaget	Aasen
27.03	Oslo	Toppleiarforum Frivillighet Norge	Endresen
29.03	Elverum	Årsmøte i Austmannalaget	Luvåsen
29.03	Børsa	Årsmøte i Trønderlaget	Arnøy
31.03	Oslo	Årsmøte i Juristmållaget	Aasen
03.04	skrivarstova	Møte med estiske studentar og innleiing om målreisinga	Arnøy
04.–06.04	Drammen	Helsing til landsmøtet i Norsk Målungdom	Mikkelsen
05.04	Tromsø	Årsmøte i Troms og Finnmark Mållag	Arnøy
05.–06.04	Sotra	Årsmøte i Hordaland Mållag	Hauge
24.04	Oslo	Rundebordsseminar om læremiddel i høgare utdanning	Mikkelsen
24.04	Oslo	Fosse-føredraget	Hauge, Endresen
25.04	Hamar	Nynorskseminaret ved Jens Haugan	Arnøy
29.04	Oslo	Seminar: Kva språk lærer ein best på	Mikkelsen
08.05	Oslo	Møte med kulturfraksjonen i Arbeidarpartiet	Hauge, Mikkelsen
09.05	Oslo	Forum for nynorsk i opplæringa	Arnøy
19.05	Karasjok	Møte med sametingsråd for språk og utdanning	Hauge, Endresen
20.05	Oslo	Møte med Det Norske Teatret om samarbeid	Grov, Mikkelsen, Kildal
26.05	Oslo	Årsmøte i studieforbundet Kultur og tradisjon	Mikkelsen
27.05	digitalt	Årsmøte i Frivillighet Norge	Endresen
02.–03.06	Sotra	Landstinget i LNK	Hauge, Endresen, Arnøy
12.06	Ørsta	Møte i Nynorsk forum	Hauge, Endresen
12.–15.06	Ørsta	Dei nynorske festspela	Styret, Endresen, Lothe
13.06	Ørsta	Utdeling av Nynorsk litteraturpris og Nynorsk barnelitteraturpris ved Live Havro Bjørnstad	Styret, Endresen, Lothe
19.06	Oslo	Gravferd for Olaf Almenningen	Aasen, Endresen
25.06	Førde	Utdeling av nynorsk næringslivspris	Waagan, Endresen, Lothe
25.07	Voss	Gravferd for Aslak Helleve	Bjørnstad
30.07	Årdal	Gravferd for Steinar Læg Reid	Lothe
10.–13.08	Arendal	Arendalsuka med tilskiping og aksjon	Hauge, Bjørnstad, Grov, Lothe, Kildal, Arnøy
20.08	Bergen	Valdebatt med dei politiske partia i regi av Hordaland Mållag	Hauge
27.08	Fagernes	Styremøte i Valdres Mållag med lokallagsleiarar	Endresen
28.08	Voss	Mål- og litteraturkafeen Johannes, panelsamtale i regi av Voss Mållag	Bjørnstad, Grov
02.09	Ås	Ope møte i Ås Mållag med forfattar Leif Høg haug	Aasen
09.09	Oslo	Inspirasjonsdag for lærarar på Det Norske Teatret	Endresen, Arntsen, Mikkelsen
13.09	Bergen	125-årsjubileet til Bergens riksmålsforening	Hauge, Bjørnstad
14.09	Bergen	Lanseringsfest for boka Medisinsk journalføring	Bjørnstad
23.09	Oslo	Møte og seminar i Nynorsk forum	Hauge, Endresen
27.09	Geiranger	Jubileumsmarkering Nynorsk salmebok	Sætre
15.10	digitalt	Møte i styringsgruppa for prosjektet Meir mål på Jæren	Arnøy
18.10	Oslo	Utdeling av Målprisen 2025 til Ottar Grepstad	styret, skrivarstova

18.-19.10	Oslo	Hautseminar i Noregs Mållag, Nynorskens Hus	styret, skrifvarstova
19.10	Kyrkjebø	100-årsjubileum for Kyrkjebø Mållag	Solberg
19.10	Arna	Tekstlesing på salmebokjubileumsgudsteneste Arna kyrkje, sendt på NRK	Hauge
25.10	Askøy	100-årsjubileum for Askøy Mållag	Aasen
29.10	Oslo	Utdeling av Nynorsk næringslivspris 2025 til Kattnakken	Waagan, skrifvarstova
30.10	Oslo	Høyring i kulturkomiteen om statsbudsjett	Hauge, Endresen
01.11	Tingvoll	Hautseminar Nordmøre Mållag	Tørset
02.11	Bergen	Lokallagsseminar Hordaland Mållag	Bjørnstad, Arnøy
13.11	Sandane	Målkafe i Gloppen Mållag og Firda Målungdom	Lothe
04.11	Oslo	Høyring i utdanningskomiteen om statsbudsjett	Hauge
20.11	Bryne	Møte i styringsgruppa for prosjektet Meir mål på Jæren	Endresen
22.-23-11	Oslo	Samling for unge vaksne	Luvåsen, Havro Bjørnstad, Sætre, Natvik, Lothe, Grov, Mikkelsen, Kildal
27.11	Oslo	Konferanse om læremiddel i skulen	Mikkelsen
01.12	Oslo	Møte med Langory, læringsressursprodusent med nynorskskilbod	Endresen
04.12	Oslo	Møte med Easymet, digital møtestyringsløysing	skrifvarstova
2026			
27.01	digitalt	Møte med lærarmållaget om nytt arbeidsprogram	Bjørnstad
31.01	Alversund	70-årsjubileum for Alversund Mållag	Bjørnstad
